43	JB	Ingvaldstadfjellet ved Valavatnet	Hjelmeland	Kystlynghei	D07	MB	O2	B	LL 383 635	2006
44	JB	Jøsenfjorden: Ramslia	Hjelmeland	Høstingsskog	D18	BN	O2	A	LL 496 786	2006
45	JB	Jøsenfjorden: Ytre Eidane	Hjelmeland	Naturbeitemark	D04	BN	O2	A	LL 457 760	2006
46	JB	Jøsenfjorden: Ytre Eidane, småbiotop	Hjelmeland	Småbiotoper	D11	BN	O2	A	LL 458 760	2006
47	JB	Jøsenfjorden: Østerhus (1)	Hjelmeland	Naturbeitemark	D04	SB	O2	C	LL 539 793	2006
48	JB	Jøsenfjorden: Østerhus (2)	Hjelmeland	Naturbeitemark	D04	SB	O2	C	LL 535 791	2006
49	JB	Jøsenfjorden: Østerhus (3)	Hjelmeland	Artsrik veikant	D03	SB	O2	A	LL 533 791	2006
50	JB	Måland	Hjelmeland	Hagemark	D05	SB	O2	A	LL 393 557	2006
51	JB	Målandsdalen	Hjelmeland	Naturbeitemark	D04	SB	O2	B	LL 398 561	2006
53	JB	Nord for Kvamme	Hjelmeland	Naturbeitemark	D04	SB	O2	B	LL 400 700	2006
55	JB	Tysdal: Kvalåsen	Hjelmeland	Kystlynghei	D07	SB	O2	B	LL 376 545	2006
56	JB	Aust for Øvrabø	Hå	Slåtte- og beitemyr	D02	SB	O2	A	LK 204 926	2006
57	JB	Moivikka, austre del (Moikleiva)	Hå	Kystlynghei	D07	BN	O3h	A	LL 161 869	2006
58	JB	Moivikka, vestre del	Hå	Naturbeitemark	D04	BN	O3h	B	LL 155 865	2006
59	JB	Ogna	Hå	Småbiotoper	D11	BN	O3h	A	LK 126 918	2006
60	JB	Tuve/Hundamyra	Hå	Naturbeitemark	D04	BN	O3h	A	LL 151 871	2006
62	JB	Ved Vandavatnet, vestre myr	Hå	Slåtte- og beitemyr	D02	BN	O3h	C	LL 106 002	2006
63	JB	Fuglestad	Hå	Naturbeitemark	D04	BN	O3h	C	LL 131 952	2006
64	JB	Moifjellet	Hå	Naturbeitemark	D04	BN	O3h	B	LL 165 865	2006
65	JB	Ognadalens-Hellvik	Hå/Eigersund	Kystlynghei	D07	SB/BN	O3h	A	LK 190 920	2006
66	JB	Austnes, midtre del	Karmøy	Kystlynghei	D07	BN	O3t	A	KL 935 775	2006
67	JB	Dybting: Fuglåsen	Lund	Kystlynghei	D07	SB	O2	C	LK 432 857	2006
68	JB	Askje: Haraldhaugen S	Rennesøy	Kystlynghei	D07	BN	O3t	B	LL 091 517	2006
69	JB	Askje: Kalhagnes	Rennesøy	Naturbeitemark	D04	BN	O3t	B	LL 100 532	2006
70	JB	Askje: Vaulen	Rennesøy	Strandeng og strandsump	G05	BN	O3t	B	LL 098 532	2006
71	JB	Askje: vestsida av Askjeberget	Rennesøy	Naturbeitemark	D04	BN	O3t	A	LL 096 524	2006
72	JB	Brimse: beitemark i nord	Rennesøy	Naturbeitemark	D04	BN	O3h	A	LL 166 541	2006
73	JB	Brimse: beitemark i nordaust	Rennesøy	Naturbeitemark	D04	BN	O3h	B	LL 167 540	2006

Loknr:	fra:	Lokalitetsnavn:	Kommune:	Naturtype	Kode	Vegetasjons-sone:	Vegetasjons-seksjon:	Verdi:	UTM (WGS84):	Registr. år
74	BJJ	Brimse: beitemark i sør	Rennesøy	Naturbeitemark	D04	BN	O3h	B	LL 175 533	2006
75	BJJ	Brimse: beitemark i søraust	Rennesøy	Naturbeitemark	D04	BN	O3h	A	LL 180 533	2006
79	BJJ	Brimse: kalkrike knausar i gjødsla beitemark i nord	Rennesøy	Småbiotoper	D11	BN	O3h	A	LL 165 540	2006
81	BJJ	Brimse: Kovaholmen	Rennesøy	Naturbeitemark	D04	BN	O3h	A	LL 164 541	2006
82	BJJ	Brimse: myr i aust	Rennesøy	Slåtte- og beitemyr	D02	BN	O3h	B	LL 175 536	2006
83	BJJ	Brimse: myr i vest	Rennesøy	Slåtte- og beitemyr	D02	BN	O3h	B	LL 172 534	2006
85	BJJ	Rennesøy: Låder aust	Rennesøy	Naturbeitemark	D04	BN	O3t	A	LL 049 582	2006
86	BJJ	Rennesøy: Låder vest	Rennesøy	Naturbeitemark	D04	BN	O3t	B	LL 047 582	2006
90	BJJ	Kjosavik, sørvestre delen	Sandnes	Naturbeitemark	D04	SB	O2	B	LL 216 289	2006
91	BJJ	sør for Froylandsvatnet	Sandnes	Rikmyr	A05	BN	O2	B	LL 194 338	2006
92	BJJ	sør for Nuten	Sandnes	Naturbeitemark	D04	SB	O2	A	LL 259 258	2006
93	BJJ	Tengesdal	Sandnes	Kystlynghei	D07	SB	O2	A	LL 235 292	2006
95	BJJ	Kro	Sauda	Slåttemark	D01	SB	O2	B	LM 492 072	2006
96	BJJ	Røddåsane	Sauda	Beiteskog	D06	SB	O2	B	LM 473 158	2006
97	BJJ	Slettedalsvatnet, søraustsida: Liastølen	Sauda	Naturbeitemark	D04	NB	O2	C	LM 595 231	2006
98	BJJ	Slettedalsvatnet, sørvestsida: Storestølen	Sauda	Naturbeitemark	D04	NB	O2	C	LM 581 222	2006
99	BJJ	Slettedalsvatnet, vestsida: Liastølen	Sauda	Naturbeitemark	D04	NB	O2	C	LM 586 241	2006
100	BJJ	Svandal	Sauda	Naturbeitemark	D04	SB	O2	C	LM 449 133	2006
102	BJJ	Veitrus	Sauda	Naturbeitemark	D04	SB	O2	C	LM 499 087	2006
103	BJJ	Åbødalen: Bakka	Sauda	Høstingsskog	D18	SB	O2	B	LM 505 192	2006
104	BJJ	Froastølen (ved Mosvatnet)	Suidal	Naturbeitemark	D04	NB	O3h	C	LL 551 884	2006
105	BJJ	Hjortaland	Suidal	Høstingsskog	D18	SB	O2	B	LL 549 846	2006
106	BJJ	Kalberg: Revholen	Time	Naturbeitemark	D04	BN	O3h	C	LL 116 206	2006
107	BJJ	Kalberg: vest for Stutafell	Time	Kystlynghei	D07	BN	O3h	C	LL 129 199	2006
108	BJJ	Mossige, vest for Mossige sag	Time	Slåtte- og beitemyr	D02	BN	O3h	B	LL 095 097	2006
109	BJJ	Sikvaland-Snorestad, mellom tide- gare avgrensa heiområde	Time	Kystlynghei	D07	SB	O3h	A	LL 170 110	2006
110	BJJ	Taksdalsvatnet	Time	Naturbeitemark	D04	SB	O3h	B	LL 140 115	2006
111	BJJ	Ulvarudla ved Littamoset, nord for Kartavoll-Mellomstrand	Time	Kystlynghei	D07	SB	O3h	A	LK 170 055	2006
112	BJJ	Austerøy	Tysvær	Kystlynghei	D07	BN	O3t	A	KL 974 771	2006
113	BJJ	Vesterøy lynghei	Tysvær	Kystlynghei	D07	BN	O3t	A	KL 966 775	2006
114	BJJ	Vesterøy, innmark	Tysvær	Hagemark	D05	BN	O3t	B	KL 968 771	2006

Loknr:	fra:	Lokalitetsnavn:	Kommune:	Naturtype	Kode	Vegetasjons-sone:	Vegetasjons-seksjon:	Verdi:	UTM (WGS84):	Registr. år
115	JBJ	Austremarka, nordaustre del vest for Sørevågen	Utsira	Naturbeitemark	D04	BN	O3t	A	KL 675 825	2006
116	JBJ	Vestremarka	Utsira	Naturbeitemark	D04	BN	O3t	A	KL 655 805	2006
117	JBJ	Hellandsmyr 1	Utsira	Naturbeitemark	D04	BN	O3t	A	KL 645 815	2006
1	AL	Hellandsmyr 2	Time	Kystmyr	A08	SB	O2	A	LL 12, 06	2005
2	AL	Hellandsmyr 3	Time	Kystmyr	A08	SB	O2	A	LL 12, 06	2005
3	AL	Hellandsmyr 4	Time	Naturlig fiske-tomme innsjør og tjern	E10	SB	O2	A	LL 12, 06	2005
5	AL	Sør for Hellandsmarkene	Time	Kystmyr	A08	SB	O3	A	LL 12, 06	2005
6	AL	Fløyfjord-Ulvardua	Time	Kystlynghei	D07	SB	O3	A	LL 15-18, 05-07	2005
7	AL	Little Undheim - Rissstølen	Time	Kystlynghei	D07	SB	O3	A	LL 15-18, 11-13	2005
8	AL	Røynaas	Time	Naturbeitemark	D04	SB	O3	C	LL 14-15, 15-17	2005
9	AL	Berge	Forsand	Hagemark	D05	BN	O2	B	LL 334, 334	2005
10	AL	Rettedal - Oaland	Forsand	Bjørkeskog med høgstauder	F04	SB	O2	B	LL 373, 321	2005
11	AL	Fossmark	Forsand	Hagemark	D05	SB	O2	B	LL 412,405	2005
12	AL	Bønardalen 1, ved avkjørsla til den nest øvre garden	Hjelmeland	Naturbeitemark	D04	SB	O2	A	LL 412, 614	2005
13	AL	Bønardalen 2, ved avkjørsla til den øvre garden	Hjelmeland	Hagemark	D05	SB	O2	A	LL 415, 613	2005
14	AL	Åse	Hjelmeland	Bjørkeskog med høgstauder	F04	SB	O2	B	LL 494, 594	2005
15	AL	Valskår	Suldal	Naturbeitemark	D04	SB	O2	B	LM 559, 031	2005
16	AI	Li	Suldal	Hagemark	D05	SB	O2	A	LM 548, 026	2005
17	AI	Hylen	Suldal	Slåttemark	D01	SB	O2	A	LM 644, 050	2005
18	AL	Røynevarden	Suldal	Slåttemark	D01	SB	O2	B	LM 738, 094	2005
19	AL	Ringhagen	Sauda	Naturbeitemark	D04	SB	O2	C	LM 492, 153	2005
20	AL	Hustveit, Jonegarden	Sauda	Slåttemark	D01	SB	O2	A	LM 457, 068	2005

Loknr:	fra:	Lokalitetsnavn:	Kommune:	Naturtype	Kode	Vegetasjons-sone:	Vegetasjons-seksjon:	Verdi:	UTM (WGS84):	Registr. år
21	AL	Eikjekraksmyra, Stakkestad	Tysvær	Kystmyr	A08	BN	O3	A	KL 965, 960	2005
22	AL	Littletemmen	Tysvær	Kystmyr	A08	BN	O3	A	KL 969, 957	2005
23	AL	Lindangerpollen	Tysvær	Strandeng og strandsump	G05	BN	O3	A	LL 094,900	2005
24	AL	Leirangsvågen	Tysvær	Strandeng og strandsump	G05	BN	O3	A	LL 140, 813	2005
25	AL	Gunnarshaug	Karmøy	Rikmyr	A05	BN	O3	A	KL 889,886	2005
26	AI	Svartamyr	Karmøy	Kystmyr	A08	BN	O3	B	KL 890, 754	2005
27	AL	Sør for Blikshavn	Karmøy	Kystlynghei	D07	BN	O3	A	KL 893, 672	2005
28	AL	Sandhålandsanden	Karmøy	Sanddyne	G03	BN	O3	A	KL 823, 684	2005
78	AS	Ognøy	Bokn	Kystlynghei/myr	D07/A08	BN	O3	A	LK 123,456	2006
80	AS	Flatberga	Bokn	Kystlynghei/myr	D07/A08	BN	O3	A	LK 935,705	2006
86	AS	Ådnanes	Bokn	Kystlynghei/myr/naturbeite	D07,A08/ D04	BN	O3	A	LK 935,682	2006
87	AS	Vardafjell	Bokn	Kystlynghei/myr/naturbeite	D07/A08/ D04	BN	O3	A	KL 935,645	2006
88	AS	Arafjell	Bokn	Kystlynghei/myr	D07/A04	BN	O3	B	LK 935,668	2006
89	AS	Vatnaland	Bokn	Kystlynghei	D07	BN	O3	B		2006
90	AS	Søre Eigerøy	Eigersund	Kystlynghei/myr	D07/A08	BN	O3	A	LK 220,820	2005
91	AS	Mong-Hådyr	Eigersund	Kystlynghei/myr	D07/A08	N	O3	A	LK 320,720	2005
92	AS	Gramstad-Dalsnuten	Sandnes	Kystlynghei/myr/naturbeite	D07/D04/ A08	BN	O3	B	LL 150,323	2005
93	AS	Vetafjell	Sandnes	Kystlynghei/myr	D07/A08	BN	O2	B	LL 145,263	2005
94	AS	Orrestad	Eigersund	Kystlynghei	D07	BN	O2	B	LK 365,915	2005
95	AS	Bjuland	Lund	Kystlynghei/myr	D07/A08	BN	O2	C	LK 460,935	2005
96	AS	Obrestadheia-Aniksdalheia	Hå	Kystlynghei/naturbeite	D07/A08/ D04	SB	O2	A	LL 140,020	1984
97	AS	Myrane	Hå	Kystmyr/lynghei/naturbeite	A08/D07/ D04	SB	O2	A	LL 130,000	1984
209	AL	Lammaneset-Boknahovet	Bokn	Kystlynghei/myr	A01/D07	BN	O3	A	KL 937-950,717-732	2007
212	AL	Hagland, nord for Ravnafloke	Haugesund	Kystlynghei/myr	D07/A08	BN	O3	C	KM 863-870, 007-015	2007
213	AL	Tømmervågen-Torevarden	Haugesund	Kystlynghei/myr/strandeng	D07/A05/ G05	BN	O3	A	KL 866-880, 007-015	2007

Loknr:	fra:	Lokalitetsnavn:	Kommune:	Naturtype	Kode	Vegetasjons-sone:	Vegetasjons-seksjon:	Verdi:	UTM (WGS84):	Registr. år
214	AL	Årabrot	Haugesund	Kystlynghei/strand-berg/tangvoll	D07/G09/ G06	BN	O3	B	KL 866-870, 950-957	2007
215	AL	Sør-Stokke-Blikshavn-Mjåvatnet	Karmøy	Myr/kystlynghei	A05/A08/ D07	BN	O3	A	KL 875-898, 690-735	2007
216	AL	Blikshavn-Hovdastad-Dale-Tjøstheim	Karmøy	Myr/kystlynghei/kil-der	A05/A06/ D07/A08	BN	O3	A	KL 880-890, 670-735	2007
217	AL	Natterhukmyr-Ytre Holmavatn	Karmøy	Kystlynghei/myr	D07/A08	BN	O3	A	KL 857-880, 673-697	2007
218	AL	Falnes	Karmøy	Slåttemark/tang-voll/kilder	D01/G06/ A06	BN	O3	B	KL 882-884, 621-625	2007
219	AL	Risdal, torvmyr aust for Torvhodl	Karmøy	Myr/kystlynghei	A01/D07	BN	O3	C	KL 847-850, 643-645	2007
220	AL	Sandhåland-Laksudden-Hemnes	Karmøy	Kankratt/eng/sand-dyne/strand/tang-voll	B02/D08/ D09/G03/ G04/G06/ I06	BN	O3	A	KL 816-823, 681-686	2007
221	AL	Høvrинг	Karmøy	Kystlynghei/slätte-mark/myr	D07/D01/ A08	BN	O3	B	KL 944-958, 757-779	2007
222	AL	Høyevassdraget	Tysvær	Kystmyr/lynghei	A08/D07	BN	O3	C	KL 950-983, 830-900	2007
223	AL	Valhest	Haugesund	Kystlynghei/myr	D07/A08	BN	O3	A	KL 960-990, 930-999	2007



# Lokalitetsskildringar

Lokalitetane som vart undersøkte i Rogaland i 2006 er ordna alfabetisk, først etter kommune, deretter etter lokalitetsnamn. Nummereringa av lokalitetar er identisk med Jordal (2007), skildringa er også den same.

Følgjande forkortinger er nytta: JBJ=John Bjarne Jordal, JIJ=John Inge Johnsen, AS=Audun Steinnes, SI=Svein Imsland.

## Bjerkreim

### 3 Bjerkreim: Kløgtvedt, aust for (1)

**Posisjon:** LK 2754 9875  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Slåtte- og beitemyr  
**Utforming:**

Jordfuktighet				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 19.08.2006, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei eit myrområde i låglandet aust for Kløgtvedt i Bjerkreim, og var beita av storfe. Lokaliteten kan klassifiserast anten som kystmyr under hovudnaturtype myr, eller som beitemyr under hovudnaturtype kulturlandskap. Ein har velt det siste fordi klokkesøte er avhengig av beiting. Lokaliteten ligg i sør boreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var ca. 60% fattigmyr med dominans av pors, blåtopp og rome, og ca. 40% høgstorrsump med flaskestorr, trådstorr og elvesnelle.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var beita av storfe. Dette er positivt for den truga klokkesøta.

*Artsfunn:* Viktigast er funn av betydelege mengder (over 100 planter) av raudlistearten klokkesøte (EN - sterkt truga på raudlista). Det finst også eldre herbariefunn (1970) av klokkesøte frå dette området. Det vart elles funne blodtopp, klokkeling, knegras, kvitmyrâk og kysttjønnaks.

*Prioritering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit beitepåverka myrlandskap med gode bestandar av raudlistearten klokkesøte, ein art som nasjonalt har eit svært lite utbreiingsområde og står i kategori EN-sterkt truga.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast også i framtida. Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep som påverkar vegetasjon og hydrologiske tilhøve.

### 4 Bjerkreim: Kløgtvedt, aust for (2)

**Posisjon:** LK 2773 9845  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Slåtte- og beitemyr  
**Utforming:**

Jordfuktighet				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 19.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei eit myrområde aust for Kløgtvedt i Bjerkreim, og var beita av storfe og sau. Lokaliteten kan klassifiserast anten som kystmyr under hovudnaturtype myr, eller som beitemyr under hovudnaturtype kulturlandskap. Ein har velt det siste fordi klokkesøte er avhengig av beiting. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var ca. 50% fattigmyr med dominans av pors og blåtapp, og ca. 50% høgstorrsump dominert av flaskestorr.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var beita av storfe og sau. Dette er positivt for den truga klokkesøta.

*Artsfunn:* Viktigast er funn av raudlistearten klokkesøte (EN - sterkt truga på raudlista). Elles vart det funne m.a. klokkeling og kornstorr.

*Prioritering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit beitepåverka myrlandskap med viktige bestandar av raudlistearten klokkesøte, ein art som nasjonalt har eit svært lite utbreiingsområde og står i kategori EN-sterkt truga.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast også i framtida. Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep som påverkar vegetasjon og hydrologiske tilhøve.

### 5 Bjerkreim: Ognadal ved vegkryss

**Posisjon:** LK 2639 9895  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Slatte- og beitemyr  
**Utforming:**

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		
<b>Verdi:</b>									A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>									Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt, kjelder:</b>									19.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit myrområde i Ognadal vest for Kløgtvedt, på nordsida av krysset med vegen som går til Bjerkreim, og var beita av storfe. Lokaliteten kan klassifiserast anten som kystmyr under hovudnaturtype myr, eller som beitemyr under hovudnaturtype kulturlandskap. Ein har velt det siste fordi klokkesøte er avhengig av beiting. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var ca. 20% fattigmyr rundt kantane med dominans av pors, blåtapp og duskull, og ca. 80% høgstorrsump dominert av flaskestorr.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var inngjerda og noko beita av storfe. Det er truleg at eit moderat beite er positivt for den truga klokkesøta.

*Artsfunn:* Viktigast er funn av raudlistearten klokkesøte (EN - sterkt truga på raudlista).

*Prioritering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit beitepåverka myrlandskap med viktige bestandar av raudlistearten klokkesøte, ein art som nasjonalt har eit svært lite utbreiingsområde og står i kategori EN-sterkt truga.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast også i framtida. Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep som påverkar vegetasjon og hydrologiske tilhøve.

### 6 Bjerkreim: Storrsheia, myr ved Storrsheivatnet

**Posisjon:** LL 293 041  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Slatte- og beitemyr  
**Utforming:**

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 07.10.2006, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved Storrsheivatnet i Bjerkreim i eit område som tidlegare er registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Det som her er avgrensa, er ei nokså flat fattigmyr som vert beita, og av denne grunn er ganske tuvet. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er fattig myr med pors, rome og blåtopp.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var i 2006 beita av hest og storfe. Myra hadde ein tuvet struktur som følgje av trakk.

*Artsfunn:* Av planter vart m.a. funne blåknapp, elvesnelle, skogsnelle og stortranebær.

*Prioritering:* Lokaliteten er plassert i kategori B (lokalt viktig) fordi det er ei intakt beitemyr.

Lokaliteten tilfredsstiller truleg ikkje krava til B som kystmyr.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med beiting også i framtida.

### 7 Bjerkreim: Storrsheia, nordsida av Storrsheivatnet

**Posisjon:** LL 290 046  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei  
**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 07.10.2006, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på nordaustsida av Storrsheivatnet i Bjerkreim og er tidlegare registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var dominert av fuktig hei (H3) med mykje blåtopp, røsslyng, klokkelyng og rome. Det var ein del einstape i øvre (austre) deler mot skogen.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var ved undersøkinga beita av sau i alle fall i nordre del. Litt lågt beitetrykk. Eit relativt ung sitkagranfelt er planta i området. Området er rikt på fornminne,

*Artsfunn:* Det vart m.a. funne blåknapp, heiblåfjør, heisiv, knegras, kornstorr, kvitmyråk og stortranebær.

*Prioritering:* Lokaliteten er plassert i kategori C (lokalt viktig), for han tilfredsstiller truleg ikkje krava til B.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Lokaliteten bør beitast og evt. sviast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

Einstape kan ta overhand. Eit ganske effektivt tiltak er i så fall å slå med ryddesag to gonger i sesongen.

### 8 Bjerkreim: Storrsheia, åsen på sørsida av Storrsheivatnet

**Posisjon:** LL 291 038  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei  
**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** C (lokalt viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 07.10.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved Storrsheivatnet i Bjerkreim og er tidlegare registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Det avgrensa området ligg i åsen på sørvestsida av Storrvatnet, ovanfor eit grasdominert, gjødsla beite. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er dominert av fukthei (H3) med m.a. blåtopp, røsslyng og blokkebær, pors og rome.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var relativt lite beita, og dyreslag var sau og storfe.

*Artsfunn:* Det vart ikkje gjort spesielle plantefunn, m.a. klokkelyng og krypvier.

*Prioritering:* Lokaliteten er plassert i kategori C (lokalt viktig), for han tilfredsstiller truleg ikkje krava til B.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga.

## 9 Bjerkreim: Ørstdalen: Bjordal

**Posisjon:** LL 559 081  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit			Baserikheit			Næring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		

**Verdi:** C (lokalt viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 29.09.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg sør for Bjordalsgarden inst i Ørstdalen (Bjerkreim), på sørsida av elva. Eg avgrensa dei minst gjødsla bakkane på sørsida av elva. Noko av lokaliteten hadde spreidd bjørk og dermed eit hagemarkspreng. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Frisk fattigeng (G4) utgjorde berre ca. 10%. Blåtopp/fukthei utgjorde rundt 40%. Einerbuskmark utgjorde 20-30%, elles var det ein del berg og stein og noko blåbærvegetasjon (rundt 20%) med blokkebær og småbjørk.

*Kulturpåverknad:* Heile garden er eit kulturlandskap med rikt kulturhistorisk innhald, med m.a. mykje rydningsrøyser, terrassar og steingjerde. Heile garden er godt gjødsla. Denne lokaliteten ligg på sørsida av elva og er lite tilgjengeleg med traktor. Her verka relativt lite gjødsla. Det var godt beitetrykk av sau.

*Artsfunn:* Det er tidlegare (1977) påvist solblom på garden (VU=sårbar på raudlista, herbariebelegg). Det er uvisst kvar på Bjordal denne er funnen. Korkje mann eller kone på garden har hørt om solblomen. Det vart funne heisiv og kornstorr, og vidare eit par beitemarkssoppar: gul småkøllesopp (*Clavulinopsis helvola*), kantarellvokssopp *Hygrocybe cantharellus* og brunfnokka vokssopp *H. helobia*.

*Prioritering:* Lokaliteten vert plassert i C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstiller kriteria til B.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling, tilleggsforing og fysiske inngrep.

## 10 Bjerkreim: Ørstdalen: Hovland, sør for elva

**Posisjon:** LL 50-51, 07  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei, slåtte- og beitemyr  
**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktighet				Baserikheit				Næring		
fuktig	veksel fuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100				100			100			
<b>Verdi:</b>	B (viktig)									
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroing									
<b>Undersøkt, kjelder:</b>	29.09.2006, JBJ									

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i på sørsida av elva i Ørsdalen i Bjerkreim, i indre del av Rogaland nokså langt frå kysten. Likevel kan denne lokaliteten truleg reknast som kystlynghei. I mindre oseaniske strok er slike heiar meir rike på blokkebær og fattigare på røsslyng (Steinnes 1988). Lokaliteten ligg hovudsakeleg på ei elveslette, men det opne landskapet strekkjer seg oppover rasmarkene i dalsida på sørsida, noko som m.a. skuldast geit. Lokaliteten ligg i sør boreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen kan best skildrast som blokkebærhei, og er nokså artsattig. Viktige artar er forutan blokkebær også blåbær, smyle, engkvein, blåtopp og finnuskjegg. Fukthei (med innslag av blåtopp) utgjer om lag 90%, og beita fattig myr om lag 10%.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten vart beita av storfe, sau og >100 geiter. Vegetasjonen verka lite gjødselpåverka, men det er råd å kryssa elva med traktor (kjelde: Tellef Hovland).

*Artsfunn:* Vegetasjonen var nokså artfattig, men det vart funne m.a. blåklokke, heisiv, klokkeling og kornstorr.

*Prioritering:* Lokaliteten vert klassifisert til B (viktig) fordi det er ei intakt hei som framleis vert hevdta med beite, men som har eit relativt ordinært artsutval.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling, tilleggsforing og fysiske inngrep.

## 11 Bjerkreim: Åsen

**Posisjon:** LK 304 939

**Hovednaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktighet				Baserikheit				Næring		
fuktig	veksel fuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100				100			100			
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)									
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroing									
<b>Undersøkt, kjelder:</b>	07.10.2006, JBJ									

### Områdeskildring

*Generelt:* Åsen i Bjerkreim er tidlegare registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Det er store beitemarker med eit rikt kulturhistorisk innhald, men dei verka gjødsla og var ganske artsattige. Dei minst gjødsla partia vart avgrensa. Lokaliteten ligg i sør boreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er ei noko gjødselpåverka utforming av frisk fattigeng (G4), med engkvein, sølvbunke, gulaks, myrfiol og med innslag av gjødslingsindikatorar som kvitkløver, krypsoleie og engrapp.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten vart beita av sau. Det var steingjerde m.fl. kulturspor.

*Artsfunn:* Av planter vart det m.a. funne blåklokke, fjellmarikåpe og geitsvingel. Registrering av artar var noko hemma av nedbeiting. Av sopp vart det berre notert nokre få vanlege artar: gul småkøllesopp (*Clavulinopsis helvola*), okergul grynhatt (*Cystoderma amianthinum*), elfenbeinshette (*Mycena flavoalba*), tornavlesopp (*Omphalina ericetorum*), gul nålehatt (*Rickenella fibula*) og fiolett nålehatt (*Rickenella schwarzi*).

*Prioritering:* Lokaliteten er plassert i kategori C (lokalt viktig), for han tilfredsstiller truleg ikkje krava til B.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## 12 Bjerkreim/Time/Hå: Laksesvelafjellet-Ogna

<b>Posisjon:</b>	LK/LL 17-26, 96-05												
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap, myr												
<b>Naturtype:</b>	Kystlynghei, slåtte- og beitemyr, kystmyr, gammal fattig edellauvskog												
<b>Utforming:</b>	Fuktig lynghei (H3)												
Jordfuktigkeit	Baserikheit	Næring	fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100	100	100											
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)												
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing												
<b>Undersøkt, kjelder:</b>	Steinnes (1988), 17.08.2006, JBJ (Moi-Laksesvelafjellet), 18.08.2006, A. Steinnes, J.I. Johnsen & JBJ (Fjellund/Butjørnane, Heresvela/Hellevatna), 19.08.2006, JBJ (Eikeland, Gravdal)												

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten er del av eit svært stort heirområde som i nord er avgrensa nær Røyslandsvatnet og Oslandsvatnet (vest for Vikeså), Laksesvela-Steinsland-Eikeland-Gravdal i aust og som strekkjer seg sørover til skogen i Ognadalen vestover frå Ualand mot Holmavatnet og Heresvela ved Ogna og vidare mest heilt ned til kysten. Sjå og skildringar og data hos Steinnes (1983, 1988),

Naturbasenummer BN00000707. Lokaliteten med nærliggjande område lenger sør kan vera eit av dei største bortimot samanhengande kystheimråda i landet. Langs ei line vinkelrett på kysten strekkjer det seg over om lag 18 kilometer, men er noko oppdelt. Området er undersøkt fleire stader for å få ei betre avgrensing, men det å avgrensa eit så stort område på ein god måte er eit svært arbeid som krev mykje meir tid enn det som sto til rådvelde. Ein har brukt ortofoto som støtte i avgrensinga både i forkant og etterpå. Terregndekkjande myr (kystmyr) og gammal fattig edellauvskog (eikeskogsholt) er delvis avgrensa som eigne figurar i Naturbase.

**Vegetasjon:** Heile dette store området er dominert av fukthei (H3) med blåtopp, ofte med klokkesøte i betydelege mengder. Elles finst m.a. ein del mindre fattige myrområde, også ofte med klokkesøte. Særleg interessant er eit område med eit myrkompleks med terregndekkjande myr ved Trollhaugstjørni eit stykke sør for Moi (vest for Urdalsnipa), dette reknast som ein sterkt truga vegetasjonstype (EN - endangered). Sør for Heresvela og Hellevatna finst ein del spreidde eikeholt med einskilde gamle eiker (avgrensa eigne lokalitetar i Naturbase), undervegetasjonen består stort sett av blåtopp. Lokaliteten inneholder også tørrhei (truga vegetasjonstype) og ein del oligotrofe vatn (mellan desse eitt med påvist bustsmyle, men det er sannsynlegvis fleire). Kjelder: Ryvarden (1978, Steinnes 1983, 1988).

**Kulturpåverknad:** Jamt over eit middels beitetrykk av sau og somme stader storfe. Stadvis er beitetrykket godt, men det finst og område som er lite beita. Dei minst beita områda er likevel ikkje attgrodde i den forstand at det er vesentleg oppslag av skog. Gradientar mot gjødsla beite i nærleiken av gardane. Einskilde sitkagranplantingar, vegar og dyrka småfelt. Ved somme vatn finst også hytter.

**Artsfunn:** Av planter må særleg nemnast store bestandar av klokkesøte (EN - sterkt truga på raudlista). Området er undersøkt inn frå mange ulike stader, og i alle undersøkte område med høveleg vegetasjon under 400 meter vart det funne gode klokkesøte-bestandar. I området Kutjorna-Langvatnet nordaust for Urdalsnipa vart det i 2006 telt over 1000 planter langs ei kortare gangrute (jf. også Steinnes 1988). Bestandane i heile området består nokså sikkert av eit 5-sifra tal individ (titusenvis av planter). Dette er dermed truleg ein av dei viktigaste bestandane i landet (jf. Hvattum 1993). Det vart elles funne ein annan raudlisteart, bustsmyle (EN) mellom Eikeland og Gravdal. Av andre artar kan nemnast blodtopp, og einskilde meir kravfulle artar som dvergjamne m.m. Aust for Butjønna (LL 20 01) oppgjev Steinnes (1988) solblom (VU). Dei oseaniske mosane purpurmose, dronningmose og gullhårmose er funne i fukthei i nord mot Røyslandsvatnet (ca. LL 24 04, Steinnes 1988).

**Prioritering:** Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit uvanleg stort, velutvikla og intakt kystheimråde med lite inngrep i form av gjødsling, dyrking, oppslag av tre og granplanting, og med tre raudlisteartar i høg kategori. Området hyser truleg ein av dei største bestandane av klokkesøte (EN) i landet, ein art som nasjonalt har eit svært lite utbreiingsområde. Ein annan sjeldan og sørleg art er raudlistearten bustsmyle (EN), og elles kan solblom (VU) framleis finnast. Området inneholder også terregndekkjande myr og tørrheier, som vert rekna som sterkt truga vegetasjonstypar. Stadvis er beitetrykket godt, men det finst og område som er lite beita.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør ein del stader beitast hardare enn i dag, elles vil det kunne gro att på lang sikt. Klokkesøtebestandane (og evt. solblombestadar) vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Klokkesøte treng naken jord for å spira og utvikla seg. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

## Bokn

### 13 Bokn: Ognakalven

**Posisjon:** KL 992 754  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap, havstrand/kyst  
**Naturtype:** Naturbeitemark, rikt strandberg  
**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100		100		100		100		100		

**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 09.10.2006, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ein holme som ligg ved europavegen mellom Bokn og Tysvær. Store deler oppå holmen er gjøsla med traktor, men det finst lite gjøsla strandberg og naturbeitemarker rundt holmen, med beitemarkssopp. Dei gjøsla delene er i hovudsak haldne utanfor det området som er avgrensa. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er dominert av ein mosaikk av frisk/fuktig fattigeng (G4/G1), kortbeita hei (H2a/H3) og bergknaus og bergflate (F3).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var ved undersøkinga beita av sau. Dei gjøsla, flate partia på toppen av holmen er forsøkt haldne utanfor avgrensinga.

*Artsfunn:* Av planteartar kan nemnast heiblæfjør og kystmaure. På strandberga rundt holmen fanst diverse beitemarkssopp. Det var ein raudlisteart, nemleg russelærsvokssopp (*Hygrocybe russocoriacea*) (DC/NT) som forekom i bra bestandar. Denne arten er særleg typisk for skjelsandpåverka, beita strandberg. Elles vart det funne snøkvit blekksopp (*Coprinus niveus*), skjeljordtunge (*Geoglossum fallax*) (tidlegare DC), kjeglevokssopp (*Hygrocybe conica*), silkeraudskivesopp (*Entoloma sericellum*), sleip jordtunge (*Geoglossum glutinosum*) (tidlegare DC), beitehette (*Mycena pelliculosa*) (tidlegare DC), kantarellvokssopp (*Hygrocybe cantharellus*), gul småkøllesopp (*Clavulinopsis helvola*), seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*), *Entoloma caesiocinctum* (tidlegare DC) og raud åmeklubbe (*Cordyceps militaris*).

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ei større, intakt naturbeitemark som framleis vert beita, og der det finst mange beitemarkssoppartar, av dei ein som står i lågare kategori raudlista (og fleire som stod på raudlista tidlegare).

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## Egersund

### 14 Egersund: Geiterås mot Gløbstad

**Posisjon:** LK 35 88  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei, slatte- og beitemyr  
**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100		100		100		100		100		

**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 01.10.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit større heiområde mellom Geiterås og Gløbstad, i nordaustre del av Eigersund kommune. Han er tidlegare registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994), men har her fått ei noko anna avgrensing. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Lokaliteten er dominert av fukthei (H3) med blåtopp, bjørnnskjegg, rome m.m., men det er også innslag av beita myr.

*Kulturpåverknad:* Det er stadvis godt beitetrykk av sau. Beita er gjødsla langs vegen til Gløbstad.

*Artsfunn:* Fylkesmannen i Rogaland (1994) oppgjev at klokkesøte veks her. Området er i 2006 undersøkt eit stader i nærområda langs vegen til Gløbstad. Det vart funne m.a. bråtestorr, heisiv, klokkeling og krypvier. Vegetasjonen verka framleis høveleg for klokkesøte.

*Prioritering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit større, intakt kystheimråde med lite inngrep i form av gjødsling, dyrking, oppslag av tre, vegar og avgrensa mengd med granplanting, og med funn av klokkesøte, som står i høg kategori på raudlista. Området kan seiast å tilhøyra "Kystlyngheier som inngår i større "helhetlige kulturlandskap"" i sentrale deler av Sør-Rogaland.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast minst like mykje som i dag. Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

## 15 Egersund: Gjermestad

**Posisjon:** LK 2172 8871  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Slatte- og beitemyr  
**Utforming:**

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 20.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved kystriksvegen (Rv 44) ved Gjermestad, og er eit myrområde som vert beita av storfe. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er dominert av fattig myr med pors og blåtopp. Det er også litt høgstorrsump med flaskestorr.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er beita av storfe. Han ligg elles inntil riksvegen og er påverka av vegen og kanskje også litt drenering og svak gjødsling.

*Artsfunn:* Viktigast er funn av raudlistearten klokkesøte (EN - sterkt truga på raudlista). Elles vart det notert m.a. kvitmyrk og kysttjønnaks.

*Prioritering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit beitepåverka myrlandskap med bestandar av raudlistearten klokkesøte, ein art som nasjonalt har eit svært lite utbreiingsområde og står i kategori EN-sterkt truga.

*Omsyn og skjøtsel:* Ein bør unngå fysiske inngrep, gjødsling, og opphør av beite med påfølgjande attgroing. Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg.

## 16 Egersund: Koldal-Beringsfjellet-Grastveit

**Posisjon:** LK 27-29, 75-78

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei  
**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktighet				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 20.08.2006 (vest for Åmdal), 01.10.2006 (ved Svåvatnet i sør), JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit større heiområde sør for Koldal, nord for Grastveit og vest for Åmdal i Eigersund. Det heng saman med heia vest for Nodland (sjå eigen lokalitet). Undersøkinga 20.08. vart etter kort tid avbroten av eit valdsamt toforever. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området er dominert av fukthei (H3) med blåttopp m.m. I sør innslag av tørrhei (H1, truga vegetasjonstype). Det finst spreidd einer.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er velskjøtta, det er godt beitetrykk av sauер. Vestre og sørlege oppgjødsla deler er ikkje med i avgrensinga. Det er gradientar mot gjødsla beite i nærleiken av gardane. Det er noko innslag av planta sitkagran.

*Artsfunn:* Det er funne klokkesøte fleire stader (EN - sterkt truga på raudlista). I tørrhei i sør vart det funne eik, vivendel, trollhegg, småsmelle og mjølbær.

*Prioritering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit større, intakt kystheiområde med lite inngrep i form av gjødsling, dyrking, oppslag av tre, små fysiske inngrep og avgrensa mengd med granplanting. Det er viktige bestandar av raudlistearten klokkesøte, ein art som nasjonalt har eit svært lite utbreiingsområde, og som står i kategori EN - sterkt truga på raudlista. Det finst innslag av tørrhei (truga vegetasjonstype). Området er i god hevd.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast minst like mykje som i dag. Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

## 17 Egersund: Liavatnet-Hellaren

**Posisjon:** LK 32-35, 79-81  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei, slåtte- og beitemyr  
**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktighet				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 01.10.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit større heiområde frå Liavatnet og Kydlandsvatnet i vest til Hellaren i aust, i austre del av Egersund kommune. Han er ein del av vidstrekke heiområde i denne delen av Rogaland. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området er dominert av fukthei (H3) med blåttopp, røsslyng, rome, klokkeling m.m. Det er mindre innslag av fattige myrar og tendensar til tørrhei.

*Kulturpåverknad:* Stadvis godt beitetrykk. Særleg er områda rett vest for Hellaren godt skjøtta hei som vert beita av storfe utan gjødsling. Områda på sørsida av Liavatnet var mindre beita, og dels i attgroing med røsslyng opptil 40 cm.

*Artsfunn:* Området er undersøkt fleire stader i nærområda langs vegen til Hellaren. Det er funne klokkesøte fleire stader, den står som EN - sterkt truga - i den nye raudlista. Andre artar som også vart noterte: engfiol, heiblåfjør, heisiv, knegras, kornstorr, kryptvier, kvitmyråk og mjølbær.

**Prioritering:** Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit større, intakt kystheimråde med lite inngrep i form av gjødsling, dyrking, oppslag av tre, små fysiske inngrep og avgrensa mengd med granplanting. Det er viktige bestandar av raudlistearten klokkesøte, ein art som nasjonalt har eit svært lite utbreiingsområde, og som står som EN - sterkt truga på raudlista. Området er stadvis i god hevd. Områda rett vest for Hellaren er særleg godt skjøtta, artsrike og uggjødsla, og med store klokkesøtebestandar, og dermed særleg viktig å ta vare på.

**Omsyn og skjøtsel:** Lokaliteten bør beitast minst like mykje som i dag. Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

## 18 Egersund: Nodlandsheia

<b>Posisjon:</b>	LK 28 82
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Kystlynghei
<b>Utforming:</b>	Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktigkeit					Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100				100			100			

<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroing
<b>Undersøkt, kjelder:</b>	20.08.2006 (nær vegen til Nodland), 01.10.2006 (nær vegen til Koldal), JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten er eit stort heiområde vest for Nodland i Egersund. Lokaliteten heng saman med område sør for vegane til Hellaren og Åmdal, som er skilda som eigne lokalitetar. Lokaliteten ligg i sør boreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Området er dominert av fukthei (H3) med blåtopp, røsslyng, rome, klokkeling m.m., som stort sett er velskjøtta med beiting. Det finst spreidd med einer, dessutan småbjørk og rogn, særleg beskytta under bergnabbar. Det var lite furu.

**Kulturpåverknad:** Det er godt beitetrykk av sau og storfe over større område. Vestre oppgjødsla deler mot Vesthovda og Skåra er ikkje med i avgrensinga. Holmavatnet er drikkevasskjelde (oppdemt). Det er gradientar mot gjødsla beite i nærleiken av gardane.

**Artsfunn:** Av planter må særleg nemnast gode bestandar av klokkesøte (EN - sterkt truga på raudlista). Området er undersøkt i nærområda langs vegen til Nodland, og i sørlege del langs vegen til Koldal. I alle undersøkte område med høveleg vegetasjon vart det funne mange planter av klokkesøte. Dette er dermed ein viktig bestand. Elles kan nemnast blåklokke, hårvæve, knegras, kystmyrklegg, mjuksivaks, mjølbær, skottlandsaugnetrøst, smalkjempe og småsmelle. Dessutan vart det funne nokre vidt utbreidde beitemarkssoppar: engvokssopp *Hygrocybe pratensis*, liten mønjevokssopp *H. miniata*, og seig vokssopp *H. laeta*.

**Prioritering:** Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit større, intakt kystheimråde med lite inngrep i form av gjødsling, dyrking, oppslag av tre, vegrar og avgrensa mengd med granplanting. Det er viktige bestandar av raudlistearten klokkesøte, ein art som nasjonalt har eit svært lite utbreiingsområde, og som står i kategori EN - sterkt truga på raudlista. Området er i god hevd med beiting av sau og storfe.

**Omsyn og skjøtsel:** Lokaliteten bør beitast minst like mykje som i dag. Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

## 19 Egersund: Nord for Nevland (1)

<b>Posisjon:</b>	LK 2113 9064
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slålte- og beitemyr
<b>Utforming:</b>	

Jordfuktigkeit					Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100				100			100			

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100				100			100			

**Verdi:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 20.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei eit myrområde i låglandet, nord for Nevland i Eigersund. Lokaliteten kan klassifiserast som kystmyr under hovudnaturtype myr, eller slått- og beitemyr under kulturlandskap. Ein har velt det siste pga. klokkesøte, som er skjøtselsavhengig. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var for det meste fattigmyr med dominans av pors, bjønnskjegg og blåtopp, og og dessutan noko høgstorrsump dominert av flaskestorr og elvesnelle (O3b).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har nok vore beita tidlegare, men truleg ikkje i 2006. Ein grusveg går forbi, og ei kraftline passerer.

*Artsfunn:* Viktigast er funn av raudlistearten klokkesøte (EN - sterkt truga på raudlista). Det vart og notert tistelsommarfugl og lynggrashoppe.

*Prioritering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit myrlandskap med viktige bestandar av raudlistearten klokkesøte, ein art som nasjonalt har eit svært lite utbreiingsområde og står i kategori EN-sterkt truga.

*Omsyn og skjøtsel:* Ein bør unngå fysiske inngrep, gjødsling, og lokaliteten bør beitast.

Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg.

## 20 Egersund: Nord for Nevland (2)

**Posisjon:** LK 2134 9128

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Slåtte- og beitemyr

**Utforming:**

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100				100			100			

**Verdi:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 20.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei eit myrområde i låglandet, nord for Nevland i Eigersund, og like vest for Røynåstjørna. Lokaliteten kan klassifiserast som kystmyr under hovudnaturtype myr, eller slått- og beitemyr under kulturlandskap. Ein har velt det siste pga. klokkesøte, som er skjøtselsavhengig. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var for det meste fattigmyr (K3) med dominans av pors, bjønnskjegg og blåtopp (80%), og dessutan rundt 20% takrøyrsopp (O5). Litt småbjørk.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har nok vore beita tidlegare, men truleg ikkje i 2006. Det er framleis både steingjerde og nettinggjerde.

*Artsfunn:* Viktigast er funn av raudlistearten klokkesøte (EN - sterkt truga på raudlista), flest funn vart gjort i vestenden. Andre artar var kvitmyråk og lynggrashoppe.

*Prioritering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit beitepåverka myrlandskap med viktige bestandar av raudlistearten klokkesøte, ein art som nasjonalt har eit svært lite utbreiingsområde og står i kategori EN-sterkt truga.

*Omsyn og skjøtsel:* Ein bør unngå fysiske inngrep, gjødsling, og lokaliteten bør beitast.

Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg.

## 21 Egersund: Nord for Nevland (3)

**Posisjon:** LK 2111 9140  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Slatte- og beitemyr  
**Utforming:**

	Jordfuktigkeit			Baserikheit			Näring			
	fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100					100			100		

**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 20.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei eit myrområde i låglandet, nord for Nevland i Egersund. Lokaliteten kan klassifiserast som kystmyr under hovudnaturtype myr, eller slått- og beitemyr under kulturlandskap. Ein har velt det siste pga. klokkesøte, som er skjøtselsavhengig. Det er og litt heiprega vegetasjon. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var for det meste fattigmyr med dominans av pors og blåtopp, dessutan førekjem litt bjørk, småeik og øyrevier på myra. Det var rundt 20% høgstorrsump med flaskestorr og trådstorr.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har nok vore beita tidlegare, men truleg ikkje i 2006. Ein grusveg går forbi, og ei kraftline passerer.

*Artsfunn:* Viktigast er funn av raudlistearten klokkesøte (EN - sterkt truga på raudlista). Av andre artar kan nemnast blodtopp og kvitmyråk.

*Prioritering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit beitepåverka myrlandskap med viktige bestandar av raudlistearten klokkesøte, ein art som nasjonalt har eit svært lite utbreiingsområde og står i kategori EN-sterkt truga.

*Omsyn og skjøtsel:* Ein bør unngå fysiske inngrep, gjødsling, og lokaliteten bør beitast.

Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg.

## 22 Egersund: Svånes

**Posisjon:** LK 269 761  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark, kystlynghei  
**Utforming:** Frisk fattigeng (G4), fuktig lynghei (H3)

	Jordfuktigkeit			Baserikheit			Näring			
	fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100					100			100		

**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 01.10.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved Svånes sør for Egersund. Han er tidlegare registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Området består av større naturbeitemarker med spreidd einer. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var over større område dominert av frisk fattigeng med innslag av einer. Det var litt innslag av grunnlendte berg med typen F3d: bergknaus og bergflate, kystbergknapp-dvergsmyle-utforming (litt truga vegetasjonstype). Det var også innslag av godt nedbeita kystlynghei (H3).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten verkar dels noko gjødsla, og var godt beita av sau på undersøkingstidspunktet. Einer er stadvis rydda.

*Artsfunn:* Det vart m.a. påvist beitesvæve, blåklokke, dvergsmyle, engfiol, fagerperikum, knegras, krypvier, kystbergknapp, småsmelle og tiriltunge. Dessutan vart det funne relativt vanlege beitemarkssoppar som seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, honningvokssopp *H. reidii*, gul småkøllesopp *Clavulinopsis helvola*, *Entoloma minutum* og liten mørnjevokssopp *H. miniata*.

*Prioritering:* Lokaliteten vert klassifisert til B (viktig) fordi det er ei intakt naturbeitemark som framleis vert hevd med beite, og med einskilde signalartar på verdifull naturbeitemark.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling, tilleggsforing og fysiske inngrep.

## 23 Egersund: Tigardsknuten sør for Nodland

**Posisjon:** LK 333 826

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Kystlynghei

**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100		100		100		100		100		

**Verdi:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroat

**Undersøkt, kjelder:** 01.10.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit heirområde mellom Nodland i heia og Wind-Birkeland, i austre del av Egersund kommune. Lokaliteten er ein del av vidstreckte heirområde i denne delen av Rogaland. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Området er dominert av fukthei (H3) med blåtopp, elles pors og rome m.m.

*Kulturpåverknad:* Det er godt til middels beitetrykk.

*Artsfunn:* Området er undersøkt i nærområda langs veggen mellom Nodland i heia og Wind-Birkeland. Det vart her funne bestandar av klokkesøte. Klokkesøte står som EN - sterkt truga - i den nye raudlista. Av andre artar kan nemnast klokkeling, knegras, kornstorr og pors.

*Prioritering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit intakt kystheimråde med lite inngrep i form av gjødsling, dyrking, oppslag av tre og vegar. Det er viktige bestandar av raudlistearten klokkesøte, ein art som nasjonalt har eit svært lite utbreiingsområde, og som står som EN - sterkt truga på raudlista. Området er stadvis i god hevd. Området kan også seiast å tilhøyra "Kystlyngheier som inngår i større "helhetlige kulturlandskap"" i sentrale heirområde i Sør-Rogaland.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast minst like mykje som i dag. Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

## 24 Egersund: Ved Dybingstjørna

**Posisjon:** LK 2245 8757

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Slåtte- og beitemyr

**Utforming:**

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100		100		100		100		100		

**Verdi:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep

**Undersøkt, kjelder:** 20.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg sør for Dybingstjønna i Egersund, og er eit myrområde med innslag av hei og fleire småtjønner. I nordre del av lokaliteten ligg den vesle Krosstjønna. Lokaliteten kan klassifiserast som kystmyr, eller slått- og beitemyr under kulturlandskap. Ein har velt det siste pga.

klokkesøte, som er skjøtselsavhengig. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er dominert av fattig pors-/blåtoppmyr, men har også nok fukthei. Næringsfattige småtjønner med m.a. takrøy, botnegras og kvit nøkkerose. Grunnlendte berg med m.a. mjølbær og småsmelle.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten ligg nær riksveg 44. Det var ingen teikn til beiting i 2006, men lokaliteten har truleg vore beita tidlegare.

*Artsfunn:* Viktigast er funn av raudlistearten klokkesøte (EN - sterkt truga på raudlista). Klokkesøte fanst spreidd i heile myra. Elles vart det notert blodtopp.

*Prioritering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit beitepåverka myrlandskap med viktige bestandar av raudlistearten klokkesøte, ein art som nasjonalt har eit svært lite utbreiingsområde og står i kategori EN-sterkt truga.

*Omsyn og skjøtsel:* Ein bør unngå fysiske inngrep, gjødsling, og lokaliteten bør beitast.

Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg.

## Finnøy

### 28 Finnøy: Ombo: Geidaberget (V for Bandaberg)

**Posisjon:** LL 305 755  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei  
**Utforming:** Fuktig lystlynghei (H3)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		
<b>Verdi:</b>									C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>									Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt, kjelder:</b>									22.08.2006, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit heirområde på Finnøy-sida nord på Ombo, vest for Bandaberg og nord for Kalltveit. Lokalnamnet er Geidaberget (økonomisk kart). Det kan klassifiserast som kystlynghei med litt innslag av naturbeitemark. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er mest fuktig kystlynghei (H3) med mykje bjønnskjegg og blåtopp, men det var også litt tørrhei og naturbeitemark (frisk fattigeng, G4).

*Kulturpåverknad:* Det var intakte gjerde, men vart ikkje beita på tidspunktet for undersøkinga. Lokaliteten har truleg brent for ikkje lenge sidan.

*Artsfunn:* Det vart ikkje funne uvanlege artar.

*Prioritering:* Området er gitt verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei mindre lystlynghei som er i byrjingande attgroing, og dermed kanskje ikkje tilfredsstiller kriteria for B.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med beiting også i framtida.

## Gjesdal

### 29 Gjesdal: Søylandsdalen, nordaustre del

**Posisjon:** LL 249 124  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 05.10.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er tidlegare registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Han ligg i Søylandsdalen i Gjesdal. Eit lokalnamn er Store Oppsalhammaren (vestsida av denne). Det avgrensa området er naturbeitemark rundt og nordvest for ein kolle på austsida av elva. Det er ein del av eit nokså ope beite- og heilandskap. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oceanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var dels frisk fattigeng (G4), dels blåtoppeng (G2) med overgang mot fukthei (H3). På toppen av kollen var det litt tørrhei (H1). Viktige artar var engkvein, smyle, blåtapp og kystmaure.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var ved undersøkinga beita av storfe og sau. Deler av området har truleg vore litt gjødsla.

*Artsfunn:* Det vart funne eit par vokssopp-artar, honningvokssopp (*Hygrocybe reidii*), gul vokssopp (*Hygrocybe chlorophana*), av planter m.a. aurikkelsvæve, blåklokke, blåknapp, blåkoll, fagerperikum, hårsvæve, knegras, krypvier og smalkjempe.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ei intakt naturbeitemark som framleis vert beita, og med nokre indikatorar på lite gjødsling.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## 30 Gjesdal: Søylandsdalen, søraustre del

**Posisjon:** LL 253 120  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei  
**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktighet				Baserikheit				Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100				100			100			

**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 05.10.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er tidlegare registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Han ligg på austsida av elva i Søylandsdalen i Gjesdal og er del av eit nokså ope beite- og heilandskap. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oceanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Lokaliteten er eit heiområde som og har litt fattig myr og innslag av bjørkeskog.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var ved undersøkinga beita av storfe og sau. Deler av området har truleg vore litt gjødsla.

*Artsfunn:* Av planter vart det funne m.a. grønstorr, heisiv, krypvier, kvitmårk, kystmaure og kysttjønnaks. Særleg interessant var funnet av den raudlista beitemarkssoppen raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (V/NT).

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er eit større, intakt heiområde som framleis vert beita, med funn av ein raudlisteart i lågare kategori.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Lokaliteten bør beitast og evt. sviast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## 31 Gjesdal: Søylandsdalen, ved Solheim

**Posisjon:** LL 247 125  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark

<b>Utforming:</b>	Frisk fattigeng (G4)								
Jordfuktigkeit			Baserikheit			Næring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		
<b>Verdi:</b>	B (viktig)								
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing								
<b>Undersøkt, kjelder:</b>	05.10.2006, JBJ								

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten er tidlegare registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Han ligg på vestsida av europavegen i Søylandsdalen i Gjesdal og er del av eit nokså ope beite- og heilandskap. Lokaliteten ligg sørvestnord opp mot ein liten kolle.

Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Lokaliteten er sørvestnord med einer, blåtopprik fukthei og naturbeitemark.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten var beita av sau og storfe.

**Artsfunn:** Det vart påvist m.a. blåklokke, blåkoll, bråtestorr, hårsvæve, knegras, kornstorr, krypvier, kvitmaure, kystmyrklegg, mjølbær, smalkjempe, strandkjempes, tiriltunge og ein ubestemt augnetrøstart. Det vart og funne 6 beitemarkssopp-artar, m.a. raudlisteartane *Entoloma prunuloides* (NT) og *E. atrocoeruleum* (NT). Elles kan nemnast seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*), liten vokssopp (*Hygrocybe insipida*), honningvokssopp (*Hygrocybe reidii*) og svartblå raudskivesopp (*Entoloma chalybaeum*).

**Prioritering:** Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ei intakt naturbeitemark (og hei) som framleis vert beita, med god førekommst av indikatorar på lite gjødsling, mellom desse to raudlisteartar i lågare kategori.

**Omsyn og skjøtsel:** Lokaliteten bør beitast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## 32 Gjesdal: Søylandsdalen, vest for europavegen

**Posisjon:** LL 248 122

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Kystlynghei, slåtte- og beitemyr

**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktigkeit			Baserikheit			Næring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		
<b>Verdi:</b>	B (viktig)								
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing								
<b>Undersøkt, kjelder:</b>	05.10.2006, JBJ								

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten er tidlegare registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Han ligg i Søylandsdalen i Gjesdal og er del av eit nokså ope beite- og heilandskap. Den avgrensa lokaliteten utgjer eit relativt smalt belte på vestsida av europavegen.

Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er i stor grad blåtopphei (H3), med litt fattigmyr (K3) på flatene.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten er beita av sau og storfe. Det er litt attgroingstendensar med oppslag av småbjørk. Området kan ha vore noko gjøsla, om ikkje overalt, men hovudinntrykket er at her har vore lite gjødsling i seinare tid. Nær vegen står ein gammal sementbygning.

**Artsfunn:** Av planter fanst m.a. hundekvein, knegras, kornstorr og krypvier.

**Prioritering:** Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er eit intakt heirområde som framleis vert beita, og dessutan del av eit større heirområde.

**Omsyn og skjøtsel:** Det er ønskjeleg å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Lokaliteten bør beitast og evt. sviast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

### **34 Gjesdal: Ålgård: Kodlidalen**

**Posisjon:** LL 19 19  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei, slått- og beitemyr  
**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100				100			100			

**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyre av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 04.10.2006, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg i eit område som tidlegare er registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 1 (Fylkesmannen i Rogaland 1994), og tilhører museumsgarden på Lima.

Lokaliteten ligg nord for bustadfelt og barnehage i Kodlidalen ved Ålgård (Gjesdal kommune).

Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er dominert av artsfattig fukthei med bjørnnskjegg, blåtopp, duskull, klokkeling, rome, røsslyng, stjernestorr, tepperot og øyrevier.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var i 2006 svakt beita av storfe. Relativt lite oppslag av busker/tre.

*Artsfunn:* Av planter fanst m.a. flekkmarihand, heisiv, kornstorr, krypvier, kvitmyråk og kystmyrklegg.

*Prioritering:* Lokaliteten er plassert i kategori C (lokalt viktig), for han tilfredsstiller kanskje ikkje krava til B.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Lokaliteten bør beitast og evt. sviast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

### **35 Gjesdal: Ålgård: Limagarden, Kollefjell**

**Posisjon:** LL 190-194, 197-200  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei  
**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100				100			100			

**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyre av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 04.10.2006, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten tilhører museumsgarden Limagarden i Gjesdal og ligg i eit område som tidlegare er registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 1 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Lokaliteten består av heiars som ikkje vert særleg beita lenger, men er rimeleg intakte, på sørsida av Flassavatnet ved Kollefjell. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er dominert av blåtopp-rik fukthei (rundt 80%), elles fattig myr. Det er attgroingstendensar med oppslag av bjørk.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten verka som han var lite beita, og har klare attgroingstendensar.

*Artsfunn:* Den raudlista plantearten klokkesøte (EN - sterkt truga) er funnen tidlegare (kjelde: informasjonstavle ved Limagarden), men vart ikkje attfunnen denne gongen. Likevel kan ein ikkje utelukka at han finst. Attgroinga har truleg svekka livsvilkåra for denne arten, som treng kort vegetasjon og opne sår i vegetasjonen for å spira og overleva på lengre sikt. Av andre artar kan nemnast heiblåfjør, heisiv, klokkeling, kornstorr og krypvier.

*Prioritering:* Verdisettinga på lokaliteten vert sett til B (viktig) fordi det er eit nokså intakt heirområde dersom beitinga vert teken opp att. Trass i lite beiting akkurat på undersøkingstidspunktet, er det lett å

restaurera denne heia slik at ho vert slik tradisjonell lynghei skal vera. Viss klokkesøte vert attfunnen, kan dette saman med oppattaking av hevden gjera at verdien kan settast høgare.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Lokaliteten bør beitast og evt. sviast i samsvar med tidlegare bruk. Tre og busker bør ryddast. Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

### 36 Gjesdal: Ålgård: Limagarden, nær husa

**Posisjon:** LL 197-200, 186-188

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		
<b>Verdi:</b>									B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>									Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing
<b>Undersøkt, kjelder:</b>									28.09.2006, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved Ålgård i Gjesdal. Limagarden er registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 1 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Området fungerer som museum. Det er i nedre deler å rekna som naturbeitemark med innslag av hagemark. I øvre del går vegetasjonen over i hei. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var dominert av frisk fattigeng (G4) med ein del finnskjegg, kystmaure og spreidde tre. Det var litt steinur, og hagemark med treslag som m.a. eik, bjørk, hassel og rogn.

*Kulturfåverknad:* Lokaliteten er beita av sau og storfe, ved husa også av hest. Dette er eit gammalt kulturlandskap med m.a. eit gardsanlegg frå eldre jarnalder, truleg rydda 350-550 e. Kr. Grasmarkene har nok vore noko gjødsla, men det avgrensa området omfattar det som ein i felt ville tru var minst gjødselpåverka.

*Artsfunn:* Det vart påvist m.a. hårvæve, blåklokke, kystmaure og knegras. Under eik er det påvist to raudlisteartar ein eller annan stad i området (stadnamn berre "Lima"): rutekremle *Russula virescens* (NT, 1977) og blågrøn kremle *Russula parazurea* (NT, 2003) (Norsk soppdatabase). Funna er for dårleg stadfesta til at dei kan brukast i avgrensing og verdisetting. Ifølgje Fylkesmannen i Rogaland (1994) skal det også vera funne solblom i området. Heller ikkje dette har ein kunna stadfesta nøyaktig.

*Prioritering:* Lokaliteten vert klassifisert til B (viktig) fordi det er ei intakt naturbeitemark som framleis vert hevd med beite, men som truleg har vore noko gjødsla og som dessutan har eit relativt ordinært artsutval. Dersom solblom (VU) eller andre raudlisteartar vert dokumentert, vil lokaliteten få høgare verdi.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling, tilleggsføring og fysiske inngrep.

### 37 Gjesdal/Bjerkreim: Kydlandsfjellet/Holmafjellet

**Posisjon:** LL 25-30, 06-09

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Kystlynghei

**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		
<b>Verdi:</b>									B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>									Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing
<b>Undersøkt, kjelder:</b>									19.-20.08.2006, JBJ

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten er eit større heiområde som ligg avgrensa av Kydlandsvatnet i vest, Fuglestadvatnet i nord, vegen til Nedrabø og Skjeveland i aust, og Snøsvatnet og europavegen i sør. Området vart undersøkt i nord og aust den 19.08. og i sør opp frå Runaskardet ved europavegen 20.08. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Lokaliteten er dominert av fukthei (H3) med blåtopp og bjønnskjegg, men det er også noko røsslyngdominert tørrhei på solvendte knausar (H1, truga vegetasjonstype). Det er også innslag av fattige myrflekker (K3). Ned mot låglandet i ytterkantane går vegetasjonen meir over i finnskjeggdominerte beitemarker, dels med einer. Enda nærmere gardane (ikkje avgrensa) går vegetasjonen over i gjødsla kulturbeite.

**Kulturpåverknad:** Middels til stadvis godt beitetrykk av sau og storfe. Spor etter torvtekst vart sett opp på fjellet ved Runaskardet i sør. Det er gradientar mot gjødsla beite i nærleiken av gardane.

**Artsfunn:** Av planter vart det funne mest vanlege heiertar. I solhellingane i sør vaks vivendel. Fjellplanter som fjellmarikåpe og rypebær vart noterte. Det same vart kystplanter som heisiv og klokkeling.

**Prioritering:** Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er eit større, intakt kystheiområde, men så langt utan at det er påvist særleg verdifullt arts mangfald. Området kan seiast å tilhøyra "Kystlyngheier som inngår i større heilskaplege kulturlandskap" i sentrale deler av Sør-Rogaland, og det kan såleis også argumenterast for verdi A - svært viktig.

**Omsyn og skjøtsel:** Lokaliteten bør beitast hardare enn i dag, elles vil det gro att. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

## Hjelmeland

### 38 Hjelmeland: Aust for Rivjaland

**Posisjon:** LL 468 593  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit			Baserikheit			Näring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100			100				100		

**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 21.08.2006, JBJ

#### Områdeskildring

**Generelt:** Dette ligg aust for Rivjaland ved Årdal i Hjelmeland og er del av eit større område med beitemarker og fulldyrka mark, som for det meste er gjødsla. Det avgrensa området omfattar den delen som verka minst gjødselpåverka. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen besto av frisk fattigeng (G4) med eit sterkt innslag av kystmaure.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten var i 2006 godt beita av sau. Det går ein veg opp gjennom lokaliteten som nok har vore nytta til gjødsling, truleg i moderate mengder. Det sto ei styva ask ute i beitet. Vest for lokaliteten er det planert og dyrka.

**Artsfunn:** Av planter vart det funne m.a. aurikkelsvæve, blåklokke, bråtestorr, gulaks, kystmaure, smalljempe og tiriltunge.

**Prioritering:** Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre, relativt intakt naturbeitemark som er litt påverka av gjødsling. Området har ein middels artsrikdom.

**Omsyn og skjøtsel:** Det er ønskjeleg at området vert halde i hevd med beiting også i framtida. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

### 39 Hjelmeland: Eiavågen

**Posisjon:** LL 450 764  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark

<b>Utforming:</b>	Frisk fattigeng (G4)								
Jordfuktigkeit			Baserikheit			Næring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		
<b>Verdi:</b>	B (viktig)								
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing								
<b>Undersøkt, kjelder:</b>	23.08.2006, JBJ								

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg nord for Ytre Eidane i Jøsenfjorden (Hjelmeland) og er eit fråflytta bruk som er registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Innmarka består av bakkar med spreidd einer som i dag vert beita av sau. Det går ikkje traktorveg fram til lokaliteten, hovudtilkomsten er med båt. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen var dominert av frisk fattigeng (G4, ca. 70%) med mykje kystmaure, elles var det beita strandenger ved stranda (ca. 5%) med saltsiv m.fl. strandplanter, og litt meir gjødselpåverka engvegetasjon næraust husa.

**Kulturfåverknad:** Lokaliteten er framleis beita av sau. Ein har transportert kunstgjødsel hit med båt, men ikkje gjødsla alt (kjelde: Gudmund Eidane).

**Artsfunn:** Det vart observert mykje kystmaure, elles aurikkelsvæve, blåklokke, blåkoll, engfiol, gåsemure, hanekam, jáblom (i strandengene), knegras, kystmaure, revebjelle, smalkjempe, strandkjempe og strandkryp. Det er truleg potensiale for beitemarkssopp.

**Prioritering:** Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre naturbeitemark som har vore litt gjødsla, og framleis vert beita, og har eit middels artsmangfald knytt til den tidlegare bruken, m.a. mykje kystmaure. Det ser ut til å vera potensiale for beitemarkssopp.

**Omsyn og skjøtsel:** Det er ønskjeleg med framhald i beitinga, og minst muleg gjødsling og tilleggsfording.

## 40 Hjelmeland: Funningsland, solblomlokalitet

<b>Posisjon:</b>	LL 547 756
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåttemark
<b>Utforming:</b>	Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit			Baserikheit			Næring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)								
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av slått, attgroing								
<b>Undersøkt, kjelder:</b>	22.08.2006, JBJ								

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg på Funningsland aust i Hjelmeland kommune, og er fortalt meg av Svein Imsland. Det er ei tradisjonell slåttemark som har gått ut av hevd, men vegetasjonen er framleis intakt med fin struktur og godt artsmangfald, der bevaring av raudlistearten solblom vil stå svært sentralt.

Lokaliteten ligg i mellomboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er dominert av frisk fattigeng (G4, 90%) med innslag av blåtoppeng (G2, 10%) der solblomen framleis veks.

**Kulturfåverknad:** Dette er eit tradisjonelt kulturlandskap som har vore overflatedyrka, slått og beita (kjelde: John G. Funningsland). Det er mange rydningsrøyser. Det er tendensar til oppslag av småbjørk.

**Artsfunn:** Lokaliteten hadde ein bra solblom-bestand (VU=sårbar på raudlista) med rundt 40-50 blomsterstenglar. Dette er dermed ein av dei viktigaste av dei få attverande intakte solblombestandane i Rogaland (Svein Imsland pers. medd.). Andre planteartar: kjertelaugnetrøst, blåklokke, blåknapp, knegras og harerug. Det er ein del strø, men truleg framleis eit godt potensiale for beitemarkssopp. Det vart påvist seig vokssopp *Hygrocybe laeta*.

**Prioritering:** Med ein god bestand av solblom, som no står som sårbar i raudlista, vert denne slåttemarka ein klar A-lokalitet.

**Omsyn og skjøtsel:** Det er eit sterkt og akutt behov for å ta opp att slåtten, som bør nytta enkle hjelpemiddel som tohjula motorslåmaskin og ljå. Rosettplanter som solblom er blant dei første artane som forsvinn når hevden opphøyrer. Graset må fjernast frå lokaliteten og oppbevarast ein stad som ikkje gjer skade på vegetasjon/artsmangfald. Skjøtsel av denne slåttemarka bør vera mellom dei høgast prioriterte tiltaka i kulturlandskapet i Hjelmeland.

## 41 Hjelmeland: Funningsland: Raudlendet

**Posisjon:** LL 543 753

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Slåttemark

**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Näring		
fuktig	veksfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
		100		100		100				

**Verdi:** B (viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av slått, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 22.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg på Funningsland aust i Hjelmeland kommune. Det er ei tradisjonell slåttemark som truleg nokså nyleg har gått ut av hevd, men vegetasjonen er framleis intakt med fin struktur og godt artsmangfald. Lokaliteten ligg i mellomboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen var heilt dominert av frisk fattigeng (G4) med godt innslag av kystmaure. Ei stor selje sto i lokaliteten.

**Kulturpåverknad:** Slått og beiting ser ut til å ha opphøyrt. Det er tendensar til oppslag av småbjørk og småosp.

**Artsfunn:** Av planter kan nemnast kjertelaugnetrøst, kystmaure, blåklokke, knegras, harerug, hårvæve og tiriltunge. Det ser ut til å vera potensiale for beitemarkssopp.

**Prioritering:** Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre slåttemark som no ikkje vert skjøtta lenger, men likevel har eit nokså intakt artsmangfald knytt til den tidlegare bruken, m.a. mykje kystmaure. Det ser ut til å vera potensiale for beitemarkssopp.

**Omsyn og skjøtsel:** Det er ønskjeleg at slåtten vert teken opp att. Vegetasjonen er ikkje mykje attgrodd, og lett å restaurera. Lokaliteten er liten, og ikkje svært arbeidskrevande. Dersom dette ikkje er råd, vil det nest beste vera beiting. Utan skjøtsel vil verdiane gradvis gå tapt.

## 42 Hjelmeland: Ingvaldstad

**Posisjon:** LL 371 641

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Kystlynghei, naturbeitemark

**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Näring		
fuktig	veksfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
		100		100		100				

**Verdi:** B (viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 21.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten er ei nokså open hei/beitemark som ligg ved Ingvaldstad ved vegen mellom Årdal og Hjelmeland. Lokaliteten ligg i mellomboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Lokaliteten er ein mosaikk av hei og beitemark, rundt 50% kystlynghei og 50% naturbeitemark. Dei grasdominerte delene kan klassifiserast som frisk fattigeng (G4) med mykje kystmaure.

**Kulturpåverknad:** Området har vore beita og har intakte gjerde, men var ikkje beita så langt i 2006.

**Artsfunn:** Utvalet av planteartar var nokså typisk for regionen, med m.a. kystmaure, blåklokke, engkvein og gulaks.

**Prioritering:** Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre naturbeitemark/lynghei som er i attgroing, men likevel har eit nokså intakt arts mangfald knytt til beitebruken, m.a. mykje kystmaure. Området har ein middels artsrikdom. Det ser ut til å vera potensiale for beitemarkssopp.

**Omsyn og skjøtsel:** Det er ønskjeleg at området vert beita også i framtida. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

### 43 Hjelmeland: Ingvaldstadfjellet ved Valavatnet

**Posisjon:** LL 383 635  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei  
**Utforming:** Tørr lynghei (H1)

fuktig	Jordfuktigkeit			fattig	Baserikheit			Næring		
	vekselfuktig	frisk	tørr		intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
5		95		100			100			

**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 26.09.2006, JBJ

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg mellom Valavatnet og Ingvaldstadfjellet mellom Årdal og Hjelmeland i Hjelmeland kommune. Han består av lynghei med innslag av nedbørsmyr ned mot eit dyrkingsfelt. Det er tidlegare avgrensa myr i dette området (Moen 1975, Naturbase). Denne hei-lokaliteten ligg nordvest for myra. Avgrensinga vart utført i skyninga pga. ferjekluss, og er nokså skjønsmessig og grov. Lokaliteten ligg i mellomboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er dominert av røsslynghei. Det var noko fukthei, men generelt dominans av tørrhei-lignende vegetasjon (H1 - truga vegetasjonstype) der lyngen berre var 10-20 cm, og lett å gå i. Det var eit visst innslag av reinlavartar og syllav. Vegetasjonen er i slekt med alpine røsslyngheier og rabbesamfunn. Elles var det restar av ombrøtrofe myrer ned mot dyrkingsfeltet. I heia var det spreidd småfur, 1-3 meter høg.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten grensar i nedre del til oppdyrka myr. I kanten finst grøfter. Fleire nettinggjerde.

**Artsfunn:** Det vart funne m.a. dvergbjørk, klokkelyng, krypvier, kystmaure, mjølbær, molte, rypebær og slirestorr.

**Prioritering:** Lokaliteten vert plassert i B (viktig) fordi det er ei rimeleg intakt lynghei som ligg i kystprega klima og truleg kan karakteriserast som kystlynghei, sjølv om ho er beslektet med alpine lyngheier.

**Omsyn og skjøtsel:** I den grad lokaliteten kan kallast kystlynghei, er det av interesse at han vert bruka på tradisjonelt vis. Dette vil m.a. sia beiting, kanskje også sviing.

### 44 Hjelmeland: Jøsenfjorden: Ramslia

**Posisjon:** LL 496 786  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Haustingsskog  
**Utforming:** Varmekrevande, frisk, næringsrik haustingsskog med styvingstre av edellauvtre

fuktig	Jordfuktigkeit			fattig	Baserikheit			Næring		
	vekselfuktig	frisk	tørr		intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
		100			100					100

**Verdi:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphør av tradisjonell kulturpåverknad (m. a. styving), tilgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 23.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i ei sørvestlig fjord ved Ramslia i Jøsenfjorden (Hjelmeland). Det er ei skog med ask, lind, hengjebjørk, svartor, hassel, selje m.m., til dels grove tre. Det finst og daud noko ved. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Lokaliteten er delvis kulturlandskap, nærmere bestemt haustingsskog (styvingsli), men delvis også edellauvskog med eit varmekjært preg. I omgjevnadene er det fattigare eikeskog.

Undervegetasjonen var i stor grad dominert av gras og urter.

*Kulturpåverknad:* Her har vore drive intensiv styving (innhausting av lauv til vinterfor) for ei tid attende. Styvinga opphørde gjerne midt på 1900-talet. Det vart funne styva ask og lind med opptil 1 meter i stammediameter.

*Artsfunn:* Viktigaste funn var den svært sjeldne raudlistearten lindekolsopp *Biscogniauxia cinereolilacina* (NT - nær truga) på ein stubbe av lind. Funnet er bestemt av spesialisten Alfred Granmo, Tromsø museum. Arten er sterkt knytt til daud ved av lind, og er ofte funnen i styvingslier. Denne arten har tidlegare berre 5-6 kjende lokalitetar i Noreg og ca. 10 i Sverige (han er VU - sårbar på den svenske raudlista - tidlegare også EN-sterkt truga), og er internasjonalt betrakta som svært sjeldan med funn utanom Norden berre i Tsjekkia, Bulgaria, Frankrike og Ungarn forutan Nord-Amerika (Norsk soppdatabase på Internett, ArtDatabanken Sverige på Internett, Granmo et al. 1989, <http://pyrenomyctes.free.fr/>, Alfred Granmo pers. medd.). Bestandar av lindekolsopp i eit område med mange grove og styva lindetre vil vera forvaltningsmessig svært viktige fordi det stadig vert produsert høveleg substrat, og arten kan da ha sjanse til å overleva i lang tid. Varmekjære (boreonemorative) planteartar: lundgrønaks og skogsvingel, elles vivandel, smørbusk og hengjeaks. Den kystbundne lavarten kystnever vart også funnen. Artsutvalet er ikkje grundig undersøkt.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (viktig) på grunn av at det er ein tidlegare haustingsskog med ein del gamle styvingstre og den svært sjeldne lindekolsoppen på daud ved av styva lind. Det forholdet at skogen ikkje har vore styva på ganske lang tid vert dermed mindre viktig.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg å ta opp att styvinga på nokre stader i Ryfylke, og dette er ein av dei stadene som bør prioriterast høgt. Elles bør ein unngå hogst og fysiske inngrep.

## 45 Hjelmeland: Jøsenfjorden: Ytre Eidane

**Posisjon:** LL 457 760  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark, haustingsskog  
**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
		100		100			100			

**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 23.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei beitemark på Ytre Eidane i Jøsenfjorden (Hjelmeland), mellom frukthage og skog. Marka er nokså steinet med noko einstape. I øvre deler har marka hagemarkspreg, med innslag av styva ask m.m. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var mest ei utforming av frisk fattigeng (G4), med innslag av litt meir kalkkrevande vegetasjon, og parti med einstapedominans. Det er og større steinar og bergknausar med vegetasjon på grunnlendt berg (F3). Av treslag, mest i kantane, kan nemnast ask, hassel, eik og hengjebjørk.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er framleis beita av sau. Ein hadde kyr til ca. 1965 (3 kyr), no 30 vinterfora sau. Sauene går ute heile vinteren. Beitet er ugjødsla i dag (kjelde: Gudmund og Marta Eidane). Området har noko styva ask (opp til 50-60 cm stammediameter).

*Artsfunn:* Av planter vart det funne blåklokke, bråtestorr, engfiol, englodnegras, fjellmarikåpe, gjeldkarve, gulsildre, hårsvæve, kattefot, knegras, kornstorr, kystbergknapp, kystgrisøyre, kystmaure, markjordbær, ein mispel-art, raggtelg, skoggråurt, smalkjempe, smørbukk, småsmelle, tiriltunge, vill-lin og vivendel. Vill-lin er regionalt uvanleg. Den sjeldne oksetungesoppen *Fistulina hepatica* (NT - nær truga på raudlista) vart funnen på ei gammal daud, kjempeeik i beitemarka. Av beitemarkssopp vart det funne mørktanna raudskivesopp *Entoloma serrulatum* og *Entoloma longistriatum* (utan norsk namn), men det er truleg potensiale for mange fleire slike artar.

*Prioritering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark som framleis vert beita, og har eit variert og interessant arts mangfald knytt til den tidlegare bruken, m.a. fleire kyststartar og kalkkrevande artar samt ein raudlisteart knytt til gammal eik. Dessutan finst den sterkt truga skjeggknoppurten like utanfor gjerdet og kan ha levevilkår i lokaliteten.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga, og minst muleg gjødsling, fysiske inngrep og tilleggsfording.

## 46 Hjelmeland: Jøsenfjorden: Ytre Eidane, småbiotop

**Posisjon:** LL 4581 7606

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Småbiotop

**Utforming:** Kantsamfunn

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Næring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	rik	
		100			100			100			
<b>Verdi:</b>											
<b>Mulege truslar:</b>											
<b>Undersøkt, kjelder:</b>											

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ein liten flekk med skjeggknoppurt som ligg like inntil den avgrensa beitemarka på Ytre Eidane i Jøsenfjorden (Hjelmeland). Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart osseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Skjeggknoppurten veks i kanten av graskledd veg/sti frå garden til beitegrinda, ganske nær grinda. Vegen er slått, men skjeggknoppurten står blant bringebærvegetasjon i kanten av vegen. Dette kan vel best karakteriserast som kantkratt (F5).

*Kulturpåverknad:* Staden ligg midt i eit kulturlandskap med frukthage, stigar og beite og har vore kulturpåverka gjennom lang tid.

*Artsfunn:* Grunnen til avgrensinga er at dette er ein skjeggknoppurt-lokalitet, det vart funne 2 planter med ca. 20 stenglar. Skjeggknoppurt står som sterkt truga (EN) i den nye raudlista, og er akutt truga i heile Rogaland.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at lokaliteten er leveområde for ein liten bestand av ein raudlisteart i høg kategori.

*Omsyn og skjøtsel:* Ein bør sjå til at skjeggknoppurten ikkje vert utkonkurrert av kantkratt med bringebær, men får høve til å utbreia seg. Derfor kan det vera grunn til å tukta bringebærkrattet med t.d. ljå om hausten og helst slå forsiktig rundt plantene om sommaren så dei får nok lys.

Skjeggknoppurt er ei lyskrevande plante. Det er også viktig å halda unna svartknoppurt som kan kryssa seg med skjeggknoppurten. Skjeggknoppurt er kanskje den sjeldnaste og mest truga plantearten i kulturlandskapet i Hjelmeland.

## 47 Hjelmeland: Jøsenfjorden: Østerhus (1)

**Posisjon:** LL 539 793

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Næring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	rik	
		100		100			100				

**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 23.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* I kulturlandskapet på Østerhus ved Vadla i Jøsenfjorden (Hjelmeland) finst fleire beitebakkar som truleg har vore relativt lite gjødsla. Dette er ein slik beitebakke, som ligg litt aust for grustaket på staden. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er frisk fattigeng (G4).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er beita av sau. Området har truleg vore svakt gjødsla, men det finst framleis einskilde planteartar som trivst best med lite gjødsling.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. aurikkelsvæve, blåknapp, blåmunke, knegras, kystmaure, smalkjempe og småsmelle. Kystmaure viser at her er milde vintrar med eit noko kystprega klima. Blåmunke er ein sørleg art som ofte veks på sand og grus.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi C lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstiller kriteria til B.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med framhaldande beiting.

## 48 Hjelmeland: Jøsenfjorden: Østerhus (2)

**Posisjon:** LL 535 791  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	veksfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		

**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 23.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* I kulturlandskapet på Østerhus ved Vadla i Jøsenfjorden (Hjelmeland) finst fleire beitebakkar som truleg har vore relativt lite gjødsla. Denne lokaliteten ligg sørvest for husa. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er frisk fattigeng (G4).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er beita av sau (fram til 1970 også storfe, kjelde John Østerhus). Området har truleg vore svakt gjødsla, men det finst framleis einskilde planteartar som trivst best med lite gjødsling.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. aurikkelsvæve, blåklokke, blåknapp, blåkoll, blåmunke, kystgrisøyre, kystmaure, revebjelle og småsmelle. Kystmaure viser at her er milde vintrar med eit noko kystprega klima. Blåmunke er ein sørleg art som ofte veks på sand og grus.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi C lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstiller kriteria til B.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med framhaldande beiting.

## 49 Hjelmeland: Jøsenfjorden: Østerhus (3)

**Posisjon:** LL 5328-5342, 7907 -7914  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Artsrik vegkant  
**Utforming:**

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	veksfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		

**Verdi:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep som t.d. grøfterensk, opphør av kantslått, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 23.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten er ein vegkant, ei strekning på om lag 150 meter nedanfor Østerhus ved Vadla i Jøsenfjorden (Hjelmeland), med ein svært viktig skjeggknoppurt-bestand. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er eng- og kantsamfunn som er mest i slekt med engserien (G), men også med ein del artar som høyrer heime i kantsamfunn og i skog generelt og edellauvskog spesielt. Eit brukbart alternativ er truleg F4 Urterik kant. Av treslag inntil vegen kan nemnast ask, hengjebjørk, selje og svartor.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten er ein vegkant som kanskje vert skjøtta med kantslått.

**Artsfunn:** Dette er ein svært viktig skjeggknoppurt-lokalitet, ca. 35-40 planter/røter. Elles vart det funne blåklokke, hestehavre, krattlodnegras, kvitbladtistel, kystgrisøyre, lundgrønaks, markjordbær, mjødurt, skogbjørnebær, skogsål, smalkjempe, smørbusk, stankstorkenebb, strandkjempe, strandrøyr, tiriltunge og tågebær.

**Prioritering:** Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av førekomst av ein raudlisteart i høg kategori. Dette kan vera ein av dei største einskildbestandane i Rogaland.

**Omsyn og skjøtsel:** Ein bør sjå til at skjeggknoppurten korkje vert tidleg slått eller utkonkurrert, men får høve til å utbreia seg. Det er viktig å unngå kraftig grøfterensk på denne staden. Skjeggknoppurt er ei lyskrevande plante. Det beste vil truleg vera ein svært sein kantslått om hausten, elles ingen ting. Det er også viktig å halda unna svartknoppurt som kan kryssa seg med skjeggknoppurten.

Skjeggknoppurt er kanskje den sjeldnaste og mest truga plantearten i kulturlandskapet i Hjelmeland, og han lever farleg.

## 50 Hjelmeland: Måland

**Posisjon:** LL 393 557

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark, hagemark

**Utforming:** Askehage

Jordfuktigkeit			Baserikheit			Näring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		

**Verdi:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing, opphør av styving

**Undersøkt, kjelder:** 21.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg ved riksvegen gjennom Tysdal og består av beitemarker som har innslag av steinete einerbakkar. Lokaliteten grensar i øvre del til rasmarker, i vest til gammalt skogsbeite (ikkje avgrensa). Nedst grensar lokaliteten til noko meir gjødsla gammal eng. På og rundt den opne beitemarka er det styva ask, lind og hengjebjørk. Naturbeitemarka går over i hagemark, og vidare i haustingsskog med styvingstre som ikkje er undersøkt av underteikna. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er dominert av frisk fattigeng (G4, >70%) med innslag av steinur/rasmrk (20-30%). Einer finst meir eller mindre spreidd på 60% av arealet, tettast i øvre del. Innslag av svartor.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten har vore gjødsla, men ikkje meir enn at gjødslingsfølsame artar har overlevd. Området vart før beita av sau, men no av hest (ny eigar). Både ask, lind og hengjebjørk har vore styva. Eit steingjerde dannar grense mot skogen i vest.

**Artsfunn:** Av planter kan nemnast aurikkelsvæve, beitesvæve, blåklokke, gjeldkarve, gulaks, knegras, kystmaure, lækjeveronika, smalkjempe og tiriltunge. På styvingstre rundt beitemarka og i ura ovanfor er det av John Inge Johnsen funne fire raudlista lavartar, som dels er svært kravfulle når det gjeld fuktigkeit: skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis* (VU-sårbar, på lind og ask), *Gyalecta truncigena* (VU-sårbar, på lind), prakthinnelav *Leptogium cochleatum* (EN-sterkt truga, på lind), og *Thelopsis rubella* (VU-sårbar, på lind).

**Prioritering:** Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei mindre, relativt intakt hagemark og naturbeitemark med ei sterk ansamling av lavartar i høg raudlistekategori. Området er i middels god hevd.

**Omsyn og skjøtsel:** Det er ønskjeleg at området vert halde i hevd med beiting også i framtida. Alle styvingstre må få stå til dei ramlar av seg sjølv. Også styving av yngre tre burde takast opp att, elles vil kanskje desse sjeldne lavane ikkje kunna overleva på lengre sikt. Der eineren er tettast kan han med fordel tynnast (mest i øvre del).

## 51 Hjelmeland: Målandsdalen

**Posisjon:** LL 398 561

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark, hagemark

**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
		100			100			100		

**Verdi:** B (viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 21.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg i Målandsdalen i Hjelmeland og består av opne rasmarker beita av sau.

Lokaliteten grensar til ein askehage og haustingsskog med mange styvingstre, delvis verna som naturreservat. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er dominert av frisk fattigeng (G4, ca. 80%), med innslag av meir gjødselpåverka engvegetasjon på rundt 20% av arealet i nedre deler. I øvre deler går beitet over i hagemark med hassel, hengibjørk, svartor og styva ask, samt innslag av lind.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten vert beita av sau. Det har vore gjødsla med kunstgjødsel for hand. Styving vart det slutt med rundt 1950 (kjelde: gardbrukar). Det er elles eit fint og intakt system av steingardar på bruket.

**Artsfunn:** Av planter vart m.a. notert blåklokke, blåkoll, gulaks, kystmaure, smalkjempe og tiriltunge.

**Prioritering:** Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre, relativt intakt naturbeitemark som er litt påverka av gjødsling. Området har ein middels artsrikdom.

**Omsyn og skjøtsel:** Det er ønskjeleg at området vert halde i hevd med beiting også i framtida. Ein bør så langt råd unngå gjødsling og fysiske inngrep.

## 53 Hjelmeland: Nord for Kvamme

**Posisjon:** LL 400 700

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
		100			100			100		

**Verdi:** B (viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 22.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten er øvre del av eit jamt over gjødsla beitelandskap nord for Kvamme i Hjelmeland. Det er truleg det minst gjødselpåverka området i dette landskapet og ligg langs vegen over til Hagali. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Heile det avgrensa området har frisk fattigeng (G4), ei utforming med mykje kystmaure. Det står spreidd søyleeiner på lokaliteten, nokre var meir buskforma. I kantane er det bjørk.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er ein del av eit gammalt beitelandskap som framleis er beita av sau. Øvre delen ser ut til å vere nokså sparsamt gjødsla.

*Artsfunn:* Det vart observert mykje kystmaure, elles aurikkelsveve, blåklokke, knegras, lækjeveronika og tiriltunge. Det er truleg godt potensiale for beitemarkssopp.

*Prioritering:* Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre naturbeitemark som truleg har vore litt gjødsla, men likevel har eit nokså intakt artsmangfald knytt til beitebruken, m.a. mykje kystmaure og andre naturengplanter. Området har ein middels artsrikdom. Det ser ut til å vera potensiale for beitemarkssopp.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga, og minst muleg gjødsling og tilleggsforing. Ein bør og unngå fysiske inngrep.

## 55 Hjelmeland: Tysdal: Kvalåsen

**Posisjon:** LL 376 545

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Kystlynghei, naturbeitemark

**Utforming:** Tørr lynghei (H1)

Jordfuktigkeit			Baserikheit			Næring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		
<b>Verdi:</b>		B (viktig)							
<b>Mulege truslar:</b>		Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroing							
<b>Undersøkt, kjelder:</b>		21.08.2006, JBJ							

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i Tysdal i Hjelmeland og består delvis av kantområde og ein større haug inntil eit område med dyrka mark. Det er m.a. ein einerbakke, og det finst litt naturbeitemark, men vegetasjonen har særleg karakter av velskjøtta kystlynghei. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er vurdert til ca. 60% kystlynghei og ca. 40% naturbeitemark. Røsslyngen er godt nedbeita og lite synleg. Heitypen er ein mellomting mellom fuktig og tørr, men kan nok delvis seiast å vera tørrhei (H1, truga vegetasjonstype).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har delvis vore gjødsla, men ikkje over alt, og ikkje i dei bratte bakkane. Området vert beita av sau heile sesongen, også om vinteren. Det var meir røsslyng før, men området brann for ca. 10 år sidan (kjelde: grunneigar). Noko av eineren brann også og står no att som kostar med daud ved.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast aurikkelsvæve, blåklokke, bråtestorr, geitsvingel, gulaks, klokkelyng, knegras, kystmaure og kystmyrklegg.

*Prioritering:* Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er eit mindre, relativt intakt kystheimområde med mindre inngrep i form av gjødsling. Det finst innslag av tørrhei (truga vegetasjonstype). Området er i god hevd.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg at området vert halde i hevd med beiting også i framtida.

## Hå

### 56 Hå: Aust for Ørvabø

**Posisjon:** LK 2040 9269

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Slåtte- og beitemyr

**Utforming:**

Jordfuktigkeit			Baserikheit			Næring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100			100				100		

**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt, kjelder:** 20.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg inne i heiane aust for Øvrabø, søraust for Øvrabøvatnet i Hå, nær grensa til Eigersund, og er ei noko attgroande myr som kan klassifiserast som kystmyr eller slått- og beitemyr, men det er og innslag av hei. Ein har velt naturtype slåtte- og beitemyr, fordi klokkesøte finst her, og vil vera avhengig av beiting og trakk for å overleva. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Lokaliteten har ein del myr med betydelege mengder blåtopp og rome, men det er og innslag av heivegetasjon med ein del røsslyng. Litt småbjørk.

**Kulturpåverknad:** Området har truleg vore beita tidlegare, men hadde ikkje vesentlege teikn på beiting i seinare tid, og er i sakte attgroing.

**Artsfunn:** Viktigast er funn av raudlistearten klokkesøte (EN - sterkt truga på raudlista). Det vart elles funne blodtopp.

**Prioritering:** Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit beitepåverka myrlandskap med viktige bestandar av raudlistearten klokkesøte, ein art som nasjonalt har eit svært lite utbreiingsområde og står i kategori EN-sterkt truga.

**Omsyn og skjøtsel:** Ein bør unngå fysiske inngrep, gjødsling, og lokaliteten bør beitast.

Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg.

## 57 Hå: Moivika, austre del (Moikleiva)

**Posisjon:** LL 161 869  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei  
**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Näring		
fuktig	veksselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100				100			100			

**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 06.10.2006, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg på kysten i Hå kommune nær grensa til Eigersund ved riksveg 44 og er tidlegare registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Ved tid til betre undersøkingar kan det henda at han kan verta del av ein større lokalitet (Stemmefjellet). Avgrensing i nord og aust er difor usikker. Ein del grunnlendte berg. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er dominert av fuktheiar (H3) med blåtopp, røsslyng, pors og rome. Det er også fattige myrflekker i sokka. I berga mot riksvegen er det litt vivendel, småeik og småbjørk.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten verka ved undersøkinga lite beita, men det fanst intakte gjerde og litt saueskit. Han er i byrjande attgroing.

**Artsfunn:** Særleg viktig er eit einskildfunn av raudlistearten klokkesøte (EN - sterkt truga på raudlista). Den tidlegare raudlistearten bronseraudskivesopp *Entoloma formosum* (R på førre raudlista) vart også funnen. Av planter kan nemnast blodtopp, fagerperikum, kornstorr, krypvier, kystmyrklegg og vivendel. Fylkesmannen i Rogaland (1994) oppgjør at det skal finnast jærtistel og solblom i området, men opplysningane er sparsame. John Inge Johnsen (pers. komm.) har observert jærtistel (EN) i vegkanten utanfor lokaliteten i 2005.

**Prioritering:** Lokaliteten får under tvil verdi A (svært viktig) fordi det er ei større kystlynghei som er nok er kome eit stykke i attgroing, men der viktige kvalitetar framleis er intakte. Funn av klokkesøte (som står i høg kategori på raudlista) er truleg restar av ein bestand som no er i fare. Det er også muleg at raudlisteartane solblom og jærtistel finst i lokaliteten, men dette må undersøkjast nærmere. Verdiane vil gradvis vil gå tapt om ikkje tiltak med beiting m.m. vert sett inn.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er viktig å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Lokaliteten bør beitast og evt. sviast i samsvar med tidlegare bruk. Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling. Bestandar av solblom og jærtistel bør kartleggjast og stadfestast.

## 58 Hå: Moivika, vestre del

**Posisjon:** LL 15 86  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		
<b>Verdi:</b>					B (viktig)				
<b>Mulege truslar:</b>					Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing				
<b>Undersøkt, kjelder:</b>					06.10.2006, JBJ				

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på kysten i Hå kommune nær grensa til Eigersund og er tidlegare registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Det var ein del grunnlendte bergknausar og nakne bergknausar. Vegetasjonen var moserik med ca. 60% G4 frisk fattigeng, 30% G2 blåtoppeng og 10% H3 fukthei.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var i 2006 undersøkinga beita av storfe og sau.

*Artsfunn:* Av planter vart det m.a. funne blåklokke, knegras, kornstorr, kystgrisøyre og smalkjempe. Det vart funne 4 vokssoppartar: seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*), liten mønjevokssopp (*Hygrocybe miniata*), kjeglevokssopp (*Hygrocybe conica*) og kantarellvokssopp (*Hygrocybe cantharellus*).

Fylkesmannen i Rogaland (1994) oppgjev at det skal finnast jærtistel (EN) og solblom (VU) i området, men opplysingane er sparsame. John Inge Johnsen (pers. komm.) har observert solblom i vegkanten utanfor lokaliteten i 1995 men ikkje 2005.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ei større, intakt naturbeitemark som framleis vert beita, og med eit visst utval av artar som toler gjødsling därleg. Viss solblom eller jærtistel finst i lokaliteten, kan verdien verta sett høgare.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling. Eventuelle bestandar av solblom og jærtistel bør kartleggjast og stadfestast.

## 59 Hå: Ogna

**Posisjon:** LK 1268 9185  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Småbiotop  
**Utforming:** Skogholte med engpartier

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		
<b>Verdi:</b>					A (svært viktig)				
<b>Mulege truslar:</b>					Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite/slått, attgroing				
<b>Undersøkt, kjelder:</b>					30.09.2006, SI & JBJ				

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved Ogna i Hå. Eg har fått kjennskap til han frå Helge Fjeldstad (Miljøfaglig Utredning AS). Dette er ein småbiotop med solblom i sterkt attgroande hei i eit område som no har ein del hytter og som ikkje vert nytta til slått eller beiting lenger. Solblomen er etter det vi får opplyst ein rest av ein tidlegare mykje større bestand i området (kjelde: Else Sønstabø). Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var fukthei med blåtopp, planta sitkagran m.m.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er i sterkt attgroing, men nærmeste hytteeigaren er merksam på situasjonen og er motivert til å ta vare på denne restbestanden (kjelde: Helge Fjeldstad).

*Artsfunn:* Viktigast er at dette er ein solblom-lokalitet (VU=sårbar på raudlista). Det var berre ein blomsterstengel i 2006.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi ei tidlegare skjøtta hei med ein restbestand av solblom som står i ein av dei høgare kategoriene på raudlista. Verdien som kulturlandskap vil ganske fort gå tapt om ikkje tiltak vert sett inn.

*Omsyn og skjøtsel:* Ein bør opna opp for å skapa lys rundt restbestanden, dessutan bør ein slå i eit visst område rundt plantene. Sidan landbruksdrifta er opphørt og det meste av solblomen alt forsvunne, er det mest realistisk å ha som målsetting å ta vare på denne vesle restbestanden ved skjøtselsslått på eit mindre område.

## 60 Hå: Tuve/Hundamyra

**Posisjon:** LL 151 871

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit			Baserikheit			Näring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 06.10.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på kysten mellom Ogsa i Hå og grensa til Eigersund. Han er tidlegare registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen består av frisk fattigeng (G4, 30%), blåtoppeng (G2, 30%), resten har ein del pors og einer.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var ved undersøkinga beita av sau, med unntak av ei inngjerda hyttetomt.

*Artsfunn:* Fylkesmannen i Rogaland (1994) oppgjev m.a. solblom og flekkgrisøyre på staden. I 2006 vart det attfunne 5 rosettav solblom (VU=sårbar på raudlista). Det vart elles funne mange planter typiske forenger i kyststrok, m.a. blodtopp, kystgrisøyre, hårvæve, strandkjemp, smalkjemp og småengkall. Av beitemarksopp vart det funne 7 vokssopp-arter, 3 raudskivesoppartar, m.a.

raudlistearten *Entoloma atrocoeruleum* (DC), og dessutan krittvokssopp (*Hygrocybe virginea*), grøn vokssopp (*Hygrocybe psittacina*), seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*), honningvokssopp (*Hygrocybe reidii*), skjørvokssopp (*Hygrocybe ceracea*), engvokssopp (*Hygrocybe pratensis*), kjeglevokssopp (*Hygrocybe conica*), mørktanna raudskivesopp (*Entoloma serrulatum*), silkeraudskivesopp (*Entoloma sericellum*) og kolmjølkehette (*Mycena leucogala*).

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ei intakt naturbeitemark som framleis vert beita, med eit godt artsutval, mellom anna solblom som står i ein høgare kategori i raudlista.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## 62 Hå: Ved Vandavatnet, vestre myr

**Posisjon:** LL 106 002

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Slåtte- og beitemyr

**Utforming:**

Jordfuktigkeit			Baserikheit			Näring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 06.10.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved Vandavatnet i Hå. Undersøkinga var eit ønske frå Hå kommune. På grunn av at myra er prega av beiting har ein velt kategori slåtte- og beitemyr (under hovudnaturtype kulturlandskap). Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Lokaliteten er ei fattig planmyr utan innslag av nedbørsmyr. Dessutan var det ein vasspytt med takrøyrr. Det var mykje blåtopp, og dels pors og rome i myrvegetasjonen.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var ved undersøkinga inngjerda av eit lågt piggtrådgjerde som ikkje held dyra ute. Han var beita av storfe. Myra er påverka av gjødsling og næringsrike tilsig frå områda rundt.

*Artsfunn:* Det vart m.a. funne blodtopp.

*Prioritering:* Lokaliteten vert plassert i C (lokalt viktig) fordi han truleg ikkje tilfredsstiller kriteria til B korkje som slåtte- og beitemyr eller kystmyr. På grunn av gjødseltilsig er det tvilsamt om myra kan seiast å vera intakt, sjølv om deler av myra er lite påverka.

*Omsyn og skjøtsel:* Dersom ein ønskjer å bevara lokaliteten som myr, bør ein ha ein buffersone rundt der det ikkje vert gjødsla. På sikt kan det vera muleg å restaurera lokaliteten som intakt myr, og verdien kan verta høgare. Elles må ein unngå fysiske inngrep som påverkar den hydrologiske balansen. Beiting bør vera moderat, og ein bør unngå trakkskader. Det er betre med lette enn med tunge dyr.

## 63 Hå: Fuglestad

**Posisjon:** LL 131 952  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit					Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
		100			100			100		

**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 06.10.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg nordaust for Fuglestad (søraust for Vettaland) i Hå, og er tidlegare registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Det er ein liten, artsfattig einerbakke i eit større landskap av gjødsla eller attgroande/tilplanta beite opp mot Kvennhamrane. Han grensar til eit større plantefelt med sitkagran og lerk. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var i hovudsak moserik frisk fattigeng (G4), dominert av engkvein og finnskjegg, med innslag av noko einer.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var i 2006 beita av storfe og sau. Mykje av området verka gjødsla, og den avgrensa lokaliteten inneheld dei delene som verka minst gjødsla.

*Artsfunn:* Solblom (VU=sårbar på raudlista) vart funnen einkvan stad i området tidlegare (sparsame data, Fylkesmannen i Rogaland 1994), men vart ikkje funnen i 2006. Av planter vart det funne m.a. blåklokke og hårsvæve. Det vart funne eit par vidt utbreidde beitemarksoppar: seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*) og liten mønjevokssopp (*Hygrocybe miniata*).

*Prioritering:* Lokaliteten er plassert i kategori C (lokalt viktig), for han tilfredsstiller truleg ikkje krava til B. Om solblom vert funnen vil verdien verta høgare.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## 64 Hå: Moifjellet

**Posisjon:** LL 16 86  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 06.10.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei beitemark som ligg på Moifjellet mellom riksveg 44 og sjøen, på grensa mellom Hå og Eigersund. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Lokaliteten er dominert av frisk fattigeng (G4) med overgangar mot fuktig fattigeng (G1). Dominerande planteartar var engkvein, raudsvingel og relativt mykje finnskjegg.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var ved undersøkinga beita av sau. Han er truleg er svakt gjødsla.

*Artsfunn:* Av planter vart det m.a. funne hårsvæve, knegras og småsmelle. Av sopp kan nemnast gul småkøllesopp (*Clavulinopsis helvola*), gul nålehatt (*Rickenella fibula*) og gul vokssopp (*Hygrocybe chlorophana*).

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ei relativt intakt naturbeitemark som framleis vert beita.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## 65 Hå/Eigersund: Ognadalen-Hellvik

**Posisjon:** LK 15-24, 88-94  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei, slåtte- og beitemyr  
**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 18.08.2006, A. Steinnes, J.I. Johnsen & JBJ (ved steinbrotet nord for Hellvik), 20.08.2006, JBJ (langs Vestlandske hovudveg)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit stort heirområde nord og sør for Vestlandske hovudveg mellom Eigersund og Ogsna, frå den skogkledde Ognadalen i nord og sørover til steinbrotet ved Hellvik.

*Vegetasjon:* Heile dette store området er dominert av fukthei (H3) med m.a. blåtopp. Det finst overgang mot tørr hei (truga vegetasjonstype) på ein del grunnlendte knausar. Elles finst m.a. ein del mindre fattige myrområde, ofte med klokkesøte. Dessutan finst oligotrofe (næringsfattige) ferskvatn.

*Kulturpåverknad:* Området har truleg i lang tid vore påverka av beiting. Det er jamt over eit middels til dårleg beitetrykk av sau og somme stader storfe. Einskilde sitkagranplantingar og vegar.

Vestlandske hovudveg går gjennom lokaliteten. Det er gradientar mot gjødsla beite i nærleiken av gardane i utkanten av området.

*Artsfunn:* Av planter må særleg nemnast gode bestandar av klokkesøte (EN - sterkt truga på raudlista). Området er undersøkt heilt i sør ved steinbrotet, og mange stader langs Vestlandske hovudveg. I alle undersøkte område med høveleg vegetasjon vart det funne klokkesøte (sjå tabell 3 over raudlistefunn). Bestandane består sannsynlegvis av eit minst 4-sifra tal individ (tusenvis av planter). Dette er dermed

ein svært viktig bestand. Av andre planteartar kan nemnast t.d. blodtopp, heiblåfjør, klokkelyng, krypvier og kvitmyråk.

*Prioritering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort, intakt kystheimråde med relativt lite inngrep i form av gjødsling, dyrking, oppslag av tre, vegar og avgrensa mengd med granplanting. Det er viktige bestandar av raudlistearten klokkesøte, ein art som nasjonalt har eit svært lite utbreiingsområde og står i kategori EN-sterkt truga. Beitetrykket kunne vore betre mange stader.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast hardare enn i dag, elles vil det kunne gro att på lang sikt. Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep. Vestlandske hovudveg er ein mykje nytta turveg med nokre informasjonstavler om kulturminne, og vil og kunne nyttast til ytterlegare informasjon om bruken av dette gamle kulturlandskapet med tilhøyrande biologisk mangfald.

## Karmøy

### 66 Karmøy: Austnes, midtre del

**Posisjon:** KL 93 77  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei  
**Utforming:** Tørr lynghei (H1)

Jordfuktigkeit					Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
70		30		100			100			
<b>Verdi:</b> A (svært viktig)										
<b>Mulege truslar:</b> Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing										
<b>Undersøkt, kjelder:</b> 09.10.2006, JBJ										

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei halvøy på sørlege del av den faste øya Fosen i Karmøy kommune. Området er undersøkt vest for Leirvåg, og nord for vegen til Breivik midt på øya. Lokaliteten er ein del av større heirområde i denne delen av Rogaland. På grunn av svært dårlig ver og dårlig tid er området ikkje tilfredsstillande undersøkt. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Vegetasjon:* Lokaliteten inneholder både litt myr og fukthei, mest viktig er ein del tørrhei (H1) med purpurlyng, røsslyng, krekling, einer, tytebær og mjølbær, ein truga vegetasjonstype (EN - endangered). Tørrhei utgjorde rundt 30%, fukthei (H3) ca. 70%.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har middels til litt svakt beitetrykk av sau.

*Artsfunn:* Det vart funne ein god del purpurlyng (NT-nær truga på raudlista), ein art som er truga av den generelle tilbakegangen av intakte tørrheier på Vestlandskysten. Det vart elles funne heisiv, knollerteknapp, krypvier, kystmaure og mjølbær. Av soppfunn kan nemnast seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*), gul småkøllesopp (*Clavulinopsis helvola*) og myrhette (*Mycena megaspora*).

*Prioritering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit intakt kystheimråde med lite inngrep, som er i middels hevd og inneholder den truga vegetasjonstypen tørrhei (EN) med gode bestandar av purpurlyng. Tilstanden vil vera viktig for om verdien kan oppretthaldast framover.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Lokaliteten bør beitast og evt. sviast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## Lund

### 67 Lund: Dybing: Fuglåsen

**Posisjon:** LK 432 857  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei  
**Utforming:** Tørr lynghei (H1)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
50		50		100			100			
<b>Verdi:</b> C (lokalt viktig)										
<b>Mulege truslar:</b> Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing										
<b>Undersøkt, kjelder:</b> 01.10.2006, JBJ										

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg nær Dybingsvatnet vest for Heskestad i Lund. Det er eit heirområde som er gått ut av bruk, men som framleis er ope og relativt intakt. Det finst litt steinur og berg i dagen. Det avgrensa området ligg på vestsida av vegen til Fuglåsen, medan området på austsida er såpass attgroande med bjørk at det ikkje er avgrensa. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er dominert av middels grov røsslyng (20-40 cm). Det er over 50% tørrhei (truga vegetasjonstype), med innslag av einstape. Det var og litt fattig myr med bjønnskjegg. Spreidd oppslag av småbjørk.

*Kulturmåverknad:* Lokaliteten vert ikkje skjøtta/beita lenger, og er i attgroing. Det var steingjerde og delvis intakte nettingjerde.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. heiblåfjør, klokkeling, knegras, kornstorr og kystmyrklegg. Heiblåfjør og kystmyrklegg var svært sparsame pga. attgroinga.

*Prioritering:* Lokaliteten vert plassert i C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstiller kriteria til B. Hovudgrunnen er at lokaliteten er utan beiting, og i attgroing med delvis grov røsslyng og innvandrande buskas. Om ein tek opp att hevden, kan verdien verta høgare, sidan det m.a. finst ein del av den truga vegetasjonstypen tørrhei.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er relativt få intakte heirområde i denne delen av Sør-Rogaland. Det kunne vera ønskjeleg med restaurering i form av sviing, beiting og rydding av buskoppsslak.

## Rennesøy

### 68 Rennesøy: Askje: Haraldhaugen S

**Posisjon:** LL 091 517

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark, kystlynghei

**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100				100			100			

**Verdi:** B (viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 09.10.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på sørvestre del av Askje i Rennesøy kommune, mellom Haraldhaugen og stranda, og er eit udyrka heirområde med innslag av naturbeitemark. Ein lokalitet kalla Haraldshaugen (BN00004818) er avgrensa nord for denne, naturtype kystlynghei og verdi C (lokalt viktig) (sparsame data). Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er dels frisk fattigeng (G4) med engkvein og kystmaure, i mosaikk med kystlynghei og små myrsig. Det er ein del einer på lokaliteten. Gjødslingsindikatorar var engrapp, kvitkløver og engsyre.

*Kulturmåverknad:* Lokaliteten var ved undersøkinga beita av storfe og var i relativt god hevd.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. ein del kystmaure, elles hårvæve, kystbergknapp, rognasal, smalkjempe, vivendel m.m. Nokre få vanlege beitemarkssoppar, m.a. silkeraudskivesopp (*Entoloma sericellum*) og kjeglevokssopp (*Hygrocybe conica*). Det er nok potensiale for fleire artar av beitemarkssopp.

**Prioritering:** Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ei intakt kystlynghei og naturbeitemark som framleis vert beita, og med eit visst innslag av artar knytt til denne naturtypen. Det kan tenkjast at ei samanslåing med BN00004818 gjev ein lokalitet som bør ha verdi B.

**Omsyn og skjøtsel:** Lokaliteten bør beitast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## 69 Rennesøy: Askje: Kalhagnes

**Posisjon:** LL 100 532  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		
<b>Verdi:</b>									B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>									Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt, kjelder:</b>									03.10.2006, JIJ & JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten er ei einerdominert beitemark på nordlege del av Askje (i Renneøy), mot stranda nordaust for vegen ved Vaulen, ut mot Kalhagnes (Kadlanes på økonomisk kart). Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon (O3t).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er dels frisk fattigeng med kystmaure (G4), men det finst og parti med meir heiprega vegetasjon med blåtopp og klokkeling. Lokaliteten er noko attgrodande med rundt 40% dekning av ener.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten er udyrka og beita av sau, og har truleg vore i bruk som naturbeitemark i lang tid, noko m.a. førekomsten av ener tyder på.

**Artsfunn:** Av planter kan nemnast: heisiv, klokkeling, knegras, kystgrisøyre, kystmaure, smalkjempe og svarthyll. Det var funne 4 trivielle beitemarkssopp. seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*), kantarellvokssopp (*Hygrocybe cantharellus*), gul vokssopp (*Hygrocybe chlorophana*), gul småköllesopp (*Clavulinopsis helvola*), og dessutan rosafagerhatt (*Calocybe carneae*). Det er potensiale for fleire artar av beitemarkssopp.

**Prioritering:** Ein har under tvil sett verdi B (viktig) fordi det er ei intakt naturbeitemark med nokre biologiske kvalitetar, men utan spesielt sjeldne eller kraffulle artar.

**Omsyn og skjøtsel:** Det er ønskjeleg å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Lokaliteten bør beitast i samsvar med dagens og tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling. Ein bør vurdera å rydda vekk noko av ener, men ikkje alt.

## 70 Rennesøy: Askje: Vaulen

**Posisjon:** LL 098 532  
**Hovudnaturtype:** Havstrand/kyst, kulturlandskap  
**Naturtype:** Strandeng og strandsump, naturbeitemark  
**Utforming:** Hevda med beite

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			50	50	
<b>Verdi:</b>									B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>									Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt, kjelder:</b>									03.10.2006, JIJ & JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg på Askje i Rennesøy, og består av beita strandenger og naturbeitemarker rundt ei beskytta våg. Sidan vegetasjonen i stor grad er salt påverka vel ein å prioritera naturtype strandeng/strandsump framfor naturbeitemark. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon (O3t).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen på land er nærmest sjøen i stor grad nedre og midtre salteng (U4) og øvre salteng (U5). Lenger inn på land går denne over i G4 frisk fattigeng og noe fuktig hei (H3).

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten var ved undersøkinga beita av sau, elles var lokaliteten lite påverka.

**Artsfunn:** Det er tidlegare funne saltbendel og saltarve (John Inge Johnsen). Vegetasjonen var kortbeita og noko vanskeleg å kartleggja på artsnivå, men det vart notert gåsemure, kystmaure, skjørbuksurt, smalkjempe, strandkryp og strandnellik. 10 relativt vidt utbreidde artar av beitemarkssopp. Av soppartar kan nemnast gul småfingersopp (*Clavulinopsis corniculata*), raud åmeklubbe (*Cordyceps militaris*), elfenbeinshette (*Mycena flavoalba*), myrhette (*Mycena megaspora*), seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*) og silkeraudskivesopp (*Entoloma sericellum*). Ein sjeldan mose som også står på den nye raudlista vart funnen: sporemose *Archidium alternifolium* (NT), ein art som gjerne førekjem langs trakk og stigar. Lokaliteten har og viltfunksjon både i strandengene, mudderflatene og på grunt vatn (ikkje avgrensa). Det vart observert knoppsvane, silender, hegre og fleire måseartar.

**Prioritering:** Lokaliteten vert plassert i kategori B (viktig) fordi han har mange kvalitetar både som strandeng og naturbeitemark, i tillegg til at det vart funne ein raudlista moseart i låg raudlistekategori. Beita strandenger er sjeldne i Rogaland (kjelde: John Inge Johnsen).

**Omsyn og skjøtsel:** Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling. Det er elles viktig å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Lokaliteten bør beitast mest muleg i samsvar med dagens og tidlegare bruk.

## 71 Rennesøy: Askje: vestsida av Askjeberget

**Posisjon:** LL 096 524

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100		100		100		100		100		

**Verdi:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 03.10.2006, JIJ & JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg på vestsida av Askjeberget (på øya Askje i Renneøy) og er ein mosaikk av naturbeitemark og kystlynghei. I området vest og sør for Askjevarden er det frå før avgrensa eit område som kystlynghei med verdi C (lokalt viktig) (BN00004819 Nordvarden, Øskjeberget). Med skildringar av rikeleg med purpurlyng (no raudlista, samt truga vegetasjonstype) m.m. er det sannsynleg at verdien på denne lokaliteten er feil. Den lokaliteten som her vert skildra, ligg nord for BN00004819. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon (O3t).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen kan oppfattast som ein mosaikk mellom naturbeitemark og kystlynghei, nærmere bestemt vegetasjonstypene G1/G4 (fuktig til frisk fattigeng) og H2c, tørr, gras-urterik hei, purpurlyngutforming. Sistnemnde vert oppfatta som ein sterkt truga (EN) vegetasjonstype.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten er inngjerda og beita av storfe. Det er noko trakkskader.

**Artsfunn:** Av planter vart det mellom anna funne to raudlisteartar: jærsiv (NT) og purpurlyng (NT). Elles vart det funne amerikamjølke (innført), fagerperikum, heiblåfjør, hårsvæve, jonsokkoll, knegras, kornstorr, krypvier, kystgrisøyre, kystmaure, kystmyrklegg, landøyda, vasspepar og åkergråurt. Det vart funne 17 beitemarkssopp, av desse 4 raudlista etter den gamle raudlista og 3 etter den nye:

*Entoloma cruentatum* (-/VU), *Entoloma atrocoeruleum* (DC/NT - dvs. kategoriar i gammal og ny raudliste), mjølraudskivesopp (*Entoloma prunuloides*) (DC/NT). Totalt var det m.a. 1 køllesopp-art, 9 *Entoloma*-artar og 9 *Hygrocybe*-artar. Av ikkje raudlista soppartar kan nemnast: rosafagerhatt (*Calocybe carneae*), grå vokssopp (*Hygrocybe irrigata*), *Entoloma exile* (DC/-), svartblå raudskivesopp (*Entoloma chalybaeum*), bronseraudskivesopp (*Entoloma formosum*) (R/-), brunkanthette (*Mycena olivaceomarginata*), liten vokssopp (*Hygrocybe insipida*), og ein sjeldan, ikkje artsbestemt raudskivesopp, *Entoloma aff. percuboideum*. Det vart og funne ribbesåtemose *Campylopus introflexus*.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ei velutvikla naturbeitemark/kystlynghei som er veksestad for fleire artar som står i raudlista, av desse ein i høgare kategori. Vidare er vegetasjonstypen purpurlynghei rekna som sterkt truga, og vil i seg sjølv utløysa verdi A.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er svært viktig å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Lokaliteten bør beitast mest muleg i samsvar med dagens og tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## 72 Rennesøy: Brimse: beitemark i nord

**Posisjon:** LL 166 541

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** Vekselfuktig, baserik eng (G11)

Jordfuktigkeit		Baserikheit				Näring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100						100	100		

**Verdi:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 02.10.2006, JIJ & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på nordenden av øya Brimse (Rennesøy kommune), og er ei kalkrik og svært artsrik naturbeitemark. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er dominert av baserik eng som truleg samsvarar best med vekselfuktig baserik eng (G11), ei utforming med hjartegras, vill-lin og kamgras som ikkje er skildra i Fremstad (1997), men som utvilsamt er sterkt truga av gjødsling, jordarbeiding og attgroing (jf. Fremstad & Moen 2001).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har vore slåttemark i kombinasjon med beiting. Det har truleg vore litt gjødsla, men vegetasjonen inneheld mange artar som krev relativt lite gjødsling.

*Artsfunn:* Svært artsrik lokalitet med blåstorr, flekklovetenner (bestemt av JIJ), gjeldkarve, gulmaure, gulsildre, hjartegras, kamgras, kattefot, smalkjempe, tiriltunge og vill-lin. Elles vart det funne heile 24 beitemarkssopp, av desse 10 raudlisteartar etter den gamle raudlista, 7 etter den nye. Det vart ialt funne 10 raudskivesopp-artar, 2 jordtunge-artar og 11 vokssopp-artar. Raudlisteartar etter den nye raudlista var raudskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*) (DC/NT - dvs. kategoriar i gammal og ny raudliste), sauevokssopp (*Hygrocybe ovina*) (E/VU), *Entoloma velenovskyi* (DC/NT), gyllen vokssopp (*Hygrocybe aurantiosplendens*) (DC/NT), rombespora raudskivesopp (*Entoloma rhombisporum*) (-/NT), mjølraudskivesopp (*Entoloma prunuloides*) (DC/NT), musserongvokssopp (*Hygrocybe fornicata*) (DC/NT). Elles kan og nemnast raud åmeklubbe (*Cordyceps militaris*), *Entoloma exile* (DC/-), *Entoloma caesiocinctum* (DC/-), brunsvart jordtunge (*Geoglossum cf. umbratile*) (DC/-), blåstilka raudskivesopp (*Entoloma asprellum*), skjeljordtunge (*Geoglossum fallax*) (DC/-), lys haustmørkel (*Helvella crispa*) og grå vokssopp (*Hygrocybe irrigata*).

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi han inneheld ei rekke raudlisteartar, m.a. artar som står i høgare kategori på raudlista. Det er ei intakt og velutvikla, kalkrik naturbeitemark med eit uvanleg stort artsmangfald, og skjøtselstiltak bør prioriterast svært høgt.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er svært viktig å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Ideelt ville det truleg vera å utføra ein sein slått på ettersommaren, kombinert med vår- og haustbeite. Dersom dette ikkje er råd, bør lokaliteten beitast mest muleg i samsvar med dagens og tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## 73 Rennesøy: Brimse: beitemark i nordaust

**Posisjon:** LL 167 540

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Næring											
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik										
		100		100		100													
<b>Verdi:</b>	B (viktig)																		
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroatning																		
<b>Undersøkt, kjelder:</b>	02.10.2006, JIJ & JBJ																		

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på nordaustsida av øya Brimse (Rennesøy kommune), og er ei naturbeitemark med tilsynelatande kalkfattig jordsmonn, men med kalkkrevende mosar m.m. på oppstikkande steinar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er frisk fattigeng (G4) med mykje kystmaure. På oppstikkande steinar er det likevel funne kalkkrevande mose- og lavartar.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten har truleg vore litt gjødsla. Området har vore beita i 2006.

*Artsfunn:* Det vart funne Stein m. kalkkartar av mose og lav: putevrimose *Tortella tortuosa*, blomstermose *Schistidium* sp. og kalkblekklav *Placynthium nigrum* (bestemt av JIJ). Dessutan vart det funne nokre beitemarkssoppar: grå vokssopp (*Hygrocybe irrigata*), seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*), liten mørkevokssopp (*Hygrocybe miniata*), raud åmeklubbe (*Cordyceps militaris*), silkeraudskivesopp (*Entoloma sericellum*), skjeljordtunge (*Geoglossum fallax*) (DC/-), kjeglevokssopp (*Hygrocybe conica*) og gul småkøllesopp (*Clavulinopsis helvola*). Av planter vart det m.a. funne ein løvetann som er bestemt til *Taraxacum unquilobum* (bestemt av JIJ).

*Prioritering:* Lokaliteten vert klassifisert til B (viktig) fordi det er ei intakt naturbeitemark som framleis vert hevdta med beite, og med einskilde interessante artar.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Lokaliteten bør brukast og beitast mest muleg i samsvar med dagens og tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## 74 Rennesøy: Brimse: beitemark i sør

**Posisjon:** LL 175 533

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Næring											
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik										
		100		100		100													
<b>Verdi:</b>	B (viktig)																		
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroatning																		
<b>Undersøkt, kjelder:</b>	02.10.2006, JIJ & JBJ																		

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på sørsida av øya Brimse (Rennesøy kommune) i området ved Flatanes, og består av beitemark som stadvis har preg av naturbeitemark, dels noko gjødsla einermarker med innslag av grunnlendte knausar og litt lyphei. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er delvis frisk fattigeng med ein del kystmaure (G4), og dels noko meir gjødselpåverka engvegetasjon. Dessutan førekjem stein og grunnlendte bergknausar (F3d), og innslag av litt meir heiprega vegetasjon med blåtopp, pors og klokkeling. Det er også noko fukteng med m.a. vassmynte og kysttjønnaks.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten vart ved undersøkinga beita av skotsk høglandsfe og sau. Han hadde noko meir gjødsla preg enn soraustenden.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast hårvæve, knegras, kornstorr, kvitmyråk, kystbergknapp, kystmaure, kysttjønnaks, tiriltunge og vassmynte. Det førekjem ein del beitemarkssoppar og andre grasmarksoppar, m.a. grøn vokssopp (*Hygrocybe psittacina*), rosafagerhatt (*Calocybe carneae*), vorteraudskivesopp (*Entoloma papillatum*), gul vokssopp (*Hygrocybe chlorophana*), grå vokssopp

(*Hygrocybe irrigata*), kantarellvokssopp (*Hygrocybe cantharellus*), beiteraudskivesopp (*Entoloma sericeum*) og elfenbeinshette (*Mycena flavoalba*).

**Prioritering:** Lokaliteten vert klassifisert til B (viktig) fordi det er ei intakt naturbeitemark som framleis vert hevda med beite, men som har eit relativt ordinært artsutval.

**Omsyn og skjøtsel:** Lokaliteten bør brukast og beitast mest muleg i samsvar med dagens og tidlegare bruk. Ein bør så langt råd unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## 75 Rennesøy: Brimse: beitemark i søraust

**Posisjon:** LL 180 533

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** Vekselfuktig, baserik eng (G11)

Jordfuktigkeit			Baserikheit			Näring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100						100	100		

**Verdi:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 02.10.2006, JIJ & JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg på søraustsida av øya Brimse (Rennesøy kommune) i området ved Ramshaug, og er ei intakt naturbeitemark med delvis kalkrikt jordsmonn og interessant artsmangfold. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er delvis baserik eng som truleg samsvarar best med vekselfuktig baserik eng (G11), ei utforming med gulmaure, vill-lin og kamgras som ikkje er skildra i Fremstad (1997), men som utvilsamt er sterkt truga av gjødsling, jordanbeiding og attgroing (jf. Fremstad & Moen 2001). Resten er dels frisk fattigeng med ein del kystmaure (G4), og dels noko meir gjødselpåverka engvegetasjon. Dessutan førekjem stein og grunnlendte knausar med interessant og dels kalkrevande lav- og mose-vegetasjon, og litt lynghei.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten var beita av storfe og sau. Det har vore gjødsla i varierande mengder, men minst på dei kuperte, grunnlendte partia, som i dag er dei mest artsrike og interessante.

**Artsfunn:** Av planter kan nemnast gulmaure, heisiv, hårvæve, jonsokkoll, kamgras, kattefot, knegras, kornstorr, kystgrisøyre, kystmaure, kystmyrklegg, murburkne, myrsauløk, strandløvetann, vassmynte og vill-lin. Fleire av desse indikerer kalkrike tilhøve. Det vart funne heile 30 artar av beitemarkssopp, av desse 11 raudlista etter den gamle raudlista og 8 etter den nye: 3 køllesopp-artar, 13 raudskivesopp-artar, 1 jordtunge-art og 13 vokssopp-artar. Raudlisteartane var: *Entoloma pseudocoelostinum* (-/NT), *Entoloma cruentatum* (-/VU), raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*) (V/NT - dvs. kategoriar i gammal og ny raudliste), raudskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*) (DC/NT), lillagrå raudskivesopp (*Entoloma griseocyaneum*) (DC/NT), *Entoloma kvernii* (-/DD), mjølraudskivesopp (*Entoloma prunuloides*) (DC/NT) og russelærvokssopp (*Hygrocybe russocoriacea*) (DC/NT). Av andre interessante soppartar kan nemnast: rosafagerhatt (*Calocybe carneae*), skjeljordtunge (*Geoglossum cf. fallax*) (DC/-), myrhette (*Mycena megaspora*), brunkanthette (*Mycena olivaceomarginata*), limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*) (V/-), raud åmeklubbe (*Cordyceps militaris*), kantarellnavlesopp (*Cantharellula umbonata*), *Entoloma exile* (DC/-), bronseraudskivesopp (*Entoloma formosum*) (R/-), *Entoloma xanthochroum* (R/-), lutvokssopp (*Hygrocybe nitrata*), grå vokssopp (*Hygrocybe irrigata*), bleiktuppa småkøllesopp (*Clavulinopsis luteoalba*), tuva køllesopp (*Clavaria fragilis*), *Entoloma cf. scabrosum* (få funn i Noreg), *Entoloma caesiocinctum*) (DC/-).

**Prioritering:** Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi han inneholder ei rekke raudlisteartar, m.a. ein art som står i høgare kategori på raudlista. Det er ei intakt og velutvikla, dels kalkrik naturbeitemark med eit uvanleg stort artsmangfold.

**Omsyn og skjøtsel:** Det er svært viktig å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Lokaliteten bør beitast mest muleg i samsvar med dagens og tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## 79 Rennesøy: Brimse: kalkrike knausar i gjødsla beitemark i nord

**Posisjon:** LL 1657 5407  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Småbiotop  
**Utforming:** Bergknausar

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
30	50	20				100	100		

**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av slått, attgroing/beiting  
**Undersøkt, kjelder:** 02.10.2006, JIJ & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på nordre del av øya Brimse (Rennesøy kommune) og består av kalkengfragment og kalkknausar i gjødsla slåtteeng. Ein har kome fram til at dette kan klassifiserast som naturtype småbiotop. Knausane og artsmangfaldet som finst der, er avhengige av kulturpåverknad i form av beite og slått fordi artane er lyskrevande. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var dels små restar av kalkkrevende engvegetasjon i kantområde og rundt knausar og steinar i elles noko gjødsla eng, dels var det vegetasjon av lav og mose på kalkrikt berg og stein, dvs. bergknaus og bergflate (F3). Den baserike enga samsvarar truleg best med vekselfuktig baserik eng (G11), ei utforming med hjartegras, vill-lin, gulmaure og kamgras som ikkje er skildra i Fremstad (1997), men som utvilsamt er sterkt truga av gjødsling, jordarbeiding og attgroing (jf. Fremstad & Moen 2001).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten ligg i eit nokså open slåttemark med eit i hovudsak gjødsla preg, men med interessante parti i dei mindre gjødsla område, som likevel vert slått og beita.

*Artsfunn:* Det vart funne fleire dels kalkkrevande planteartar, m.a. begerhagtorn, gjeldkarve, gulmaure, hjartegras, hårvæve, kamgras, murburkne, prestekrage, smalkjempe, sòlvture og vill-lin. Det vart funne mange mose- og lavartar, fleire av desse var kalkkrevande: kystnever *Lobaria virens*, putevrimore *Tortella tortuosa*, blomstermose *Schistidium* sp., strandbustehette *Orthotrichum cupulatum*, putehårstjerne *Syntrichia ruralis*, krypsilkmose *Homalothecium sericeum*, kveilmose *Pterogonium gracile*, bølgeglye *Collema fuscovirens*, moseglye *Collema auriforme*, kalkblekklav *Placynthium nigrum* (bestemt av JIJ).

*Prioritering:* Lokaliteten inneholder kulturlandskapselement som synest å vera sjeldne. Ingen raudlisteartar er påviste, men likevel kalkkrevande engartar som hjartegras og vill-lin og dessutan kravfulle mose- og lavartar. Lokaliteten får derfor verdi A (svært viktig) ("småbiotoper med spesielt artsrik flora, sjeldne arter og truete vegetasjonstyper").

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør brukast mest muleg i samsvar med dagens og tidlegare bruk. Det er viktig med slått og/eller beiting for å halda landskapet ope så lyskrevande artar kan overleva. Ein bør unngå fysiske inngrep og i størst muleg grad gjødsling.

## 81 Rennesøy: Brimse: Kovaholmen

**Posisjon:** LL 164 541  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap, havstrand/kyst  
**Naturtype:** Naturbeitemark, rikt strandberg  
**Utforming:** Vekselfuktig, baserik eng (G11)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100						100	100		

**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 02.10.2006, JIJ & JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten er ein gammal beiteholme som ligg rett ved hamna på nordre del av øya Brimse (Rennesøy kommune). Han innehold både naturtypen naturbeitemark (kulturlandskap) og rikt strandberg (havstrand/kyst). Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen var dels frisk fattigeng, stadvis med innslag av kalkrik eng med hjartegras, vill-lin og steinstorkenebb. Elles var det grunnlendte, beita strandberg med innslag av kalkrevande artar.

**Kulturfåverknad:** Lokaliteten var beita av 3 utegangarsauer. Lokaliteten kan ha vore gjødsla.

**Artsfunn:** Interessante plantefunn var steinstorkenebb, kamgras, vill-lin og hjartegras, andre: t.d. blåklokke, gjeldkarve, gulmaure og smalkjempe. Av mosar vart det funne solgaffel *Riccia berychiana* (ein kalkrevande moseart, bestemt av JIJ). Det vart påvist 3 raudlista beitemarkssopp. Av soppar kan nemnast: raudskivevokssopp (*Hygrocybe quieta*) (DC/NT - dvs. kategoriar i gammal og ny raudliste), spissvokssopp (*Hygrocybe persistens*) (DC/-), mjølraudskivesopp (*Entoloma prunuloides*) (DC/NT), brunkanthette (*Mycena olivaceomarginata*), *Entoloma cruentatum* (-/VU) og tjøreraudskivesopp (*Entoloma poliopus*).

**Prioritering:** Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi han inneholder fleire raudlisteartar, m.a. ein art som står i høgare kategori på raudlista. Det er ei intakt og velutvikla, dels kalkrik naturbeitemark med eit uvanleg artsmangfald.

**Omsyn og skjøtsel:** Det er viktig å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Lokaliteten bør beitast mest muleg i samsvar med dagens og tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## 82 Rennesøy: Brimse: myr i aust

**Posisjon:** LL 175 536  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Slatte- og beitemyr  
**Utforming:**

Verdi:	Jordfuktigkeit				Baserikheit			Næring		
	fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100					100					100
B (viktig)										
Fysiske inngrep										
02.10.2006, JIJ & JBJ										

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg på austsida av øya Brimse (Rennesøy kommune), og er ei fattig planmyr (flat myr) som også er beita, og som dermed kan vera anten naturtype kystmyr (under myr) eller beitemyr (under kulturlandskap). Ein har velt det siste pga. beitinga. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen består av fattig fastmatte- og lausbotnmyr og høgstorrsump med m.a. blåtopp, elvesnelle, flaskestorr, grøftesoleie, klokkeling, krypvier, kysttjønnaks, myrhatt, myrmaure, pors, rome og røsslyng som viktige artar.

**Kulturfåverknad:** Myra har vore beita i 2006 og før det truleg gjennom lang tid.

**Artsfunn:** Relativt artsfattig, av meir interessante artar kan nemnast gytjeblærerot og andmat.

**Prioritering:** Lokaliteten vert plassert i B (viktig) fordi det er ei intakt myr som framleis vert beita.

**Omsyn og skjøtsel:** Det beste for naturverdiane er at lokaliteten vert liggjande mest muleg urørt for fysiske inngrep som m.a. kan påverka den hydrologiske tilstanden i myra. Beiting er ein del av den tradisjonelle bruken og kan halda fram, men ein må vera merksam på faren for trakkskader.

## 83 Rennesøy: Brimse: myr i vest

**Posisjon:** LL 172 534  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Slatte- og beitemyr  
**Utforming:**

Jordfuktigkeit	Baserikheit	Næring
----------------	-------------	--------

fuktig	vekselvuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		
<b>Verdi:</b>	B (viktig)								
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep								
<b>Undersøkt, kjelder:</b>	02.10.2006, JIJ & JBJ								

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg på sørvestsida av øya Brimse (Rennesøy kommune), og er ei plan fattigmyr med relativt artsfattig flora. Lokaliteten vert rekna som beitemyr. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen består av fattig fastmatte- og lausbottmyr med m.a. blåknapp, blåtopp, duskull, elvesnelle, klokkeling, knapsiv, kornstorr, myrtiol, myrtistel, pors, røsslyng, smyle, stjernestorr og tepperot som viktige arter.

**Kulturpåverknad:** Myra har vore beita i 2006 og før det truleg gjennom lang tid.

**Artsfunn:** Relativt artsfattig, m.a. kystmyrklegg.

**Prioritering:** Lokaliteten vert plassert i B (viktig) fordi det er ei tradisjonelt hevdta og intakt beitemyr.

**Omsyn og skjøtsel:** Det beste for naturverdiane er at lokaliteten vert liggjande mest muleg urørt, og at ein unngår fysiske inngrep som m.a. kan påverka den hydrologiske tilstanden i myra. Beiting er ein del av den tradisjonelle bruken og kan halda fram, men ein må vera merksam på faren for trakkskader.

## 85 Rennesøy: Rennesøy: Låder aust

<b>Posisjon:</b>	LL 049 582
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	Vekselvuktig, baserik eng (G11)

Jordfuktigkeit						Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselvuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik		
100						100	100				
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)										
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing										
<b>Undersøkt, kjelder:</b>	03.10.2006, JIJ & JBJ										

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg ved Reianes vest på Rennesøy. Lokaliteten er funnen og førevist av John Inge Johnsen. Her er store beitelandskap med varierande grad av gjødslingspåverknad. Gjødslinga er ikkje like sterkt over alt, men skapar ein mosaikk med tilnærma ugjødsla parti. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon (O3t).

**Vegetasjon:** Viktigaste vegetasjonstype er kamgrasenger med ekornsvingel, hjartegras, dvergsmyle. Vegetasjonstypen er basekrevande og er truleg kritisk truga sjølv om han vantar skildring i Fremstad & Moen (2001). Ein har provisorisk plassert han under baserik, vekselvuktig eng (G11). Nokre få tre/buskar av ask og eik, innslag av einer og øyrevier. Det er også innslag av bergknaus og bergflate, kystbergknapp-dvergsmyle-utforming (F3d, omsynskrevande).

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten er stadvis litt gjødsla, og dessutan godt beita.

**Artsfunn:** Viktigast er tidlegare funn av ekornsvingel (tidlegare V-sårbar, no CR-kritisk truga på raudlista) gjort av John Inge Johnsen. Andre arter: blankburkne, blåklokke, dvergsmyle, gulmaure, hjartegras, hårvæve, kamgras, knebras, kystbergknapp, kystgrisøyre, kystmaure, smalkjempe, sylarve, tiriltunge og vivendel. Det vart vidare påvist liten vokssopp *Hygrocybe insipida* og ribbesåtemose *Campylopus introflexus*, ein oseanisk art (bestemt av JIJ).

**Prioritering:** Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er veksestad for ein god bestand av ein art som står som kritisk truga i raudlista. Vidare er vegetasjonstypen kritisk truga, og det er funne eit generelt høgt arts mangfald av dels kraffulle arter.

**Omsyn og skjøtsel:** Det er svært viktig å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Lokaliteten bør beitast mest muleg i samsvar med dagens og tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## 86 Rennesøy: Rennesøy: Låder vest

**Posisjon:** LL 047 582  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100			100			100	
<b>Verdi:</b>									B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>									Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt, kjelder:</b>									03.10.2006, JIJ & JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg ved Reianes vest på Rennesøy og er ein mindre del av dette beitelandskapet. Lokaliteten er funnen og førevist av John Inge Johnsen. Her er store beitelandskap med varierande grad av gjødslingspåverknad. Gjødslinga er ikkje like sterk over alt, men skapar ein mosaikk med tilnærma ugjødsla parti. Ein har dermed under tvin kalla den avgrensa biten for naturbeitemark. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon (O3t).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er overgangar mellom frisk fattigeng, meir gjødselpåverka eng, kamgrasenger og grunnlendte knausar av kystbergknapp-dvergsmyle-utforming.

**Kulturpåverknad:** Som nemnt er lokaliteten noko gjødselpåverka. Han er godt beita av sau.

**Artsfunn:** Av planter vart det funne dvergsmyle, kamgras, kystmaure, hårvæve, kystgrisøyre, dessutan begerhagtorn. Av beitemarkssopp vart raudlistearten trolljordtunge (*Geoglossum simile*) (DC/NT - dvs. kategoriar i gammal og ny raudliste) funnen, elles gul småkøllesopp (*Clavulinopsis helvola*).

**Prioritering:** Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ein kulturlandskapslokaltet med ein art i lågare raudlistekategori, og dessutan innslag av dei kravfulle artane kamgras og dvergsmyle.

**Omsyn og skjøtsel:** Det er viktig å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Lokaliteten bør beitast mest muleg i samsvar med dagens og tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## Sandnes

### 90 Sandnes: Kjosavik, sørvestre delen

**Posisjon:** LL 216 289  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark, slåtte- og beitemyr  
**Utforming:** Blåtopp-eng (G2)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100			100			100	
<b>Verdi:</b>									B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>									Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt, kjelder:</b>									28.09.2006, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg ved Kjosavik aust i Sandnes, og er tidlegare registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Området består av fuktheier og naturbeitemark, og vart på undersøkingstidspunktet beita av hest. Berre sørvestre delen er avgrensa. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Det var anslagsvis 50% blåtoppeng/fukthei (G2/H3), 20% frisk fattigeng (G4) og 5% finnskjeggdominert eng, alt dette mest i bakkane. Resten, ca. 25% kan karakteriserast som fattig beitemyr med intermediære småflekker, og ligg i hovudsak på flatene.

**Kulturpåverknad:** Dette er eit gammalt beitelandskap. Truleg er det stadvis noko gjødselpåverka.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. blodtopp, blåklokke, blåkoll, hårsveve, smalkjempe, aurikkelsvæve, kvitmyrâk, heisiv, kystmyrklegg, jáblom, engstorr, dessutan beitemarkssoppene grå vokssopp

*Hygrocybe irrigata*, seig vokssopp *H. laeta*, og brunfnokka vokssopp *H. helobia*.

*Prioritering:* Lokaliteten vert verdisett til B (viktig) fordi det er ei rimeleg intakt fuktig naturbeitemark som framleis vert beita, og dessutan har eit noko variert artsinventar.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med fortsatt beiting. Ein bør unngå gjødsling og større fysiske inngrep.

## 91 Sandnes: sør for Frøylandsvatnet

**Posisjon:** LL 194 338

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark

**Naturtype:** Beitemyr, rikmyr, viktig bekdedrag

**Utforming:** Open intermediær og rik myr i låglandet

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				60	20	20	100		

**Verdi:** B (viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, forurensning

**Undersøkt, kjelder:** 30.09.2006, SI & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Ved sørenden av Frøylandsvatnet (nordaust i Sandnes) renn det ut ein mindre bekk som renn gjennom eit myrområde med ulike kvalitetar. Mindre område kan karakteriserast som intermediær/rik myr, mesteparten som beitemyr, og sjølvé bekken som viktig bekdedrag. Det er likevel rikmyrinnslaget som er mest spesielt og regionalt uvanleg. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var dominert av fattig, beita myr, men det var også parti med intermediær og rik myr. I bekken vaks både ein kransalge og kysttjønnaks m.m.

*Kulturpåverknad:* Myra vart beita av storfe. Det var trakkskadar somme stader.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. ein kransalge, *Chara globularis* (innsendt av Svein Imsland, bestemt av Anders Langangen) i bekken, dessutan breiull (regionalt uvanleg), engstorr, heisiv, jáblom, knegras, kornstorr, kystmyrklegg, kysttjønnaks, myrsauløk og særburstorr. Fleire av desse indikerer intermediær til rik myr. Av beitemarkssopp vart det funne honningvokssopp (*Hygrocybe reidi*), engvokssopp (*Hygrocybe pratensis*), seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*) og svartlodnetunge (*Trichoglossum hirsutum*).

*Prioritering:* Lokaliteten har mindre areal rikmyr, og elles kravfulle artar som kvar for seg og saman tilseier verdi B (viktig).

*Omsyn og skjøtsel:* Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining. Beitinga er betinga positiv, men bør ta omsyn til at det lett oppstår trakkskadar.

## 92 Sandnes: sør for Nuten

**Posisjon:** LL 259 258

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 28.09.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved Nordland på sørsida av Nuten i Sandnes i eit beite ned mot vegen. Her har det tidlegare vore registrert solblom (kjelde: Svein Imsland), og ved besøket i 2006 vart det funne

ein rosett som tyder på at arten såvidt held stand. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er eit inngjerda beite som vert beita av sau. Det er truleg noko gjødselpåverka, men kanskje ikkje i dei øvre delene mot skogen der solblomrosetten vart funne.

*Artsfunn:* Dette er ein kjent lokalitet for solblom (VU=sårbar på raudlista) der det denne gongen berre vart funne ein rosett (belegg i Oslo). Elles vart det funne blåklokke, hårsvæve og jonsokkoll.

*Prioritering:* Lokaliteten vert plassert i kategori A (svært viktig) fordi det finst ein art i høgare raudlistekategori, og lokaliteten er intakt og i hevd.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast også i framtida, men ikkje for hardt, og det må ikkje gjødsla. Ein må unngå trakkskader. Heilsesongbeite er også truleg uheldig for solblom.

## 93 Sandnes: Tengesdal

**Posisjon:** LL 235 292

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Kystlynghei

**Utforming:** Tørr gras-urterik hei (H2)

Jordfuktigkeit			Baserikheit			Næring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		70		30	100		

**Verdi:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 28.09.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei kystlynghei som ligg ved Tengesdal aust i Sandnes, og startar i vest ved ein nedlagt skule. Lokaliteten ligg i ei sør vendt, raspåverka fjellside med flat dyrka mark nedanfor og skog ovanfor. Området er tidlegare undersøkt av m.a. John Inge Johnsen. Lokaliteten ligg i sør boreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Lokaliteten er dominert av kystlynghei med betydeleg innslag av rikhei (H2b, sterkt truga vegetasjonstype) i området næra skulen. Det var i lokaliteteten totalt om lag 70% tørrhei (H1, også truga vegetasjonstype) og 30% rikhei. Det finst litt einer og spreidd småbjørk.

*Kulturpåverknad:* Området har vore beita og vert det truleg framleis. Det verka lite gjødselpåverka.

*Artsfunn:* Av planter vart det påvist mange artar, og fleire av desse var kalkkrevande: bakkesøte (NT-nær truga på raudlista), blodtopp, blåklokke, blåkoll, blåstorr, engstorr, fagerperikum, gjeldkarve, heiblåfjør, hårsvæve, jáblom, knegras, kornstorr, krypvier, kvitmaure, kystmyrklegg, rundskolm, smalkjempe, strandkjempem, sær bustorr, tiriltunge og vill-lin. Vill-lin og bakkesøte er mellom dei artane som må seiast å vera regionalt sjeldne. Elles vart det funne lutvokssopp *Hygrocybe nitrata*, seig vokssopp *H. laeta*, honningvokssopp *H. reidii*, og kammose.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at tørrhei, og særleg rikhei er truga vegetasjonstypar, og at området har eit høgt arts mangfald.

*Omsyn og skjøtsel:* Området bør beitast og om naudsint også ryddast for busker og tre. Ein bør ikkje gjødsla eller utføra vesentlege fysiske inngrep.

## Sauda

### 95 Sauda: Kro

**Posisjon:** LM 4921 0729

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Slåttemark

**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit			Baserikheit			Næring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		

**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av slått, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 26.09.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på austsida av Saudafjorden, og er ein liten del av eit større område som tidlegare er registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Ei lita slåtteeng ovafor stovehuset vert avgrensa som eigen, nyinventert lokalitet. Denne har tidlegare vore slåtteeng, er ikkje lenger i hevd med slått, men vert svakt beita av storfe. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er frisk fattigeng (G4) med innslag av kystmaure. Botnskiktet tek til å få ei tjukk mosematte av m.a. storbjørnemose og engkransmose.

*Kulturpåverknad:* Dette er ei slåtteeng som er gått ut av bruk. Det beita 6 ungdyr på fulldyrka mark ovanfor, og med fri tilgang til lokaliteten, men dette er ikkje tilstrekkeleg. Småbjørk og skogbjørnebær et seg innover enga, og ei tjukk matte av mose og gammalt gras understrekar attgroingspreget. I tilgrensande område finst eit par styva asketre (ikkje avgrensa).

*Artsfunn:* Det vart funne aurikkelsvæve, skogbjørnebær, blåklokke, kystmaure, nattfiol og smallkjempe.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ei slåtteeng som er gått ut av bruk og er i attgroing, men det artsmangfaldet framleis er intakt og kan bergast dersom slåtten vert teken opp att.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg at dei få intakte slåtteengene som finst i Ryfylke vert hevda med slått seit i sesongen (frå slutten av juli). Her er det mest aktuelt med tohjula slåmaskin. Graset må transporterast vekk, og dersom det ikkje vert nytta, plasserast ein stad der det gjer minst muleg skade. Dersom slått vert umogeleg å organisera bør området beitast, kombinert med kratttrydding slik at enga ikkje gror att.

## 96 Sauda: Rødsåsane

**Posisjon:** LM 473 158  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Beiteskog  
**Utforming:**

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
		100		90	10		90	10		

**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Hogst, treslagskifte, fysiske inngrep  
**Undersøkt, kjelder:** 24.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ein mindre, beita svartorskog mellom Rødsåsane og Risvollelv (Sauda kommune). Naturtypen kan anten skildrast som gråor-heggeskog (svartorutforming) under hovudnaturtype skog, eller beiteskog under hovudnaturtype kulturlandskap. På grunn av markert beite har ein velt det siste. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen kan klassifiserast som ei beita svartorutforming av gråor-heggeskog (C3c). Svartora var opptil 30 cm i stammediameter. Av andre treslag var det bjørk, gråor, hegg og rogn. Viktige artar i feltskiktet var bringebær, einstape, engkvein, engsoleie, gaukesyre, krattlodnegras, kvitsymre, myrfiol, skogburkne, smørtelg og sølvbunke.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er beita av storfe. Det var fleire steingjerde, noko som tyder på at dette er eit gammalt kulturlandskap.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. skogbjørnebær.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein intakt beiteskog som framleis er i bruk, og som har fleire beiteindikatorar.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør ikkje snauhogga, gjødsla eller utføra andre større inngrep.

## 97 Sauda: Slettedalsvatnet, søraustsida: Liastølen

**Posisjon:** LM 595 231  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		
<b>Verdi:</b>									C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>									Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroing
<b>Undersøkt, kjelder:</b>									26.09.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Det som her er avgrensa, er ein mindre del av eit seterlandschap ved Liastølen på søraustsida av Slettedalsvatnet (Sauda kommune). Lokaliteten er ei inngjerda, litt beita seterlykke. Det mest interessante partiet låg i ein bakke nord for husa. Det går veg fram til stølen. Lokaliteten ligg i nordboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen på den avgrensa lokaliteten er ei utforming av frisk fattigeng (G4) med mykje kystmaure, gulaks, engkvein og finnskjegg. Marka er kalkfattig og arts mangfaldet jamt over lågt. I landskapet rundt er det ganske mykje myr og fuktprega vegetasjon, og det var på lokaliteten også tendensar til fuktenger med bjønnskjegg, myrfiol, myrtistel og trådsiv.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er inngjerda, men svakt beita av sau (det vart observert saueskit).

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. bråtestorr, kystmaure og skoggråurt, og dessutan beitemarkssopp som engvokssopp og honningvokssopp.

*Prioritering:* Lokaliteten vert plassert i C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstiller kriteria til B.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast også i framtida. Det hadde vore ønskjeleg med noko sterkare beitetrykk.

## 98 Sauda: Slettedalsvatnet, sørvestsida: Storestølen

**Posisjon:** LM 581 222  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		
<b>Verdi:</b>									C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>									Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroing
<b>Undersøkt, kjelder:</b>									26.09.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit seterlandschap på Storestølen på sørvestsida av Slettedalsvatnet (Sauda kommune). Det går veg fram til stølen. Lokaliteten ligg i nordboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen på den avgrensa lokaliteten er dominert av av frisk fattigeng (G4) med mykje kystmaure, gulaks, engkvein, men rundt 20-30% kan karakteriserast som finnskjeggdominert. Marka er kalkfattig og arts mangfaldet jamt over lågt. I landskapet rundt er det ganske mykje myr og fuktprega vegetasjon, og det var på lokaliteten også tendensar til fuktenger med bjønnskjegg og slåttestorr.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var inngjerda og beita. Marka er tidlegare noko overflatedyrka, og det finst rydningsrøyser.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. bråtestorr, harerug, hestespreg og kystmaure.

*Prioritering:* Lokaliteten vert plassert i C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstiller kriteria til B.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast også i framtida.

## 99 Sauda: Slettedalsvatnet, vestsida: Liastølen

**Posisjon:** LM 586 241

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktighet				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		

**Verdi:** C (lokalt viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 26.09.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit seterlandskap ved Liastølen på vestsida av Slettedalsvatnet (Sauda kommune). Han er avgrensa som naturbeitemark. Lokaliteten ligg i nordboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen på den avgrensa lokaliteten er ei utforming av frisk fattigeng (G4) med mykje kystmaure, gulaks, engkvein og overgangar mot finnskjeggeng (G5), denne mosaikken utgjorde rundt 60% av arealet. Finnskjeggdominert vegetasjon med slåttestorr (G5) utgjorde rundt 30% og blåbærdominert lyngvegetasjon med røsslyng, blokkebær og smørtelg omtrent 5%. Marka er kalkfattig og artsmangfaldet jamt over lågt. I landskapet rundt er det ganske mykje myr og fuktprega vegetasjon, og det var på lokaliteten også tendensar til fuktenger med bjønnskjegg, myrfiol, slåttestorr og trådsiv.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten er beita av storfe og sau. Det går veg forbi stølen.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. heisiv, kornstorr, kystmaure, lækjeveronika og skoggråurt.

*Prioritering:* Lokaliteten vert plassert i C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstiller kriteria til B.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast også i framtida.

## 100 Sauda: Svandal

**Posisjon:** LM 449 133

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktighet				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		

**Verdi:** C (lokalt viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep (m.a. hytter og infrastruktur), gjødsling, opphøy av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 24.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Det som her er avgrensa er eit mindre område med beita einerbakkar i Svandalen (Sauda kommune). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var ca. 40% blåbærdominert, ca. 20% frisk fattigeng (G4), og ca. 40% finnskjeggdominert (G5) med innslag av blåtopp. Beitet hadde generelt mykje kystmaure.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten vart beita av sau. Det går ein driftsveg gjennom området. I området rundt foregår mykje hyttebygging.

*Artsfunn:* Det vart funne m.a. kystmaure, heisiv, knegras og blåklokke.

*Prioritering:* Lokaliteten vert plassert i C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstiller kriteria til B.

*Omsyn og skjøtsel:* Området bør beitast også i framtida, og ein bør unngå fysiske inngrep.

## 102 Sauda: Vetrhus

**Posisjon:** LM 4998 0877  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselvuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		
<b>Verdi:</b>									C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>									Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing
<b>Undersøkt, kjelder:</b>									26.09.2006, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg på austsida av Saudafjorden, og er ei open eng rundt eit fråflytta småbruk (Vetrhus) som no vert beita av sau. Lokaliteten ligg ved vegen til Tengesdal. Lokaliteten er også nemnt av Fylkesmannen i Rogaland 1994). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er frisk fattigeng (G4) med innslag av finnskjegg, og ein del kystmaure.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten har nok tidlegare vore slåttemark, men vert no berre beita. Marka har nok og vore overflatedyrka og noko gjødsla, men vegetasjonen tyder på at det har vore lite gjødsla i seinare tid.

**Artsfunn:** Av planter vart det funne m.a. heisiv, knegras og kystmaure.

**Prioritering:** Lokaliteten vert plassert i C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstiller kriteria til B. Det kan vera potensiale for beitemarkssopp, men slike vart ikkje funne.

**Omsyn og skjøtsel:** Det er ønskjeleg med framhald i beitinga, utan gjødsling.

## 103 Sauda: Åbødalen: Bakka

**Posisjon:** LM 505 192  
**Hovudnaturtype:** Skog, kulturlandskap  
**Naturtype:** Haustingsskog, rik edellauvskog  
**Utforming:** Varmekrevande, frisk, næringsrik haustingsskog med styvingstre av edellauvtre

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselvuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		
<b>Verdi:</b>									B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>									Fysiske inngrep, opphør av tradisjonell kulturpåverknad (m. a. styving), tilgroing
<b>Undersøkt, kjelder:</b>									24.08.2006, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg i ei søraustvendt dalside under Tengdalsnuten ved Bakka i Åbødalen (Sauda kommune). Det er ei styvingsli (haustingsskog) med ein del styva ask og alm, og beita undervegetasjon. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er gråor-almeskog (D5) med innslag av høgstauder som brunrot, bringebær, gullris, mjødurt, revebjelle, skogstorkenebb, stornesle og vendelrot, forutan strutsveng. Av treslag var det forutan ask og alm også bjørk, hassel, hengjebjørk, osp, rogn og selje.

**Kulturpåverknad:** Vegetasjonen er tydeleg påverka av sauebeiting. Landskapet har tidlegare truleg vore opnare, slik at det ein ser i dag er eit attgroingsstadium. Her har vore drive styving (innhausting av lauv til vinterfor) inntil for ei tid attende. Styvinga opphørde gjerne midt på 1900-talet. Det vart funne ein god del styva ask og alm, og dei var ofte sterkt mosegrodde. Lia har innslag av planta gran.

**Artsfunn:** Av planter kan nemnast blåklokke, blåkoll, brunrot, jonsokkoll, junkerbregne, kratthumleblom, kvitsoleie, kystmaure, lundrapp, markjordbær, raud jonsokblom, revebjelle, rosenrot,

skogsalat, skogstorr, stankstorkenebb, strutsveng, svartburkne og trollurt. Særleg skogstorr er ein uvanleg art.

**Prioritering:** Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein tidlegare haustingsskog med ein del gamle styvingstre, som ikkje har vore i bruk på ganske lang tid. Om ein vurderer lokaliteten som rik edellauvskog, vil han også truleg få verdi B.

**Omsyn og skjøtsel:** Det er ønskjeleg å ta opp att styvinga på nokre stader i Ryfylke, og dette er ein av dei mulege stadene. Elles bør ein unngå omfattande hogst og fysiske inngrep.

## Suldal

### 104 Suldal: Froa-stølen (ved Mosvatnet)

**Posisjon:** LL 551 884

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Næring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	intermed.	rik
100			100				100				

**Verdi:** C (lokalt viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 23.08.2006, JBJ

#### Områdeskildring

**Generelt:** Froastølen i Suldal kommune ligg langs vegen over til Vadla i Jøsenfjorden, og er ein gammal setervoll som er i forbusking med einer. Lokaliteten ligg i nordboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er ca. 35% sølvbunkeeng (G3) og ca. 15% finnskjeggeng (G5), resten, ca. 50%, er dominert av einerbuskmark med undervegetasjon dels av gras, dels av blåbær/røsslyng. Det var og litt fattigmyr/fukteng med duskull, myrfiol, slåttestorr, stjernestorr og trådsiv.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten har truleg vore gjødsla, kanskje også delvis pløgd for lengre til attende. Området vart i 2006 beita av hest og sau, men beitetrykket var for lågt. Lokaliteten har eit knippe nyare hytter med torvtak.

**Artsfunn:** Det vart funne m.a. kystmaure, fjellaugnetrøst og harerug.

**Prioritering:** Lokaliteten får verdi C lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstiller kriteria til B.

**Omsyn og skjøtsel:** Det er ønskjeleg med framhaldande beiting.

### 105 Suldal: Hjortaland

**Posisjon:** LL 549 846

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Haustingsskog

**Utforming:** Varmekrevande, frisk, næringsrik haustingsskog med styvingstre av edellauvtre

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Næring			
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	intermed.	rik
100				100					100		

**Verdi:** B (viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av tradisjonell kulturpåverknad (m. a. styving), tilgroing

**Undersøkt, kjelder:** 23.08.2006, JBJ

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg i ei sør vendt dalside ved Hjortaland i Suldal kommune, langs vegen opp fra Vadla i Jøsenfjorden. Det er ei styvingsli med ask (mange, dels innhole, opptil 50-60 cm) og alm (ein

sett). Det finst og daud noko ved. Området er nemnt av Fylkesmannen i Rogaland (1994, SU34), men ikkje undersøkt. Det kan finnast meir av same typen i områda rundt. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og markert oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er gras- og urterik. Området er no i attgroing, og det kjem da inn fleire høgstaudeartar som bringebær, krattmjølke, kvitbladtistel, mjødurt, ormetelg, skogburkne, sløke, vendelrot og skogstorkenebb. Av treslag var det forutan ask og alm også bjørk, eik, hassel, osp og rogn.

*Kulturfåverknad:* Vegetasjonen er tydeleg påverka av tidlegare slått og beiting, og landskapet har også vore opnare, slik at det ein ser i dag er eit attgroingsstadium. Her har vore drive styving (innhausting av lauv til vinterfor) inntil for ei tid attende. Styvinga opphørde gjerne midt på 1900-talet. Det vart funne mest styva ask. Det er mange kulturspor som rydningsrøyser og steingjerde. Elles går ei kraftline gjennom området.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast bergmjølke, bleikstorr, blåknapp, krattlodnegras, kystmaure, lækjeveronika, markjordbær, skogfiol, skogsål, smalkjempe, stankstorkenebb og tviskjeggveronika.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein tidlegare haustingsskog med ein del gamle styvingstre, som ikkje har vore i bruk på ganske lang tid.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg å ta opp att styvinga på nokre stader i Ryfylke, og dette er ein av dei mulege stadene. Elles bør ein unngå omfattande hogst og fysiske inngrep.

## Time

### 106 Time: Kalberg: Revholen

<b>Posisjon:</b>	LL 116 206
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit fuktig	vekselfuktig	Baserikheit			Näring			
		frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.
		100		100			100	
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)							
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing							
<b>Undersøkt, kjelder:</b>	08.10.2006, JBJ							

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på Kalberg i Time og er del av eit område som tidlegare er registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Revholen er ein lausmassehaug frå istida som har fungert som beite. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var dominert av frisk fattigeng (G4) med nokre indikatorartar på lite gjødsling. Viktige artar var engkvein og kystmaure, dessutan stadvis engsyre som indikerer noko gjødslingspåverknad.

*Kulturfåverknad:* Lokaliteten var ikkje beita i 2006. Han verka stadvis litt prega av tidlegare gjødsling.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast blåklokke, bråtestorr, hårvæve, knegras, krattlodnegras, krypvier, kystgrisøyre, kystmaure, raudhyll, smalkjempe. Av sopp vart det funne grå vokssopp, ein beitemarksopp med kystbunden utbreiing.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi C (viktig) fordi det er ei lita naturbeitemark med eit visst beitebetinga arts mangfald, men som ikkje lenger vert halden i hevd.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast i samsvar med tidlegare bruk. Dersom ein tek opp beitinga, vil mangfaldet som vart registrert i 2006 kunne takast vare på, elles vil det gå over i attgroingsvegetasjon og skog. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

### 107 Time: Kalberg: vest for Stutafjell

<b>Posisjon:</b>	LL 129 199
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap

**Naturtype:** Kystlynghei  
**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** C (lokalt viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 08.10.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på Kalberg i Time og er del av eit område som tidlegare er registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Lokaliteten ligg sør aust for Kalberg, sør vest for Stutafjell (namn på økonomisk kart), og er ein mosaikk av fukthei og myr som ser ut til å vera lite beita. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er ein mosaikk av fukthei og fattig myr med bjørneskjegg, blåtopp, pors, røsslyng, rome, duskull og klokkeyng som viktige artar.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten såg ut til å vera lite beita i 2006. Det vart observert oppslag av spreidd småbjørk, einer og furu. Dessutan er det spreiling av sitkagran og lerk i heia (småplanter). Lokaliteten grensar til plantingar med desse artane, som er kjelde til spreilinga.

*Artsfunn:* Av planter vart det ikkje funne spesielle artar, men det kan nemnast blåknapp, kornstorr, kysttjønnaks, stortranebær og trådstorr.

*Prioritering:* Lokaliteten er plassert i kategori C (lokalt viktig), for han tilfredsstiller truleg ikkje krava til B. Lokaliteten tykkjест å vera dels i naturleg attgroing og dessutan i ferd med å endrast til sjølvsådd sitkagran- og lerkeskog.

*Omsyn og skjøtsel:* Det er ønskjeleg å oppretthalda tradisjonell skjøtsel på lokaliteten. Lokaliteten bør beitast og evt. sviast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

Spreiling av sitkagran og lerk er uønska og bør motverkast ved tiltak som rydding, og hogst av frøtre.

## 108 Time: Mossige, vest for Mossige sag

**Posisjon:** LL 095 097  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Slåtte- og beitemyr, naturbeitemark  
**Utforming:**

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 08.10.2006, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved Mossige i Time, noko vest og sør vest for Mossige sag. Han ligg i eit område som tidlegare er registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 1 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Han var dominert av beita myrer og nokre tørrare småflekker som kan karakteriserast som naturbeitemark. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er dominert av beita fattigmyrer med intermediære innslag, og dessutan frisk fattigeng (G4) på dei tørrare småflekkene.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var ved undersøkinga noko beita. Området har ein mosaikk med skogsbeite og opne parti, og noko verka meir - og noko mindre - gjødsla.

*Artsfunn:* Det var innslag av einskilde kalkkrevande planter (jåblom, engstorr), elles grønstorr, heiblåfjør, knegras, kornstorr, kvitmyrklegg og stortranebær. Dessutan vart det funne nokre soppartar: seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*), honningvokssopp (*Hygrocybe reidii*), myrhette (*Mycena megaspora*), gul småkøllesopp (*Clavulinopsis helvola*) og krittvokssopp (*Hygrocybe*

*virginea*). Ifølge Fylkesmannen i Rogaland (1994) skal det vera funne solblom og kvitkurle i dette området, men opplysningane er sparsame.

**Prioritering:** Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er eit intakt område med beitemyr som framleis vert beita, og med innslag av ein skilde interessante artar knytt til naturtypen. Viss solblom eller kvitkurle framleis finst i det avgrensa området, vil verdien verta høgare.

**Omsyn og skjøtsel:** Det er ønskjeleg med fortsatt beiting. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## 109 Time: Sikvaland-Snorestad, mellom tidlegare avgrensa heiområde

**Posisjon:** LL 16-17, 10-12

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Kystlynghei

**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 05.10.2006, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten er eit heiområde nord for Snorestad og nordvest for Sikvaland (vest for Sikvalandskula) i Time kommune. Lokaliteten er ein del av vidstreckte heiområde i denne delen av Rogaland. Terrengdekkjande myr avgrensa aust for Snorestad (sør for Snorestadtjørnane i rapport om naturtypekartlegging i Time) er feil. Området er undersøkt i nærområda langs driftsvegen frå Snorestad nordover til Røyrvatnet (LL 174 114). Lokaliteten ligg i sør boreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

**Vegetasjon:** Landskapet er dominert av fukthei (H3) med blåtopp, pors og rome, og myrflekker i sokka. På dei tørre kollane var det litt tørrhei (H1), ein vegetasjonstype som vert rekna som truga. Det er mykje grunnlendt hei over berg.

**Kulturpåverknad:** Det vart observert godt til middels beitetrykk av sau og storfe nord til eit gjerde ved LL 1676 1046. Nordafor der var det berre beita av sau. Det er gradientar mot gjødsla beite i nærleiken av gardane og langs driftsvegen nordover.

**Artsfunn:** Det er tidlegare funne bestandar av klokkesøte her (Audun Steinnes pers. medd.).

Klokkesøte er EN - sterkt truga på raudlista. Av andre artar vart det notert dvergbjørk, heisiv, kornstorr, kvitmyråk og mjølbær.

**Prioritering:** Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit intakt kystheiområde med lite inngrep i form av gjødsling, dyrking og oppslag av tre. Det er påvist bestandar av klokkesøte som står i høg kategori på raudlista, ein art som nasjonalt har eit svært lite utbreiingsområde. Området er stadvis i god hevd. Området er ein del av store og vidstreckte, intakte heiområde i Sør-Rogaland, noko som trekker verdien opp.

**Omsyn og skjøtsel:** Lokaliteten bør beitast minst like mykje som i dag. Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiglig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

## 110 Time: Taksdalvatnet

**Posisjon:** LL 140 115

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** Frisk fattigeng (G4)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Næring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		

**Verdi:** B (viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphør av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 06.10.2006, JBJ

## Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg ved sørlege del av Taksdalvatnet i Time. Han er tidlegare registrert som nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 2 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Det er ei smal, 5-10 meter brei stripe av lite gjødselpåverka naturbeitemark langs vatnet, med naturengplanter og beitemarkssopp. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen var i stor grad frisk fattigeng (G4) med dominans av engkvein, og elles mykke hårsvæve og strandkjempes. Langs vasskanten og ute i vatnet var det strandrøyr og sjøsivaks.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten var ved undersøkinga beita av storfe, ut mot neset også sau. Beltet nærmest vatnet har truleg vore lite gjødsla. Eit steingjerde går ned til vatnet.

**Artsfunn:** Av planter vart det m.a. funne blodtopp, blåklokke, blåknapp, engfiol, knegras, smalkjempe, strandkjempes og tiriltunge. I vasskanten og ute i vatnet fanst sjøsivaks og strandrøyr. Det vart funne tre vokssopp-arter, 7 raudskivesopp-arter, m.a. raudlistearten *Entoloma pratulense* (R/NT). Dessutan kan nemnast krittvokssopp (*Hygrocybe virginea*), engvokssopp (*Hygrocybe pratensis*), kjeglevokssopp (*Hygrocybe conica*), blåstilka raudskivesopp (*Entoloma asprellum*), vorteraudskivesopp (*Entoloma papillatum*), elfenbeinshette (*Mycena flavoalba*), bronseraudskivesopp (*Entoloma formosum*) (R/-) og *Entoloma exile* (DC/-). Elles vart det observert enkeltbekkasin.

**Prioritering:** Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ei intakt naturbeitemark som framleis vert beita. Det vart elles påvist mange indikatorar på lite gjødsla eng, av desse ein raudlisteart (og fleire som sto på den førre raudlistan).

**Omsyn og skjøtsel:** Lokaliteten bør beitast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling ut over det dyra legg frå seg.

## 111 Time: Ulvarudla ved Litlamoset, nord for Kartavoll-Mellomstrand

**Posisjon:** LK 15-19, 04-07

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Kystlynghei

**Utforming:** Fuktig lynghei (H3)

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik	
100				100			100			

**Verdi:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** Steinnes (1988), Mangersnes (2006), 08.10.2006, JBJ

## Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten er eit stort heirområde aust for Litlamoset og nord for Kartavoll-Mellomstrand hovudsakeleg i Time kommune, austover til kommunegrensa mot Bjerkreim ved Osland. Området er av underteikna berre undersøkt frå Fløymland sør austover mot Kartavoll på austsida av Litlamoset, og er elles undersøkt med kikkert austover mot Osland. Lokaliteten er ein del av vidstakte heirområde i denne delen av Rogaland. Steinnes (1988) og Mangersnes (2006) skildrar større område enn dei underteikna fekk tid til å undersøkja. Eit område på austsida av Litlamoset med avgrensa terregndekkande myr i naturtypedatasettet for Time kommune, viste seg å vera fukthei og (minerotrof) fattigmyr. Området har store heiar som er omtrent heilt trelause og dessutan godt beita. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

**Vegetasjon:** I vest er lokaliteten dominert av fukthei (H3) med blåtopp. Det er også påvist tørrhei (sterkt truga vegetasjonstype) i området (Mangersnes 2006).

**Kulturpåverknad:** Godt beitetrykk av sau. Gradientar mot gjødsla beite i nærleiken av gardane.

**Artsfunn:** Solblom (VU=sårbar på raudlista) vart påvist av Steinnes (1988), men det er uvisst om arten førekjem framleis. Det er påvist klokkesøte (viktig raudlisteart) spreidd over delar av området (Mangersnes 2006). Klokkesøte er EN - sterkt truga på raudlista. Elles var det eit typisk artsutval med m.a. dvergbjørk, heisiv, hundekvein, kornstorr og stortranebær.

**Prioritering:** Området er gjeve verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit intakt kystheirområde med lite inngrep i form av gjødsling, dyrking, oppslag av tre og vegar. Det er også påvist tørrhei

(sterkt truga vegetasjonstype) og bestandar av klokkesøte (heitilknytta raudlisteart i høg raudlistekategori) i området (Mangersnes 2006). Området er i god hevd i den undersøkte delen. Området er ein del av store, intakte heiområde i Sør-Rogaland.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast minst like mykje som i dag. Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsigkt tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

## Tysvær

### 112 Tysvær: Austerøy

**Posisjon:** KL 96 77  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei  
**Utforming:** Tørr lynghei (H1)

Jordfuktigkeit		Baserikheit			Næring				
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
		100		100			100		

**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing  
**Undersøkt, kjelder:** 09.10.2006, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei øy som er heilt dominert av røsslyng ved Gismarvik i sørlege del av Tysvær kommune. Området er berre raskt undersøkt rundt bukta i nordlege del av øya. Lokaliteten er ein del av større heiområde i denne delen av Rogaland. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er dominert av tørrhei (H1) med røsslyng, krekling, einer, tytebær og mjølbær, ein truga vegetasjonstype (EN - endagered). Røsslyngen er i moden fase med fingertjkke stammar, og opptil ein halvmeter høge. Alle buskar av rogn, bjørk og furu vert oppetne og haldne nede av sauene. Det tek til å bli ein brem av beita, grasrike strandenger/strandberg langs stranda.

*Kulturpåverknad:* Godt beitetrykk av utegangarsau, med 12 vinterdyr frå 2005, 20 dyr ved undersøkingstidspunktet. Det har tidlegare vore beita med geit, men øya har hatt eit beiteoppthalde. Det er planer om å brenna øya i tre omgangar (kjelde: Andreas Dunkley, Friluftsrådet Vest).

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast geittelg, heisiv, heistorr, kystmaure, mjølbær, skjoldberar og stortranebær. Det vart ikkje funne uvanlege artar, men området er ikkje godt nok undersøkt. Av sopp kan nemnast kantarellvokssopp (*Hygrocybe cantharellus*), gul nålehatt (*Rickenella fibula*), gul myrsvoelsopp (*Hypholoma elongatum*), oker raudskivesopp (*Entoloma cetratum*), sumpraudskivesopp (*Entoloma turbidum*), seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*), gul småkøllesopp (*Clavulinopsis helvola*) og myrhette (*Mycena megaspora*). Sidan her er tørrhei, kan det finnast purpurlyng, men denne vart ikkje påvist.

*Prioritering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit intakt kystheimråde utan inngrep i form av gjødsling, dyrking, oppslag av tre og vegar. Området er i ferd med å verta restaurert, med god hevd og inneheld den truga vegetasjonstypen tørrhei (EN). Etter planlagt brenning reknar ein med at dette vert velskjøtta hei.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast minst like mykje som i dag, og bør brennast som planlagt (planlagt i fleire etappar over fleire år, kjelde Andreas Dunkley). Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

### 113 Tysvær: Vesterøy, lynghei

**Posisjon:** KL 96 77  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Kystlynghei  
**Utforming:** Tørr lynghei (H1)

Jordfuktigkeit		Baserikheit			Næring				
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Næring								
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik							
		100		100		100										
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)															
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroing															
<b>Undersøkt, kjelder:</b>	09.10.2006, JBJ															

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på midtre del av Vesterøy ved Gismarvik i sørlege del av Tysvær kommune, mellom skog på nordre del av øya og innmark med hagemark og overflatedyrka enger på sørlege del. Lokaliteten er avgrensa slik at han inkluderer Klongerholmen på sørsida. Det er dominans av røsslynghei, dels på ganske grunnlendt berg på høgdedraga. Lokaliteten er ein del av større heiområde i denne delen av Rogaland. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Vegetasjon:* Det er mest røsslynghei med fukthei (H3) og innslag av tørrhei (H1), ein truga vegetasjonstype (EN - endangered). Røsslyngen er 20-50 cm høg. Det førekjem spreidde buskar/småtre av furu, bjørk, øyrevier og rogn, desse vert førebels ikkje oppetne og haldne nede av sauene. Det er innslag av einstape. Det er tendensar til ein brem av beita strandenger/strandberg langs stranda.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten vert beita av utegangarsau (Andreas Dunkley, Friluftsrådet Vest, pers. medd.). Lokaliteten er likevel kome eit stykke i attgroingsprosessen, og beitetrykket er for lågt i lyngheia. Både lyng og graminidar er noko därleg beita. Det er planer om brenning (kjelde: John Egil Frette). Klongerholmen vert truleg ikkje beita.

*Artsfunn:* I beita parti i heia og i strandenger vart det påvist nokre beitemarkssoppar som blåstilka raudskivesopp *Entoloma asprellum*, *E. lividocyanulum*, bleikgul småfingersopp *Clavulinopsis luteoalba* og brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*. Det kan finnast purpurlyng, men denne vart ikkje påvist. I strandeng vart det funne klourt, og på strandberg dvergsmyle. Elles vart det påvist engstorr, heisiv, hesterumpe, knegras, kornstorr, krypvier, kystbergknapp, kystmaure, kystmyrklegg, kysttjønnaks, skjoldberar, smalkjempe, svartknoppurt og tiriltunge.

*Prioritering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit relativt intakt kystheimområde utan inngrep i form av gjødsling, dyrking og vegar. Området er tidlegare noko attgrodd, men er i middels god hevd og inneheld den truga vegetasjonstypen tørrhei (EN). Det er eit beitelandskap med eit godt artsmangfald som synest vera nokså intakt. Etter planlagt restaurering med brenning, reknar ein med at dette vert ei velskjøtta hei.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast minst like mykje som i dag. Ein bør vurdera brenning, sidan dyra førebels ikkje greier å reversera attgroingsprosessane, eventuelt også litt rydding av tre/buskar. Einstape bør haldast under oppsyn og tiltak vurderast (2x slått med ryddesag pr. sesong). Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

### 114 Tysvær: Vesterøy, innmark

**Posisjon:** KL 96 77

**Hovednaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Hagemark, naturbeitemark

**Utforming:** Bjørkehage

Jordfuktigkeit				Baserikheit				Næring								
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik							
		100		100		100										
<b>Verdi:</b>	B (viktig)															
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroing															
<b>Undersøkt, kjelder:</b>	09.10.2006, JBJ															

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på sørlege del av Vesterøy ved Gismarvik i sørlege del av Tysvær kommune, og består av innmark med hagemark og overflatedyrka enger på sørlege del. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon (O3t).

**Vegetasjon:** Mykje av innmarka er grasdominert, frisk fattigeng (G4) med ein del kystmaure. Dominerande artar er engkvein, gulaks, finnskjegg, geitsvingel og ryllik. Det er innslag av einstape, myrtistel og lyssiv. Mykje av innmarka er tresett med eik og bjørk. Det er litt lymhe i på noko av berge, m.a. heilt i sør.

**Kulturpåverknad:** Tradisjonelt kystkulturlandskap med eit rikt kulturhistorisk innhald, rydningsrøyser, steingjerde, overflatedyrka enger, prega av enkle hjelpeomidlar. Berre bustadhuset er intakt, fjøset er til nedfalls. Lokaliteten vert beita av utegangarsau. Beitettrykket i grasdominert vegetasjon er truleg tilstrekkeleg, men kan vera høgare. Det er truleg ei tid sidan her har vore gjødsla, for vegetasjonen har lite preg av gjødsling.

**Artsfunn:** Floraen verkar typisk for regionen, med m.a. ein del kystmaure. Det vart funne nokre beitemarkssoppar, m.a. grå vokssopp (*Hygrocybe irrigata*) og seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*).

**Prioritering:** Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er eit intakt kulturlandskap med hagemark og naturbeitemark som har eit tradisjonelt preg. Artsmangfaldet er ikkje utfyllande undersøkt og kan innehalda interessante artar.

**Omsyn og skjøtsel:** Lokaliteten bør beitast minst like mykje som i dag. Ein bør unngå gjødsling og vesentlege fysiske inngrep.

## Utsira

### 115 Utsira: Austremarka, nordaustre del

**Posisjon:** KL 67 82

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark

**Utforming:** Fuktig fattigeng (G1)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøyr av beite, attgroing

**Undersøkt, kjelder:** 10.10.2006, AK & JBJ (jf. Nordhagen 1921, Stokka 1971)

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg i nordaustre del av Utsira kommune, nord for dei to vindmøllene som står her i dag. Han er del av eit nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 1 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Området er eit særmerkt, komplett trelaufst landskap prega av kystklima og beiting. Det er verslitne berg med vegetasjonsdekke rundt og dels oppå, og vegetasjonen er beita av sau. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon (O3t).

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er dominert av ein gras- og urterik vegetasjon med slektskap til lymhe og strandeng, med dominerande artar gulaks, finnskjegg, engkvein, heisiv, kystmaure og nedbeita røsslyng og krekling forutan strandplanter som strandkjempe. Det var innslag av reinlav-artar. Interessant er også det sterke innslaget av skjoldblad.

**Kulturpåverknad:** Godt beitettrykk av sau. Kulturminne i form av steingjerde og fornminne (oppslagstavler). Litt gjødsla eng, vegar og vindmøller er haldne utanfor i avgrensinga.

**Artsfunn:** Mest interessant var funn av den raudlista beitemarkssoppen trolljordtunge *Geoglossum simile* (DC/NT). Av andre soppfunn kan nemnast gul småköllesopp *Clavulinopsis helvola*, bleiktappa småköllesopp *Clavulinopsis luteoalba*, sumraudskivesopp *Entoloma turbidum*, kantarellvokssopp *Hygrocybe cantharellus*, brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta* og honningvokssopp *Hygrocybe reidii*. Av planter kan nemnast raudlistearten skjoldblad (NT-nær truga), som her førekjem i store mengder. Elles vart det funne dvergsmylde, geittelg, heiblåfjør, heisiv, heistorr, knegras, kornstorr, kystmaure, kystmyrklegg, musestorr, rosenrot, strandkjeeks, strandkjempe, strandkvann, strandnellik og sumsivaks.

**Prioritering:** Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ei større, intakt naturbeitemark som framleis vert beita, med særmerkt vegetasjon, mange indikatorartar og to raudlisteartar i lågare kategori, mellom desse gode bestandar av skjoldblad.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast minst like mykje som i dag. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

## 116 Utsira: vest for Sørevågen

**Posisjon:** KL 65 80  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark  
**Utforming:** Fuktig fattigeng (G1)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroat  
**Undersøkt, kjelder:** 10.10.2006, AK & JBJ (jf. Nordhagen 1921, Stokka 1971)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg på sørlege del av Utsira, rett vest for Sørevågen. Det som er avgrensa, er dei delene som er minst gjødsla, i eit relativt gjødselpåverka beitelandskap. Han er del av eit nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 1 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon (O3t).

#### Vegetasjon:

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var ved undersøkinga beita av sau.

*Artsfunn:* Særleg interessant er raudlisteartane raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (V/NT), *Entoloma cf. caeruleum* (-/DD) og *Entoloma velenovskyi* (DC/NT). Elles vart det funne skjørvokssopp (*Hygrocybe ceracea*), kjeglevokssopp (*Hygrocybe conica*), raud åmeklubbe (*Cordyceps militaris*), seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*) og silkeraudskivesopp (*Entoloma sericellum*). Av planter vart det påvist beitestorr, blåklokke, dvergsmyle, geittelg, knegras, kystbergknapp, kystgrisøyre, kystmaure, skjoldblad (NT-nær truga på raudlista, ganske talrik), smalkjempe og strandnellik.

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ei større, intakt naturbeitemark som framleis vert beita, med særmerkt vegetasjon og fleire raudlisteartar i lågare kategori, mellom desse gode bestandar av skjoldblad.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast i samsvar med tidlegare bruk. Ein bør unngå fysiske inngrep og gjødsling.

## 117 Utsira: Vestremarka

**Posisjon:** KL 64 81  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap, havstrand/kyst  
**Naturtype:** Naturbeitemark, strandeng og strandsump  
**Utforming:** Fuktig fattigeng (G1)

Jordfuktigkeit				Baserikheit			Näring		
fuktig	vekselfuktig	frisk	tørr	fattig	intermed.	rik	fattig	intermed.	rik
100				100			100		

**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, gjødsling, opphøy av beite, attgroat  
**Undersøkt, kjelder:** 10.10.2006, AK & JBJ (jf. Nordhagen 1921, Stokka 1971)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i vestre del av Utsira kommune. Han er del av eit nasjonalt verdifullt kulturlandskap, klasse 1 (Fylkesmannen i Rogaland 1994). Området er prega av kystklima og beiting. Det er verslitne berg med vegetasjonsdekke rundt og dels oppå, og vegetasjonen er beita av sauar. Store særpregra, velutvikla grasbeite. Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon (O3t).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er dominert av ein gras- og urterik vegetasjon med slektskap til både eng, hei og strandeng. Særleg interessant er dei kortbeita saltpåverka engene mot vest og nordvest, med

høgt innslag av strandplanter som strandkjempe og fjørekoll. Interessant er også det sterke innslaget av skjoldblad.

*Kulturpåverknad:* Middels beitetrykk av sau. Dette er eit eldgammalt kulturlandskap med mange fornminne.

*Artsfunn:* Det er tidlegare, både i mellomkrigstida og i 2006, funne dverglin, ein sjeldan raudlisteart (EN - sterkt truga) (Nordhagen 1923, John Inge Johnsen og Svein Imsland pers. medd.). Av planter kan nemnast dvergsmyle, heiblåfjør, heisiv, heistorr, hesterumpe, hårsvæve, kjeldeurt, knegras, kornstorr, kystgrisøyre, kystmaure, kystmyrklegg, kysttjønnaks, myrsaulauk, olavsskjegg, skjoldberar, skjoldblad (NT på raudlista, svært vanleg her), smallkjempe, strandkjempe, strandkvann, strandnellik, sumpsivaks og tusenfryd. Vi fann vidare dei raudlista soppartane *Entoloma atrocoeruleum* (DC/NT) og *Entoloma caeruleum* (DD, usikkert bestemt). Totalt vart det av beitemarkssopp funne 2 finger- og køllesopp-artar, 9 raudskivesopp-artar, to jordtunge-artar og 9 vokssopp-artar. Av ikkje raudlista artar kan nemnast: rosafagerhatt (*Calocybe carneae*), falsk kantarell (*Hygrophoropsis aurantiaca*), kjeglevokssopp (*Hygrocybe conica*), silkeraudskivesopp (*Entoloma sericellum*), beiteraudskivesopp (*Entoloma sericeum*), brunfnokka vokssopp (*Hygrocybe helobia*), seig vokssopp (*Hygrocybe laeta*), krittvokssopp (*Hygrocybe virginea*), grøn vokssopp (*Hygrocybe psittacina*), gul småfingersopp (*Clavulinopsis corniculata*), kantarellvokssopp (*Hygrocybe cantharellus*), *Entoloma longistriatum*, bleiktuppa småkøllesopp (*Clavulinopsis luteoalba*), skjeljordtunge (*Geoglossum fallax*) (DC/-), brunsvart jordtunge (*Geoglossum cf. umbratile*) (DC/-), raud åmeklubbe (*Cordyceps militaris*), *Entoloma caesiocinctum* (DC/-), gul småkøllesopp (*Clavulinopsis helvola*), beitehette (*Mycena pelliculosa*) (DC/-), liten mørnevokssopp (*Hygrocybe miniata*), *Entoloma longistriatum*, gul vokssopp (*Hygrocybe chlorophana*), brunkanthette (*Mycena olivaceomarginata*), kolmjølkehette (*Mycena leucogala*), honningvokssopp (*Hygrocybe reidii*).

*Prioritering:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei stor og intakt naturbeitemark med ei sjeldan og særprega ytterkystutforming, som er i middels god hevd og der det er gjort funn av mange raudlisteartar, dels i høg raudlistekategori (dverglin). Dessutan er det funne mange andre kravfulle artar.

*Omsyn og skjøtsel:* Lokaliteten bør beitast minst like mykje som i dag. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

# KJELDER

## Litteratur

Lista nedanfor inneholder også litteratur som ikke inneholder stedfesta informasjon fra Rogaland, men som er brukte for å belyse tema i bestemmingsarbeid, verdisetting m.m.

- Boertmann, D. 1995. Vokshatte. Nordeuropas svampe - bind 1. Foreningen til Svampekundskabens Fremme. 184 s.
- Bratli, H. & Norderhaug, A. 2005. Felthåndbok for kartlegging av biologisk mangfold i jordbruks kulturlandskap. Versjon 06.06.05. 26 s.
- Elgersma, A. 1996. Landskapsregioner i Norge. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS), kart.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.
- Fremstad, E. & Moen, A. (red.) 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. NTNU rapport botanisk serie 2001-4, 231 s.
- Frisvoll, A. A., Elvebakk, A., Flatberg, K.I. & Økland, R.H. 1995. Sjekkliste over norske mosar. Vitenskapeleg og norsk namneverk. NINA Temahefte 4: 1-104.
- Fylkesmannen i Rogaland 1994. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Rogaland. Del A. Del B.
- Granmo, A., Hammelev, D., Knudsen, H., Læssøe, T., Sasa, M. & Whalley, A. 1989. The genera *Biscogniauxia* and *Hypoxylon* (*Sphaeriales*) in the Nordic countries. Opera Bot. 100: 59-84.
- Gulden, G., Bendiksen, E., Brandrud, T. E., Ryvarden, L., Sivertsen, S. & Smith, O. 1996. Norske soppnavn. Fungiflora. 137 s.
- Hansen, L. & Knudsen, H. (ed.) 1992. Nordic Macromycetes Vol. 2. Polyporales, Boletales, Agaricales, Russulales. - Nordsvamp, København, 474 s.
- Hansen, L. & Knudsen, H. (ed.) 1997. Nordic Macromycetes Vol. 3. Heterobasoid, aphyllophoroid and gasteromycetoid Basidiomycetes. Nordsvamp, København, 444 s.
- Hansen, L. & Knudsen, H. (ed.) 2000. Nordic Macromycetes Vol. 1. Ascomycetes. Nordsvamp, København, 309 s.
- Hvatum, H. 1993. Population biology of the marsh gentian (*Gentiana pneumonanthe* L.) in Norway. Cand scient. thesis in botany, Botanical Garden and Museum, University of Oslo. 76 pp.
- Jordal, J. B. 1997. Sopp i naturbeitemarker i Norge. En kunnskapsstatus over utbredelse, økologi, indikatorverdi og trusler i et europeisk perspektiv. Direktoratet for Naturforvaltning, Utredning for DN nr. 6- 1997. 112 s.
- Jordal, J. B. 2007 (i trykk): Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2006. Fylkesmannen i Rogaland rapport nr. 1-2007. 124 s. + kart.
- Krog, H., H. Østhagen & T. Tønsberg 1994. Lavflora. Norske busk- og bladlav. 2 utgave. Universitetsforlaget. 368 s.
- Kålås, J.A., Viken, Å. & Bakken, T. (red.) 2006. Norsk Rødliste 2006. Artsdatabanken, Trondheim.
- Lid, J. & Lid, D. T., 2005: Norsk flora. 7. utgåve ved Reidar Elven. Det Norske Samlaget, Oslo. 1230 s.
- Lundberg, A. 1985. Botanisk bibliografi for Rogaland 1814-1983. 39 s.
- Mangersnes, R. 2006. Ulvarudla vindmøllepark - tilstandsvurdering av nasjonalt viktig kystlynghei og muligheter for skjøtsel. Naturforvalteren rapport 2006-11. 21 s. + vedlegg.
- Moen, A. 1998. Vegetasjon. Nasjonalatlas for Norge. Statens kartverk, Hønefoss. 199 s.
- Moen, A. 1975. Myrundersøkelser i Rogaland. Rapport i forbindelse med den norske myrreservatplanen. K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. bot. Ser. 1975, 3: 1-127.
- Moen, A. & Pedersen, A. 1981. Myrundersøkelser i Agderfylkene og Rogaland i forbindelse med den norske myrreservatplanen. K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. bot. Ser. 1981, 7: 1-252.
- Mossberg, B. 1992. Den nordiska floran. Wahlström & Widstrand. 696 s.
- Noordeloos, M. E. 1992. Entoloma s.l. Fungi Europaei 5. Saronno, Italia, 760 s.
- Noordeloos, M. E. 1994. Bestimmungsschlüssel zu den Arten der Gattung Entoloma (Rötlinge) in Europa. IHW-Verlag. 85 pp.
- Noordeloos, M.E. 2004. Entoloma supplement. Fungi europei vol. 5a. 761-1378.

- Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L. & Kvamme, M. 1999. Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Landbruksforlaget. 252 s.
- Nordhagen, R. 1923. Vegetationsstudien auf der Insel Utsire im westlichen Norwegen. Bergens Mus. Aarb. naturv. R. 1, 1920-21: 1-149.
- Ryman S. & Holmåsen I. 1984. Svampar. Interpublishing, Stockholm. 718 s.
- Ryvarden, L. 1978. Botanisk kartlegging av Bjerkreimsvassdraget. Univ. Oslo, Kontaktutv. vassdragsreg. (upubl.).
- Skofteland, E.J. 1973. Floristiske undersøkelser ved Jøsenfjorden, Hjelmeland kommune, Rogaland. Univ. Oslo, cand. real. thesis. 148s.
- Steinnes, A. 1983. Skogssamfunn og vegetasjonskartlegging i Dalane i Rogaland. Univ. Oslo, Bot. Hage og Mus., cand. real. thesis. 157 s. + tab., kart.
- Steinnes, A. 1988 a. Vern og skjøtsel av kysthei i Rogaland Økoforsk rapport 1988 11: 1- 119.
- Steinnes, A. 1988 b. Oversikt over botaniske verneverdier i Rogaland. Økoforsk rapport 1988: 12.
- Stokka, E. 1971. Nye vegetasjonsundersøkelser på Utsira. Univ. Bergen, cand. real. thesis. 174 s.

## **Andre kjelder**

Artsdatabanken 2007. Data om raudlisteartar: <http://www.artsdatabanken.no/>

DN 2006, revidert DN-handbok nr. 13:

<http://www.naturforvaltning.no/archive/attachments/02/123/Hndbo001.pdf>

Naturbase: [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)

## **Munnlege kjelder**

Følgjande personar har gjeve munnlege eller skriftlege opplysningar om biologiske forhold, eller bestemt materiale:

Andreas Dunkley  
Helge Fjeldstad  
Alfred Granmo  
Geir Gaarder

Tom Hellik Hofton  
Svein Imsland  
John Inge Johnsen  
Asbjørn Knutsen

Perry G. Larsen  
Leif Ryvarden  
Audun Steinnes

# Lokaliteter

## 1. Hellandsmyr 1

Naturtype	ID	Arealandel
Intakt låglandsmyr	A01	80
Kystlynghei	D07	20

**Verdi:** A  
**Kommune:** TIME  
**Areal (daa):** 0  
**UTM:** LL 12, 06  
**Kartblad:** 1212 III  
**Inventør:** Anders Lundberg  
**Dato:** 22.07.2005

### Hovedtype

Torvmyr- og kystheilandskap, 260 m o.h.

### Beskrivelse

Torvmyr med spor av tidlegare torvtekt (torvskjør).

### Kulturspor

Torvskjør, beite.

### Verdivurdering

Området utgjer den søraustre delen av Hellandsmyr og er ei velutvikla torvmyr med tydelege spor etter torvtekt. Torvskjøra er framleis opne med naken, erodert torv som ikkje er grodd igjen. I dei våtaste, noko djupare parti dominerer vasstorvmose og duskull. Like ved finst steinbygde torvhus, i dag utan tak. Området er representativt for velutvikla, næringsfattige torvmyrer.

### Vegetasjonsregion

Sone: Sørboreal Seksjon: Klart oseanisk

### Vegetasjonstyper

Kode	Type	Arealandel
K2	K2 Fattig tuemyr	20
K3	K3 Fattig fastmattemyr	30
K4	K4 Fattig mykmatte/løsbunnmyr	30
H4	H4 Røsslyng-bjønnkamhei	20

Markegenskap	%-andel	%-andel	%-andel	%-andel
Jordfuktighet	Fuktig 40	Vekselfuktig 30	Frisk 25	Tørr 5
Baserikhet	Fattig 0	Intermediær 0	Rik 0	
Næring	Fattig 100	Intermediær 0	Rik 0	

### Tilstand:

Svak hevd

Området blir beita av sau og storfe; beitepresset er moderat og hindrar gjengroing.

Bruksmåte	Dagens bruk	Tidligere bruk
Beite	beite	beite
Torvtekt	-	torvtekt

## Artsliste

Latinsk navn	Norsk navn
<i>Agrostis capillaris</i>	Engkvein
<i>Andromeda polifolia</i>	Hvitlyng
<i>Betula nana</i>	Dvergbjørk
<i>Calluna vulgaris</i>	Røsslyng
<i>Carex echinata</i>	Stjernestarr
<i>Carex nigra</i>	Slåttestorr
<i>Carex rostrata</i>	Flaskestarr
<i>Deschampsia flexuosa</i>	Smyle
<i>Drosera rotundifolia</i>	Rundsoldogg
<i>Eriophorum angustifolium</i>	Duskull
<i>Galium saxatile</i>	Kystmaure
<i>Juncus filiformis</i>	Trådsiv
<i>Juncus squarrosus</i>	Heisiv
<i>Juniperus communis</i>	Einer
<i>Menyanthes trifoliata</i>	Bukkeblad
<i>Molinia caerulea</i>	Blåtopp
<i>Myrica gale</i>	Pors
<i>Pinguicula vulgaris</i>	Tettegras
<i>Vaccinium myrtillus</i>	Blåbær
<i>Vaccinium uliginosum</i>	Blokkebær
<i>Viola palustris</i>	Myrfiol

## 2. Hellandsmyr 2

Naturtype	ID	Arealandel
Intakt låglandsmyr	A01	80
Kystlynghei	D07	20

**Verdi:** A  
**Kommune:** TIME  
**Areal (daa):** 0  
**UTM:** LL 12, 06  
**Kartblad:** 1212 III  
**Inventør:** Anders Lundberg  
**Dato:** 22.07.2005

### Hovedtype

Torvmyr- og kystheilandskap, 255 m o h.

### Beskrivelse

Torvmyr med spor av tidlegare torvtekt (torvskjør). Området ligg i den nordaustre delen av myrkomplekset Hellandsmyr.

### Kulturspor

Torvskjør, beite

### Verdivurdering

Delområdet utgjer ein integrert del av myrkomplekset Hellandsmyr som har stor verneverdi.

### Vegetasjonsregion

Sone: Sørboreal Seksjon: Klart oseanisk

### Vegetasjonstyper

Kode	Type	Arealandel
K2	K2 Fattig tuemyr	20
K3	K3 Fattig fastmattemyr	30
K4	K4 Fattig mykmatte/løsbunnmyr	30
H2	H2 Tørr gras-urterik hei	20

Markegenskap	%-andel	%-andel	%-andel	%-andel
Jordfuktighet	Fuktig 80	Vekselfuktig 0	Frisk 20	Tørr 0
Baserikhet	Fattig 100	Intermediaær 0	Rik 0	
Næring	Fattig 100	Intermediaær 0	Rik 0	

**Tilstand:** Svak hevd

Området blir beita av sau og storfe; beitepresset er moderat og hindrar gjengroing.

Bruksmåte	Dagens bruk	Tidligere bruk
Beite	Sauebeite	

## Artsliste

Latinsk navn	Norsk navn
<i>Anthoxanthum odoratum</i>	Gulaks
<i>Betula nana</i>	Dvergbjørk
<i>Calluna vulgaris</i>	Røsslyng
<i>Carex rostrata</i>	Flaskestarr
<i>Cirsium palustre</i>	Myrtistel
<i>Drosera intermedia</i>	Dikesoldogg
<i>Drosera rotundifolia</i>	Rundsoldogg
<i>Epilobium palustre</i>	Myrmjølke
<i>Erica tetralix</i>	Klokelyng
<i>Eriophorum angustifolium</i>	Duskull
<i>Eriophorum vaginatum</i>	Torvull
<i>Juncus conglomeratus</i>	Knappsv
<i>Myrica gale</i>	Pors
<i>Narthecium ossifragum</i>	Rome
<i>Salix aurita</i>	Ørevier
<i>Salix repens</i>	Krypvier

### 3. Hellandsmyr 3

Naturtype	ID	Arealandel
Intakt låglandsmyr	A01	100

**Verdi:** A  
**Kommune:** TIME  
**Areal (daa):** 0  
**UTM:** LL 12, 06  
**Kartblad:** 1212 III  
**Inventør:** Anders Lundberg  
**Dato:** 22.07.2005

#### Hovedtype

Torvmyr, 240 m o.h.

#### Beskrivelse

Området utgjer den nordlege delen av myrkomplekset Hellandsmyr. Det skil seg fra andre delar av myra ved meir innslag av lausmatter og ope vatn.

#### Kulturspor

Torvskjør, beite, stemme (lagd på 1960-talet, info frå grunneigaren).

#### Verdivurdering

Delområdet utgjer ein integrert del av myrkomplekset Hellandsmyr som har stor verneverdi. Artsutvalet er annleis enn i andre delar av myra og førekjemst av regionalt sjeldsynte artar (som kjeldegras) aukar artsdiversiteten og understrekar verneverdien.

#### Vegetasjonsregion

Sone: Sørboreal Seksjon: Klart oseanisk

#### Vegetasjonstyper

Kode	Type	Arealandel
K3	K3 Fattig fastmattemyr	40
K4	K4 Fattig mykmatte/løsbunnmyr	60

Markegenskap	%-andel	%-andel	%-andel	%-andel
Jordfuktighet	Fuktig 100	Vekselfuktig 0	Frisk 0	Tørr 0
Baserikhet	Fattig 20	Intermediær 60	Rik 20	
Næring	Fattig 20	Intermediær 60	Rik 20	

**Tilstand:** Svak hevd

Området blir beita av sau og storfe; beitepresset er moderat og hindrar gjengroing.

Bruksmåte	Dagens bruk	Tidligere bruk
Beite	beite	beite
Torvtekts	-	torvtekts

#### Inngrep

Veianlegg, grustak, mmKrøtterstiar i nærleiken.

## 4. Hellandsmyr 4

Naturtype	ID	Arealandel
Naturlig fisketomme innsjøer og tjern	E10	100

**Verdi:** A  
**Kommune:** TIME  
**Areal (daa):** 0  
**UTM:** LL 12, 06  
**Kartblad:** 1212 III  
**Inventør:** Anders Lundberg  
**Dato:** 22.07.2005

### Hovedtype

Vatn i myrkompleks, 240 m o h.

### Beskrivelse

Vatnet ligg i den sørlege delen av myrkomplekset Hellandsmyr. Det er truleg ei daudisgrop.

### Kulturspor

Torvskjør og beite i myra som omgir vatnet.

### Verdivurdering

Vatnet utgjer ein integrert del av myrkomplekset Hellandsmyr, men skil seg frå sjølve myra ved å vere eit lite vatn.

### Vegetasjonsregion

Sone: Sørboreal      Seksjon: Klart oseanisk

### Vegetasjonstyper

Kode	Type	Arealandel
O3b	O3b Flaskestarr-utf	50
P4b	P4b Botnegras-tjønngras-utf	50

Markegenskap	%-andel	%-andel	%-andel	%-andel
Jordfuktighet	Fuktig 100	Vekselfuktig 0	Frisk 0	Tørr 0
Baserikhet	Fattig 100	Intermediær 0	Rik 0	
Næring	Fattig 100	Intermediær 0	Rik 0	

**Tilstand:** Svak hevd

Området omkring vatnet blir beita av sau og storfe.

### Artstiliste

Latinsk navn	Norsk navn
<i>Carex rostrata</i>	Flaskestarr
<i>Eriophorum angustifolium</i>	Duskull
<i>Lobelia dortmanna</i>	Botnegras

## 5. Sør for Hellandsmarkene

Naturtype	ID	Arealandel
Intakt låglandsmyr	A01	70
Kystlynghei	D07	20
Fuktenger	D09	10

**Verdi:** A  
**Kommune:** TIME  
**Areal (daa):** 0  
**UTM:** LL 12, 06  
**Kartblad:** 1212 III  
**Inventør:** Anders Lundberg  
**Dato:** 22.07.2005

### Hovedtype

Torvmyr- og kystheilandskap, 240 m o h.

### Beskrivelse

Torvmyr med spor av tidlegare torvtekt (torvskjør). Området ligg i den vestre delen av myrkomplekset Hellandsmyr. Det er svært variert med innslag av hei, myr og myrtjørn (dystroft vatr).

### Kulturspor

Torvskjør, beite.

### Verdivurdering

Delområdet utgjer ein integrert del av myrkomplekset Hellandsmyr som har stor verneverdi. Utvalet av plantearter skli seg frå andre delar av myrkomplekset og gjer at artsdiversiteten aukar.

Vegetasjonen omkring myrtjørna er spesiell med innslag av regionalt sjeldsynte artar og spesielle artskombinasjonar (kjeldegras, piggknopp, hesterumpe m.fl.).

### Vegetasjonsregion

Sone: Sørboreal      Seksjon: Sterkt oseanisk

### Vegetasjonstyper

Kode	Type	Arealandel
K2	K2 Fattig tuemyr	20
K3	K3 Fattig fastmattemyr	25
K4	K4 Fattig mykmatte/løsbunnmyr	25
H2	H2 Tørr gras-urterik hei	20
O5e	O5e Piggknopp-utf	10

Markegenskap	%-andel	%-andel	%-andel	%-andel
Jordfuktighet	Fuktig 100	Vekselfuktig 0	Frisk 0	Tørr 0
Baserikhet	Fattig 100	Intermediaær 0	Rik 0	
Næring	Fattig 100	Intermediaær 0	Rik 0	

### Tilstand:

Svak hevd

Området blir beita av sau og storfe; beitepresset er moderat og hindrar gjengroing.

Bruksmåte	Dagens bruk	Tidligere bruk
Beite	Sauebeite	

## Artsliste

Latinsk navn	Norsk navn
<i>Agrostis capillaris</i>	Engkvein
<i>Betula nana</i>	Dvergbjørk
<i>Calluna vulgaris</i>	Røsslyng
<i>Carex echinata</i>	Stjernestarr
<i>Carex panicea</i>	Kornstarr
<i>Carex pauciflora</i>	Sveltstarr
<i>Carex rostrata</i>	Flaskestarr
<i>Catabrosa aquatica</i>	Kildegras
<i>Cornus suecica</i>	Skrubb-bær
<i>Dactylorhiza maculata</i>	Flekkmarihad
<i>Deschampsia flexuosa</i>	Smyle
<i>Drosera rotundifolia</i>	Rundsoldogg
<i>Erica tetralix</i>	Klokkeling
<i>Eriophorum angustifolium</i>	Duskull
<i>Festuca vivipara</i>	Geitsvingel
<i>Galium uliginosum</i>	Sumpmaure
<i>Hippuris vulgaris</i>	Hesterumpe
<i>Molinia caerulea</i>	Blåtopp
<i>Myrica gale</i>	Pors
<i>Narthecium ossifragum</i>	Rome
<i>Potentilla erecta</i>	Tepperot
<i>Potentilla palustris</i>	Myrhatt
<i>Rubus chamaemorus</i>	Molte
<i>Solidago virgaurea</i>	Gullris
<i>Trichophorum cespitosum ssp. <i>Germanicum</i></i>	Storbjønnskjegg
<i>Vaccinium uliginosum</i>	Blokkebær

## 6. Fløymland-Ulvarudla

Naturtype	ID	Arealandel
Kystlynghei	D07	90
Intakt låglandsmyr	A01	10

**Verdi:** A  
**Kommune:** TIME  
**Areal (daa):** 0  
**UTM:** LL 15-18, 05-07  
**Kartblad:** 1212 II, III  
**Inventør:** Anders Lundberg  
**Dato:** 22.07.2005

### Hovedtype

Kystlynghei, 235-420 m o.h.

### Beskrivelse

Velutvikla kystlynghei med innslag av torvmyr og moltemyr. Stor økologisk spennvidde i høve til beitepress og væte (frå tørre til friske og fuktige utformingar).

### Kulturspor

Beite, torvmyr, torvtekt, torvbenker, steingardar (mange km), steinbuer. Kraftline, traktorveg.

### Verdivurdering

Stort areal, få tekniske inngrep, stort utval av representative kystlynghei- og myrtypar gjer området til eit av dei mest interessante kystlyngheilandskap på Jæren. Svært verneverdig.

### Vegetasjonsregion

Sone: Sørboreal      Seksjon: Sterkt oseanisk

### Merknad

Dette er ein av dei få igjenverande, intakte sørboreale, sterkt oseaniske

### Vegetasjonstyper

Kode	Type	Arealandel
H1a	H1a Røsslyng-utf	10
H1e	H1e Røsslyng-heigråmose-lav-utf	10
H3a	H3a Røsslyng-blokkebær-utf	10
H3c	H3c Klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utf	10
H3d	H3d Klokkelyng-rome-heigråmose-utf	10
H3e	H3e Pors-rome-blåtopp-utf	10
K2a	K2a Røsslyng-dvergbjørk-utf	10
K2b	K2b Røsslyng-kysthei-utf	10
K3a	K3a Klokkelyng-rome-utf	10
O3a	O3a Elvesnelle-utf	5
P2a	P2a Flotgras-utf	5

Markegenskap	%-andel	%-andel	%-andel	%-andel
Jordfuktighet	Fuktig 30	Vekselfuktig 60	Frisk 5	Tørr 5
Baserikhet	Fattig 100	Intermediær 0	Rik 0	
Næring	Fattig 100	Intermediær 0	Rik 0	

**Tilstand:** Svak hevd

Området blir beita av sau og storfe; beitepresset er moderat og hindrar gjengroing.

Bruksmåte	Dagens bruk	Tidligere bruk
Beite	Sau og storfe (ungdyr)	x
Torvtekst	x	
Brenning	?	

### Artssiste

Latinsk navn	Norsk navn
<i>Betula nana</i>	Dvergbjørk
<i>Blechnum spicant</i>	Bjønnkam
<i>Calluna vulgaris</i>	Røsslyng
<i>Carex echinata</i>	Stjernestarr
<i>Carex panicea</i>	Kornstarr
<i>Cornus suecica</i>	Skrubb-bær
<i>Dactylorhiza maculata</i>	Flekkmarihand
<i>Deschampsia flexuosa</i>	Smyle
<i>Empetrum nigrum</i>	Krekling
<i>Equisetum palustre</i>	Myrsnelle
<i>Erica tetralix</i>	Klokkeling
<i>Eriophorum angustifolium</i>	Duskull
<i>Huperzia selago</i>	Lusegras
<i>Juncus articulatus</i>	Ryllsiv
<i>Juncus squarrosus</i>	Heisiv
<i>Juniperus communis</i>	Einer
<i>Molinia caerulea</i>	Blåtopp
<i>Myrica gale</i>	Pors
<i>Narthecium ossifragum</i>	Rome
<i>Phegopteris connectilis</i>	Hengeving
<i>Potentilla erecta</i>	Tepperot
<i>Solidago virgaurea</i>	Gullris
<i>Sorbus aucuparia</i>	Rogn
<i>Trichophorum cespitosum ssp. <i>Germanicum</i></i>	Storbjønnskjegg
<i>Vaccinium uliginosum</i>	Blokkebær

## 7. Little Undheim – Risstølen

Naturtype	ID	Arealandel
Kystlynghei	D07	90
Intakt låglandsmyr	A01	10

**Verdi:** A  
**Kommune:** TIME  
**Areal (daa):** 0  
**UTM:** LL 15-18, 11-13  
**Kartblad:** 1212 III  
**Inventør:** Anders Lundberg  
**Dato:** 22.07.2005

### Hovedtype

Kystlynghei, 200-320 m o h.

### Beskrivelse

Særs velutvikla kystlynghei med stor habitatvariasjon og variasjon langs menge økologiske grader, i høve til beitetrykk og væte (alt frå tørt til fuktig). 200-323 m o h.

### Kulturspor

Steingardar steinbuer (gamle gjetarhus).

### Verdivurdering

Området er eit av dei mest velutvikla kystlyngheilandskap på Jæren. Det er derfor særs verneverdig.

### Vegetasjonsregion

Sone: Sørboreal      Seksjon: Sterkt oseanisk

### Vegetasjonstyper

Kode	Type	Arealandel
H1a	H1a Røsslyng-utf	15
H1c	H1c Røsslyng-slåtttestarr-torvull-utf	5
H3a	H3a Røsslyng-blokkebær-utf	5
H3c	H3c Klokkeling-rome-bjønnskjegg-utf	70
H3e	H3e Pors-rome-blåtopp-utf	5

Markegenskap	%-andel	%-andel	%-andel	%-andel
Jordfuktighet	Fuktig 10	Vekselfuktig 10	Frisk 10	Tørr 70
Baserikhet	Fattig 100	Intermediaær 0	Rik 0	
Næring	Fattig 100	Intermediaær 0	Rik 0	

### Tilstand:

Svak hevd

Området blir beita av sau og storfe; beitepresset er moderat og hindrar gjengroing.

Bruksmåte	Dagens bruk	Tidligere bruk
Beite	Sau og storfe	

## 8. Røynås

Naturtype	ID	Arealandel
Naturbeitemark	D04	100

**Verdi:** C  
**Kommune:** TIME  
**Areal (daa):** 0  
**UTM:** LL 14-15, 15-17  
**Kartblad:** 1212 III  
**Inventør:** Anders Lundberg  
**Dato:** 23.07.2005

### Hovedtype

Kulturbete, 300-260 m o h.

### Beskrivelse

Det er den øvre delen av garden Røynås som her er vurdert, området mellom gardstunet og toppen Røynåsen. Området blei oppsøkt for å sjekke om det var restar av kystlynghei igjen, men alt var omdanna til grasdominert kulturbete, godt gjødsla og sterkt beita. Tidlegare myrer var drenerte.

### Kulturspor

Traktorveg, gjerde, grøfting, kulturbete.

### Verdivurdering

Området er eit typisk døme på intensivt dreve jordbrukslandskap på Jæren, slike det er mange av der. Den intensive drifta med fulldyrkning, overflatedyrking, kraftig gjødsling og sterkt beitepress favoriserer grasmarker dominerte av kultiverte artar og med eit biologisk mangfald som går mot nær null. Som kulturlandskap med biologisk mangfald har det tilnærma lik null verdi. Lokaliteten kvalifiserer ikke for C verdi. God målestokk som områder med A, B eller C verdi kan sammenlignes med.

### Vegetasjonsregion

Sone: Sørboreal      Seksjon: Sterkt oseanisk

### Merknad

Her er skillet mellom sterkt oseanisk og klart oseanisk seksjon uklart.

### Vegetasjonstyper

Kode	Type	Arealandel
G4	G4 Frisk fattigeng	100

Markegenskap	%-andel	%-andel	%-andel	%-andel
Jordfuktighet	Fuktig0	Vekselfuktig 0	Frisk 90	Tørr 10
Baserikhet	Fattig 0	Intermediær 100	Rik 0	
Næring	Fattig 0	Intermediær 100	Rik 0	

### Tilstand:

Den eldste vegen langs Vest-Karmøy passerer området, kanskje tilbake frå middelalderen. Interessant, delvis steinsett sledeveg (laga før hjulkjerrene kom i bruk) frå den gamle tunstaden (brukt inntil 1700-talet, før tunet på Sandhåland blei flytta til Høge-Håland for å unngå problem med sandflukt austover mot utmarka.

## Artstiliste

Latinsk navn	Norsk navn
<i>Achillea millefolium</i>	Ryllik
<i>Agrostis stolonifera</i>	Krypkvein
<i>Ammophila arenaria</i>	Marehalm
<i>Anthyllis vulneraria</i>	Rundbelg
<i>Arabis thaliana</i>	Vårskrinneblom
<i>Arrhenatherum elatius</i>	Hestehavre
<i>Aster tripolium</i>	Strandstjerne
<i>Atriplex prostrata</i>	Tangmelde
<i>Campanula rotundifolia</i>	Blåklokke
<i>Capsella bursa-pastoris</i>	Gjetertaske
<i>Catabrosa aquatica</i>	Kildegras
<i>Centaurea nigra</i>	Svartknopprt
<i>Centaurea scabiosa</i>	Fagerknopprt
<i>Cerastium diffusum</i>	Kystarve
<i>Chenopodium album</i>	Meldestokk
<i>Cochlearia officinalis</i>	Skjørbuksurt
<i>Euphorbia helioscopia</i>	Åkervortemelk
<i>Euphrasia stricta</i>	Kjerteløyentrøst
<i>Fumaria muralis</i>	Kystjordrøyk
<i>Galium aparine</i>	Klengemaure
<i>Honkenya peploides</i>	Strandarve
<i>Juncus compressus</i>	Flatsiv
<i>Knautia arvensis</i>	Rødknapp
<i>Lamium purpureum</i>	Rødtvetann
<i>Leymus arenarius</i>	Strandrug
<i>Ligusticum scoticum</i>	Strandkjeks
<i>Lotus corniculatus</i>	Tiriltunge
<i>Matricaria maritima</i>	Strandbalderbrå
<i>Matricaria perforata</i>	Ugrasbalderbrå
<i>Myosotis arvensis</i>	Åkerforglemmegei
<i>Phragmites australis</i>	Takror
<i>Pimpinella saxifraga</i>	Gjeldkarve
<i>Plantago lanceolata</i>	Smalkjempe
<i>Plantago maritima</i>	Strandkjemp
<i>Poa pratensis</i>	Engrapp
<i>Polygonum aviculare</i>	Tungras
<i>Ranunculus sceleratus</i>	Tiggersoleie
<i>Sagina nodosa</i>	Knopparve
<i>Sedum acre</i>	Bitterbergknapp
<i>Sedum telephium</i>	Smørbukk
<i>Silene dioica</i>	Rød jonsokblom
<i>Silene uniflora</i>	Strandsmelle
<i>Sonchus arvensis</i>	Åkerdylle
<i>Trifolium campestre</i>	Krabbekløver
<i>Urtica urens</i>	Smånesle
<i>Vicia cracca</i>	Fuglevikke



# Lokaliteter

## Ognøy

<b>LokalitetsID:</b>	78
<b>Kartblad:</b>	
<b>UTM:</b>	LK 123 456
<b>Kommune(r):</b>	BOKN, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kystlynghei
<b>Naturtyper:</b>	Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystmyr, Kystmyr,
<b>Tilstand:</b>	Ikke valgt
<b>Verdi:</b>	A Svært viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Sterkt oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	19.09.2006
<b>Inventør(er):</b>	Audun Steinnes

### Lokalitetskarakteristikk

**Generelt:** Området utgjer heile nordelen og det meste av kystlinia av Ognøy i Bokn kommune i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Området er eit for det meste grunnlendt kystheilandskap med ein mosaikk mellom ulike utformingar av kystlynghei og kystmyr. E39 går i vestkanten av området og skil den vestre kystlinia frå resten av området. Om lag midt på øya er det ei høgde i aust og ei i vest (78 m.o.h.) med eit svakt daldrag mellom. Dyrka jord og kulturbete ligg sør for desse med tunet i sørvest og er halde utanfor området. Det er bygd ei ridevegsløye frå tunet mot nordaust, inn i området rundt den austre høgda.. Området er registrert i "Nasjonal registrering av kulturlandskap".

**Vegetasjon:** Området er dominert av kystlynghei som varierer etter råme og helling og der dei tørrare utformingane er dominerte av røsslyng (H1). Tørrhei dominerer i nord og vest og på dei høgaste partia. Det er eit jamnt innslag av purpuryng, særleg i sørhellinger(H1b). I mellomtørre delar kjem klokkeling og mindre innslag av fuktheiartar som blåtopp, bjønnskjegg og heisev inn. I fuktig hei (H3) dominerer oftast desse artane, og då gjerne med rome i tillegg (H1b). Den svake nordhellinga nord for midten på øya er ei stor fukthei, dels dominert av blåtopp og med mindre drag av fattigmyr i sokka. I ein av myrane som er delvis tørrlagt, finst ein stor bestand bustsmyle på bar torv saman med myrkålefot, krypselv, kornstorr, klokkeling, rome og kroktorvmose. På aust- og nordsida av den austre høgda er det ein del rikare hei med mykje purpuryng, heiblåfjør og kystmyrklegg, tepperot i tørrare delar og rikare fukthei med fåblom, krypvier, heisev, dvergjamne, kornstorr, beitestorr, skottlandsaugnetrøyst, brunklomose og blodmose. I vest er det ein bratt skrent med ein hassellund der finst dei fleste oseaniske fuktkrevjande bladlava og fleire andre sjeldsynte lavartar(sjå "Artsfunn") (Røsberg 1981). Sør for gardsvegen og ved det vestre tunet er det bjørkehagar som er aktivt beita, men ikkje undersøkte.

**Kulturpåverknad:** Generasjonsskifte har ført til meir intensiv drift med ny driftsbygning for gris, oppgjødsling med gylleanlegg og nydyrkning. Ut over nemte vegar er det ikkje vesentlege inngrep i kystheia bortsett frå eit litt opparbeidd traktor-køyrespor i nord. Den ugjødsla heia blir aktivt beita av sau og storfe og det har ikkje vore avbrot i lyngbrenninga. Heia er derfor lite tilgrodd og med lyng frå nybrende til modne stadier, men det er ikkje gammal lyng i forfallsfase.

**Artsfunn:** Bustsmyle ( sterkt trua-EN), purpuryng (nær trua-NT). Fåblom er etter kvart mindre vanleg fordi dei opne kulturlandskapa er fattige og går tilbake. Pyttlav finst i fuktheia. Av andre lavartar finst Pyrenocarpon flotolianum (einaste funn i landet) og artane, Verrucaria margacea, Polyblastia cupularis , Catillaria chalybeia med einaste funn i fylket her (Røsberg1981).

### Inngrep

P1Fg Gjenfylling av dammer, bekkelukking, tørrlegging Myr grøfta, mest utanfor omr., litt inni

### Verdivurdering

Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ei velutvikla naturbeitemark/kystlynghei som er veksestad for fleire artar som står i raudlista, av desse ein i høgare kategori. Vidare er vegetasjonstypen purpurynghei rekna som sterkt truga, og vil i seg sjølv utløysa verdi A.

## Naturtyper

Naturtype	Utforming	Mengde(ant)	Arealandel(%)
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr lynghei	0	15
D07 Kystlynghei	D0702 Tørr gras-urterik hei	0	5
D07 Kystlynghei	D0706 Purpurlynghei	0	5
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig lynghei	0	50
A08 Kystmyr	A0803 Jordvannsmyr	0	10
A08 Kystmyr	A0803 Jordvannsmyr	0	10

## Vegetasjonstyper

Vegetasjonstype	Arealandel(%)
D2c Rike kyst-hasselkratt	5
H1 Tørr lynghei	15
H1b Purpurlyng-utf	10
H2c Purpurlyng-utf	5
H3c Klokkelyng-rome-bjønnskjeggs-utf	50
H3g Blåtopp-utf	5
H3i Pyttlav-utf	5
K3a Klokkelyng-rome-utf	10
O1 Kortskudd-strand	0

## Bruksmåter

Bruksmåter	Dagens bruk	Tidligere bruk
Beite	mest sau, litt storfe, hest	sau, storfe
Brenning	nybrend til moden, som tidl.	ja
Gjødsling	Spreidd gylle nærmest garden	ugjødsla

## Markegenskaper

	%-andel		%-andel		%-andel	
Jordfuktighet	Fuktig	10	Vekselfuktig	40	Frisk	40
Baserikhet	Fattig	80	Intermediær	15	Rik	5
Næring	Fattig	80	Intermediær	15	Rik	5

## Arter

Purpurlyng, Jåblom, Heiblåfjær

## Flatberga

<b>LokalitetsID:</b>	80
<b>Kartblad:</b>	1113 II
<b>UTM:</b>	LK 935 705
<b>Kommune(r):</b>	BOKN, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtyper:</b>	Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystmyr,
<b>Tilstand:</b>	Svak hevd
<b>Verdi:</b>	A Svært viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Sterkt oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	19.09.2006
<b>Inventør(er):</b>	Audun Steinnes

### Lokalitetskarakteristikk

**Generelt:** Området ligg på vestsida av øya Vestre Bokn, nord for Trosnavåg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Dette er ein del av Bokn kommune med lite gardar og annan aktivitet. Området er utan bygningar og innmark, og omfattar m.a. ein heilt ubygde del av kysten med eit kystlyheilandskap som er ein mosaikk mellom ulike utformingar av kystlynghei og kystmyr. Kysten stig nokså bratt til eit større platå mellom 20 og 40 m.o.h., høgaste punkt er flatberget på 93 m. Den nordlegaste og sørlegaste delen er ikkje oppsøkte i felt.

**Vegetasjon:** Området er dominert av kystlynghei som varierer etter råme og helling. I den vestre delen er det uvanleg store areal av røsslyngdominert tørrhei (H1). Grunnlendt tørrhei har innslag av mjølbær, særleg ut mot bart fjell. Det er eit jamnt innslag av purpurlyng, i sørhellingar av og til dominande(H1b). Mykje av tørrheia har grov røsslyng og eit størrre innslag av tytebær, blåbær, smyle og furumose enn vanleg. I mellomtørre delar kjem klokkeling og mindre innslag av fuktheiartar som blåtopp, bjørnnskjegg og heisev inn.., I fuktig hei (H3) dominerer oftast desse artane, og då gjerne med rome i tillegg (H1b), denne heitypen dominerer i aust . Einstape dominerer over større areal enn vanleg, dels over røsslyng-klokkeling-hei, dels over blåbær- eller kreklingdominert vegetasjon med skrubbær og skogstjerne. Midt i området ligg ei stor fattigmyr på 30 da utan inngrep som er for lite undersøkt, det same gjeld to tjørnar i austkanten.

**Kulturpåverknad:** Området er fritt for moderne tekniske inngrep. Det er heller ikkje påvist mange eldre kulturspor, det har derfor truleg også tidlegare vore eit særleg ekstensivt brukt område, truleg fordi det er vanskeleg tilgjengeleg frå sjøen. Det var lite /ikkje merke etter beiting og lynchia er for det meste i moden fase i vest, dels i forfallsfase. Dette forklarar truleg vegetasonstrekk som liknar blåbærskog. I aust er heia yngre og meir brend. Området er likevel berre lite tilgrodd i den sentrale delen, truleg noko meir i sør og nordendane.

**Artsfunn:** purpurlyng (nær trua-NT).

### Tilstandsbeskrivelse

Det var lite /ikkje merke etter beiting og lynchia er for det meste i moden fase i vest, dels i forfallsfase. Dette forklarar truleg vegetasonstrekk som liknar blåbærskog. I aust er heia yngre og meir brend. Området er likevel berre lite tilgrodd i den sentrale delen, truleg noko meir i sør og nordendane.

### Verdivurdering

Heia har klare forfallstrekk, og er ikkje velskjøtta, men likevel berre moderat tilgrodd. Området er verdisett som svært viktig fordi det er ein del av eit heilsakleg kystheilandskap som omfattar ein urørt kyststrekning , etter måten stort, og med eit særleg stort innslag av tørrhei. Delar av denne er med raudlistearten purpurlyng (nær trua-NT) dels dominante, og utgjer då ein trua naturtype. Det er dessutan få myrar på over 100 da i låglandet i fylket.

### Naturtyper

Naturtype	Utforming	Mengde(ant)	Arealandel(%)
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr lynchia	0	10
D07 Kystlynghei	D0706 Purpurlynghei	0	10
D07 Kystlynghei	D0704 Røsslyng-bjørnnkamhei	0	5
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig lynchia	0	30
A08 Kystmyr	A0803 Jordvannsmyr	0	25

**Vegetasjonstyper**

<b>Vegetasjonstype</b>	<b>Arealandel(%)</b>
H1a Røsslyng-utf	10
H1b Purpurlyng-utf	10
H3c Klokkelyng-rome-bjønnskjeggs-utf	30
K3a Klokkelyng-rome-utf	25

**Bruksmåter**

<b>Bruksmåter</b>	<b>Dagens bruk</b>	<b>Tidligere bruk</b>
Beite	lite beiting	beiting og brenning
Gjødsling	nei	nei
Brenning	nei	ja

**Markegenskaper**

	<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>	
Jordfuktighet	Fuktig	25	Vekselfuktig	20	Frisk	25	Tørr	30
Baserikhet	Fattig	100	Intermediær	0	Rik	0		
Næring	Fattig	100	Intermediær	0	Rik	0		

**Arter**

Purpurlyng

## Ådnanes

<b>LokalitetsID:</b>	86
<b>Kartblad:</b>	1113 II
<b>UTM:</b>	LK 935 682
<b>Kommune(r):</b>	BOKN, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtyper:</b>	Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystmyr, Kystmyr, Naturbeitemark,
<b>Tilstand:</b>	Svak hevd
<b>Verdi:</b>	A Svært viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Sterkt oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	19.09.2006
<b>Inventør(er):</b>	Audun Steinnes

### Lokalitetskarakteristikk

**Generelt:** Området ligg på vestsida av øya Vestre Bokn i Bokn kommune sør for Trosnavåg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Det ligg 2,5 km sør for det registrerte heiområdet Flatberget. Det utgjer eit kystlyheilandskap med ei tilnærma ubygde strandsone med ein mosaikk mellom ulike utformingar av kystlynghei og kystmyr. Det ligg på ei slette for det meste under 20 m.o.h. med ei større myr og fleire tjørner. Det er registrert i "Nasjonal registrering av kulturlandskap".

**Vegetasjon:** Området er dominert av kystlynghei som varierer etter råme og helling og der dei tørrare utformingane er dominerte av røsslyng (H1). Grunnlendt tørrhei har innslag av mjølbær, særleg ut mot bart fjell. Det er eit jamnt innslag av purpurlyng, særleg i sørhellinger(H1b). I mellomtørre delar kjem klokkelyng og mindre innslag av fuktheiartar som blåtopp, bjønnskjegg og heisev inn. I fuktig hei (H3) dominerer oftast desse artane, og då gjerne med rome i tillegg (H1b). I sør er det døme på fukthei heilt dominert av røsslyng med klokkelyng, duskull og rikeleg med heiflette. To stader er det registrert rikare fuktheisig med blåtopp, pors, øyrevier, krypvier, heiblåfjør og jáblom. Dei tidlegare engarealet er delvis tilgrodd med einstape, bjønnsbær eller blåtopp, men er for ein stor del open frisk, kystprega fattigeng (G4b), dominert av engvein med kystmaure, ryllik, gulaks finnskjegg, matsyre, engsoleie, slåttestorr, kornstorr, myrfiol, skogfiol og gjeldkarve. Myrane har dels grasmyrkarakter med blåtopp, duskull og storrtartar, dels meir torvmyrkarakter med torvull og lyngartar, men ingen større areal med klar nedbørmyr. Det er fine myrdammar med bukkeblad, kvitmyrak og kysttjønnaks. Den store fattigmyra (120da) har eit eutrofert drag i nordaust med mykje blåtopp, myrmaure, myrmjølke og høymol.

**Kulturpåverknad:** Ingen del av området er brend i nyare tid. Beitetrykket i nord er ganske hardt, her finst døme på at hardt tråkk i tørrhei med grov lyng i forfallsgfase fører til god tilvekst av ung lyng. I sør er beitetrykket meir variert. Her ligg den nedlagde garden Ådnanes som nå er fritidseigedom. Steingarden mellom innmark og utmark er i hovudsak intakt til liks med mange rydningsrøyser og husmurar. Litt av engene er planta til eller tilgrodde, men det meste blir halde ope med beiting. Dei to fritidsbygningane bryt ikkje sterkt med miljøet elles. Eigedomen aust for denne ser ut til å vera ubeita og middels tilgrodd med noko rogn, spreidd bjørk og litt furu (frå planting?). Ein traktortrase og ei grøfta myr er likevel markerte inngrep i sør der området dels er meir gjødselpåverka, dels overbeita men ugjødsla. Gassrøyrleidningen til Kårstø er nedgraven gjennom den nordre delen med eit moderne veltipassa bygg og med ein godt tilbakeført trase. Det er noko oppgjødsling rundt vegen til anlegget. Delar av den store myra er påverka av landbruksforureining frå bruken i aust.

**Artsfunn:** purpurlyng (nær trua-NT). Jáblom er etter kvart mindre vanleg fordi dei opne kulturlandskapa er fattige og går tilbake. blåtopp, heistorr, heiblåfjør, mjølkerot, gjeldkarve.

**Omsyn og skjøtsel** Beiting må haldast ved lag og aukast, frøtre må ryddast, lyngen bør foryngast gjennom brenning, helst i tre omgangar eller meir. Gjødsling og tilleggsføring bør reduserast og ikkje skje på ugjødsla areal.

### Kulturspor

I sør ligg den nedlagde garden Ådnanes som nå er fritidseigedom. Steingarden mellom innmark og utmark er i hovudsak intakt til liks med mange rydningsrøyser og husmurar.

### Tilstandsbeskrivelse

Ingen del av området er brend i nyare tid. Beitetrykket i nord er ganske hardt, her finst døme på at hardt tråkk i tørrhei med grov lyng i forfallsgfase fører til god tilvekst av ung lyng. I sør er beitetrykket meir variert. Eigedomen aust for denne ser ut til å vera ubeita og middels tilgrodd med noko rogn, spreidd bjørk og litt furu (frå planting?). Ein traktortrase og ei grøfta myr er likevel markerte inngrep i sør der området dels er meir gjødselpåverka, dels overbeita men ugjødsla. Gassrøyrleidningen til Kårstø er nedgraven gjennom den nordre delen med eit moderne veltipassa

bygg og med ein godt tilbakeført trase. Det er noko oppgjødsling rundt vegen til anlegget. Delar av den store myra er påverka av landbruksforeining frå bruken i aust.

#### **Inngrep**

P1Obb Bygninger, industrianlegg mm. Nedgraven gassrøyr, bygg

P1Obv Veier (inkl. skogsbilveier) Til gassbygg i nord

P1Od Grøfting og drenering myr i sørrenden

#### **Verdivurdering**

Området er verdisett som svært viktig ( A ) fordi det er ein del av eit heilskapleg kystheilandskap , etter måten stort, og med eit regelmessig innslag av raudlistearten purpurlyng (nær trua-NT), og tilsvarande tørrheitype som er trua. Det er dessutan få myrar på over 100 da i låglandet i fylket.

#### **Naturtyper**

<b>Naturtype</b>	<b>Utforming</b>	<b>Mengde(ant)</b>	<b>Arealandel(%)</b>
D07 Kystlynghei	D0706 Purpurlynghei	0	10
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr lynchei	0	20
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig lynchei	0	20
A08 Kystmyr	A0803 Jordvannsmyr	0	20
A08 Kystmyr	A0802 Atlantisk høgmyr	0	5
D04 Naturbeitemark	D0404 Frisk fattigeng	0	5

#### **Vegetasjonstyper**

<b>Vegetasjonstype</b>	<b>Arealandel(%)</b>
H1a Røsslyng-utf	20
H1b Purpurlyng-utf	10
H3a Røsslyng-blokkebær-utf	5
H3c Klokkelyng-rome-bjønnskjeggsjegg-utf	10
H3e Pors-rome-blåtopp-utf	5

#### **Bruksmåter**

<b>Bruksmåter</b>	<b>Dagens bruk</b>	<b>Tidligere bruk</b>
Beite	noko	mykje
Gjødsling	lite	ikkje
Brenning	ikkje	mykje

#### **Markegenskaper**

	<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>	
Jordfuktighet	Fuktig	20	Vekselfuktig	25	Frisk	20
Baserikhet	Fattig	90	Intermediær	10	Rik	0
Næring	Fattig	95	Intermediær	15	Rik	0

#### **Arter**

Purpurlyng, Jåblom

## Vardafjellet

<b>LokalitetsID:</b>	87
<b>Kartblad:</b>	1113 II
<b>UTM:</b>	KL 935 645
<b>Kommune(r):</b>	BOKN, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtyper:</b>	Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystmyr,
Naturbeitemark,	
<b>Tilstand:</b>	God hevd
<b>Verdi:</b>	A Svært viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Sterkt oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	19.09.2006
<b>Inventør(er):</b>	Audun Steinnes

### Lokalitetskarakteristikk

**Generelt:** Området ligg i sørvestre hjørnet av øya Vestre Bokn i Bokn kommune i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Det utgjer eit småkupert, knausete kystlyheilandskap med ein mosaikk mellom ulike utformingar av kystlynghei, anna beitemark og kystmyr. Ein lokalveg går i austkanten av området og inn i området som jordbruksveg til kulturminne frå 2. verdskrig med ein del gjødsla kulturbete. Kystlandskapet er variert og tilnærma ubygde med værutsett havkyst på vestsida til den lune austsida med Drevsundholmen.

**Vegetasjon:** Området er dominert av kystlynghei som varierer etter råme og helling og der dei tørrare utformingane er dominerte av røsslyng (H1). Grunnlendt tørrhei har innslag av mjølbær, særleg ut mot bart fjell. Det er eit jamnt innslag av purpurlyng, særleg i sørhellingar(H1b). I mellomtørre delar kjem klokkeling og mindre innslag av fuktheiartar som blåtopp, bjønnskjegg og heisev inn. . I fuktig hei (H3) dominerer oftast desse artane, og då gjerne med rome i tillegg (H1b). Området i sør er hardt beita og nokså nybrend med tørr gras-urterik hei i sørleg utforming (H2c) med mykje finnskjegg og kreling, spreidd-ein del purpurlyng, kattefot, knegras og heistorr. Tilsvarande fukthei har mykje heisev, kornstorr, slåttestorr og lite blåtopp. Ein ubrend kolle skil seg sterkt med røsslyngdominans, mykje kreling og skogstjerne. Det ligg ei nokså stor fattigmyr her. Områda sør for Klepp liknar med gjødsla areal i aust . Rett vest for vegen er det einermark med eng med kamgras, kystmaure, dvergsmyle, tiriltunge, knegras, kvitkløver, rylik, smalkjempe og hårdsvæve. På sjølve høgda Klepp er det mindre beiting. Og eldre røsslyng som dominerer fullstendig med klokkeling, rikeleg med heistorr og litt blåtopp, mindre enn heistorr. Litt fuktigare søkk har eng der ein av desse artane dominerer: blåknapp, geitsvingel, engkvein, finnskjegg, heistorr, kystmaure. Frisk fattigeng (G4a).

**Kulturpåverknad:** Delområdet rundt vegen og krigskulturminna og sør for Klepp er delvis aktivt gjødsla kullturbeite. Beitetrykket er elles sterkt varierende. I partiet mellom Klepp og Klepphaugen finst mindre plantefelt.

**Artsfunn:** purpurlyng (nær trua-NT), heistorr, kattefot, kamgras

**Omsyn og skjøtsel** Beiting må innførast/aukast i nord, haldast ved lag eller reduserast noko i sør. I nord bør lyngen foryngast gjennom brenning, helst i tre omgangar eller meir. Gjødsling og tilleggsføring må ikkje skje på ugyptsla areal og bør helst reduserast.

### Tilstandsbeskrivelse

Hardt beita i sør og delvis sør for Klepp, for lite beita på Klepp. Ein del gjødsla ved veg/krigskulturminne i sør og sør for Klepp.

### Verdivurdering

Området er verdisett som svært viktig. Trass i nokre inngrep og oppgjødsla lommar framstår det som eit etter måten stort, heilsakapleg kystheilandskap med eit regelmessig innslag raudlistearten purpurlyng (nær trua-NT og tilsvarande tørrheitype som er trua. Innslaget av fin, moden røsslynghei med mykje heistorr aukar verdien, einaste registrerte området i fylket med mykje heistorr.

### Naturtyper

Naturtype	Utforming	Mengde(ant)	Arealandel(%)
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr lynghei	0	25
D07 Kystlynghei	D0706 Purpurlynghei	0	10
D07 Kystlynghei	D0702 Tørr gras-urterik hei	0	5
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig lynghei	0	20
A08 Kystmyr	A0803 Jordvannsmyr	0	10
D04 Naturbeitemark	D0404 Frisk fattigeng	0	10

**Vegetasjonstyper****Vegetasjonstype**

H1 Tørr lynghei

H1b Purpurlyng-utf

**Arealandel(%)**

20

10

**Bruksmåter****Bruksmåter**

Beite

Brenning

Gjødsling

Gjødsling

**Dagens bruk**

hardt i sør, mindre i nord

Nybrænd i sør

Gjødsla v. vegen i sør og sør for Klepp

Gjødsla v. vegen i sør og sør for Klepp

**Tidligere bruk****Markegenskaper**

	<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>	
Jordfuktighet	Fuktig	5	Vekselfuktig	15	Frisk	15	Tørr	70
Baserikhet	Fattig	75	Intermediær	20	Rik	5		
Næring	Fattig	75	Intermediær	20	Rik	5		

**Arter**

Dvergsmyle, Kattefot, Heistarr, Kamgras, Tiriltunge

## Arafjell

<b>LokalitetsID:</b>	88
<b>Kartblad:</b>	1113 II
<b>UTM:</b>	LK 935 668
<b>Kommune(r):</b>	BOKN, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtyper:</b>	Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystmyr,
<b>Tilstand:</b>	Svak hevd
<b>Verdi:</b>	B Viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Sterkt oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	19.09.2006
<b>Inventør(er):</b>	Audun Steinnes

### Lokalitetskarakteristikk

**Generelt:** Området ligg på austsida av Vestre Bokn i Bokn kommune og utgjer eit småkupert, knausete kystlyheilandskap som er ein mosaikk mellom ulike utformingar av kystlynghei og kystmyr. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Det meste ligg 20-40 m.o.h. og det er fleire små tjørner i området E39 går gjennom området som derfor er særleg viktig **Generelt:** Området ligg på vestsida av øya Vestre Bokn, vest-nordvest for Sunnalandsstraumen i Bokn kommune og utgjer eit kystlyheilandskap rundt 20 m.o.h. med ein mosaikk mellom ulike utformingar av kystlynghei og kystmyr. Arafjekket (69m.o.h.) er mest markert med eit myrrikt landskap med vatn i søraust og ei oppdyrka myr eit vatn på vestsida. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2)

**Vegetasjon:** Området er dominert av kystlynghei som varierer etter råme og helling og der dei tørrare utformingane er dominerte av røsslyng (H1). Grunnlendt tørrhei har innslag av mjølbær, særleg ut mot bart fjell. Det er eit jamnt innslag av purpuryng, særleg på sørsida av Arafjellet(H1b). I mellomtørre delar kjem klokkeling og mindre innslag av fuktheiartar som blåtopp, bjørnnskjegg og heisev inn. Nordvest for Arafjellet er det store, lausmassedekka flater med denne heitypen. . I fuktig hei (H3) dominerer oftast desse artane, og då gjerne med rome i tillegg (H1b).

**Kulturpåverknad:** Den vestre delen av området er beita med kjøtfe, medan Arafjellet og området søraust for dette er lite eller ikkje beita og i moderat til sterkare tilgroing.

**Artsfunn:** purpuryng (nær trua-NT)

**Omsyn og skjøtsel** Beiting må haldast ved lag i vest og innførast/aukast i resten av området, frøtre må ryddast, lyngen bør foryngast gjennom brenning, helst i tre omgangar eller meir. Gjødsling og tilleggsforing må ikkje skje på ugjødslaa areal og bør helst reduserast.

### Tilstandsbeskrivelse

Området er stort sett lite tilgrodd, ein del i aust. Heia aktivt beitt av kjøtfe i vest ved fulldyrka myr, lite beitt på Araberger og aust for dette.

### Inngrep

P1Oo Oppdyrkning Myr i vest

### Verdivurdering

Området er verdisett som viktig(B) Området er ein del av eit heilskapleg kystheilandskap , etter måten stort, og med eit regelmessig innslag av raudlistearten purpuryng (nær trua-NT), og tilsvarande tørrheitype som er trua.

<b>Naturtype</b>	<b>Utforming</b>	<b>Arealandel(%)</b>
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr lynghei	20
D07 Kystlynghei	D0706 Purpurynghei	10
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig lynghei	20
A08 Kystmyr	A0804 Blanding nedbørsmyr/jordvannsmyr	10

### Vegetasjonstyper

<b>Vegetasjonstype</b>	<b>Arealandel(%)</b>
H1a Røsslyng-utf	20
H1b Purpuryng-utf	10
H3 Fuktig lynghei	30
H3c Klokkeling-rome-bjørnnskjegg-utf	30

<b>Bruksmåter</b>	<b>Dagens bruk</b>		<b>Tidligere bruk</b>	
Beite	Aktivt i vest, elles lite			
Brenning	ikkje på lenge			
Pløying	Fulldyrka myr i vest			
<b>Markegenskaper</b>				
	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>
Jordfuktighet	Fuktig 15	Vekselfuktig 25	Frisk 25	Tørr 35
Baserikhet	Fattig 90	Intermediær 10	Rik 0	
Næring	Fattig 90	Intermediær 10	Rik 0	

## Vatnaland

<b>LokalitetsID:</b>	89
<b>Kartblad:</b>	1113 II
<b>UTM:</b>	
<b>Kommune(r):</b>	BOKN, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtyper:</b>	Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei,
<b>Tilstand:</b>	Svak hevd
<b>Verdi:</b>	B Viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Sterkt oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	19.09.2006
<b>Inventør(er):</b>	Audun Steinnes

### Lokalitetskarakteristikk

**Generelt:** Området ligg på austsida av Vestre Bokn i Bokn kommune og utgjer eit småkupert, knausete kystlyheilandskap som er ein mosaikk mellom ulike utformingar av kystlynghei og kystmyr. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Det meste ligg 20-40 m.o.h. og det er fleire små tjørner i området E39 går gjennom området som derfor er særleg viktig for oppleveling av kulturlandskap. Det meste av arealet vest for vegen er nybrend.

**Vegetasjon:** Området er dominert av kystlynghei som varierer etter råme og helling og der dei tørrare utformingane er dominerte av røsslyng (H1). Grunnlendt tørrhei har innslag av mjølbær, særleg ut mot bart fjell. Det er eit jamnt innslag av purpurlyng, særleg i sørhellingar(H1b). I mellomtørre delar kjem klokkeling og mindre innslag av fuktheiartar som blåtopp, bjønnskjegg og heisev inn. I fuktig hei (H3) dominerer oftast desse artane, og då gjerne med rome i tillegg (H1b). Tørrheia har delvis stort innslag av tytebær, furumose, ein del blåbær og bjønnkam. Det nybrende område har god – brukbar spiring frå røsslyng og klokkeling, dessutan mykje bråtestorr og tepperot, flekkvis mykje blåtopp. Det er fleire fattigmytar på 30-60 da.

**Kulturpåverknad:** Det er lite inngrep utanom vegen og eit hyttefelt sør for Laupalandsvågen. Småbruket Oksabåsen er nå fritidsbustad der bygningane er fint restaurere og fell fint inn i landskapet bortsett frå ein treningsbane som er opparbeidd på kvelva. Det er moderat-lite beiting på austsida av vegen, heia er i moden eller tidleg forfallsfase med noko tilgroing med bjørk, aukande nordover i området

**Omsyn og skjøtsel** Beiting må innførast/ aukast, frøtre må ryddast, m.a. bjørker som har overlevd brannen på vestsida. Dersom overlevande blåtopp blir eit problem, er moderat storfebeiting viktig. Lyngen bør også foryngast gjennom brenning på austsida av vegen, helst i to omgangar eller meir. Gjødsling og tilleggsforing bør ikkje skje på u gjødsla areal.

### Kulturspor

Småbruket Oksabåsen er nå fritidsbustad der bygningane er fint restaurerte og fell fint inn i landskapet bortsett frå ein treningsbane som er opparbeidd på kvelva.

### Tilstandsbeskrivelse

Hovudarealet på vestsida av E39 er heilt nybrend med brukbar- god lyngspiring, medan austsida er moderat -sterkare tilgrodd med lyng i moden fase til forfallsfase.

### Inngrep

P1Ob Utbygging av arealer Hytter i same landskap i SV

P1Ob Veier (inkl. skogsbilveier) E39 midt gennom

### Verdivurdering

Området har eit regelmessig innslag av raudlistearten purpurlyng (nær trua-NT), og tilsvarande tørrheitype som er trua. Inngrep(E39), og tilgroing i delar av området gjer likevel at verdien blir vurdert som lågare enn fleire andre område i Bokn og sett til viktig (B).

<b>Naturtype</b>	<b>Utforming</b>	<b>Mengde(ant)</b>	<b>Arealandel(%)</b>
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr lynghei	0	20
D07 Kystlynghei	D0706 Purpurlynghei	0	15
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig lynghei	0	25

### Bruksmåter

Beite

Brenning

### Dagens bruk

Ein del i vest, lite i aust

nybrend i vest, lenge sidan i aust

### Tidligere bruk

**Markegenskaper**

	%-andel		%-andel		%-andel		%-andel	
Jordfuktighet	Fuktig	35	Vekselfuktig	20	Frisk	20	Rik	0
Baserikhet	Fattig	90	Intermediær	10	Tørr	25	Rik	0
Næring	Fattig	90	Intermediær	10				

**Arter**

Heistarr, Purpurlyng

## Søre Eigerøy

<b>LokalitetsID:</b>	90
<b>Kartblad:</b>	
<b>UTM:</b>	LK 220 820
<b>Kommune(r):</b>	EIGERSUND, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtyper:</b>	Kystlynghei, Kystmyr, Kystlynghei,
<b>Tilstand:</b>	God hevd
<b>Verdi:</b>	A Svært viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Sterkt oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	07.09.2005
<b>Inventør(er):</b>	Audun Steinnes

### Lokalitetskarakteristikk

**Generelt:** Lokaliteten er eit større område anortositt-hei med mykje bart fjell og med fukthei og myr mellom anortosittknollane. Mellom Auglend og Løyning går eit flatare drag med meir lausmassar og større myrar enn elles. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2), i hovudsak under 30 m.o.h., men stig mot nord opp mot 100 m.o.h.

**Vegetasjon:** Området er dominert av fukthei (H3) med blåtopp, røsslyng, rome, klokelyng, bjørnnskjegg, som stort sett er velskjøtta med beiting. Andre artar i fuktheia er klokkesøte, pors, skottlandsauetrøyst, lyngaugnetrøyst, heiblåfjør, kystmyrklegg, knegras, hundekvein og kornstorr, dessutan 5 artar såtemose og heitorvmose. Det er lite til moderat tilgroing, noko osp, rogn og bjørk, særleg i brattare terrreng mot aust og ved Skreddalsvatnet og Smådalsvatnet. I sørhellingar finst einskilde rose-hasselkratt med vivendel. Myrane er fattige, eit par av dei er over 20 da., men tvebustorr viser at rikare innslag finst. Dei mange vatna er næringsfattige med botngras, krypsev og kvit nøkkerose og litt takrøyr, men og med sjeldnare innslag langs strendene, med buntsevaks (nær trua-NT) og bustsmyle ved Auglend. Ved Auglend er det og lågurteikeskog med kusymre.

**Kulturpåverkanad:** Området er for det meste velskjøtta med bra med sau, m.a. utegangarsau, men og storfe. Det er nokre mindre plantefelt, , m. a. v Skreddalsvatnet og Svartavatnet.. Det er bygd ein ny, skjemmande veg og P-plass aust for Selvåg og 2 nye hytter. I sør er friluftsområdet Auglend med viktige kulturminnekvalitetar, m.a. naustmiljø i Vandringshamn og ein fin geil.

**Artsfunn: Omsyn og skjøtsel** Lokaliteten bør beitast minst like mykje som i dag.

Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep. Det er særleg viktig å unngå vidare hytte- og vegbygging.

### Kulturspor

Ein av bruka på Auglend er sikra til friluftsområde, m.a. Vandringshamn med verneverdige naust. Fin geil på grannebruket. Spor etter setefiske på berg, marine kulturminne (Den norske løve).

### Tilstandsbeskrivelse

Området er for det meste velskjøtta med bra med sau, m.a. utegangarsau, men og storfe.

### Inngrep

P1Ob Utbygging av arealer Nokre hytter

P1Obv Veier (inkl. skogsbilveier) Veg og P til hytter

### Verdivurdering

Området er utan tvil svært viktig (A). Samanlikna med dei andre registrerte områda på anortositten er det ikkje av dei største, og det har ein del inngrep. Det er likevel i hovudsak velskjøtta, har etter måten store lågliggande, lausmassedekka areal, og fuktheiar med eit breitt artsinnhald. Viktigast er likevel gode klokkesøtebestandar og innslag av fleire andre raudlisteartar. Det er dessutan eit særleg eigna område til å oppleva og formidla kulturlandskap lokalisert rett utanfor Egersund by og med den kulturminnerike llynghiegarden Auglend som statleg friluftsområde i sør.

### Naturtyper

<b>Naturtype</b>	<b>Utforming</b>	<b>Mengde(ant)</b>	<b>Arealandel(%)</b>
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr llynghesi	0	10
A08 Kystmyr	A0803 Jordvannsmyr	0	20
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig llynghesi	0	65

<b>Vegetasjonstype</b>	<b>Arealandel(%)</b>
D2a Lavurt-eikeskog	1
H1a Røsslyng-utf	10
H3c Klokkelyng-rome-bjønnskjskjegg-utf	70
K3a Klokkelyng-rome-utf	10

<b>Bruksmåter</b>	<b>Dagens bruk</b>	<b>Tidligere bruk</b>
Beite	passe	
Gjødsling	litt v. Løyningsvågen	
Brenning	Lite	

<b>Markegenskaper</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>
Jordfuktighet	Fuktig 10	Vekselfuktig 40	Frisk 40	Tørr 10
Baserikhet	Fattig 95	Intermediær 5	Rik 0	
Næring	Fattig 90	Intermediær 10	Rik 0	

#### **Arter**

Buntsivaks, Lyngøyentrøst, Skottlandsøyentrøst, Kystmyrklegg, Heiblåfjær, Fagerrogn

## Mong-Hådyr

<b>LokalitetsID:</b>	91
<b>Kartblad:</b>	
<b>UTM:</b>	LK 320 720
<b>Kommune(r):</b>	EIGERSUND, ROGALAND
<b>SOKNDAL, ROGALAND</b>	
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtyper:</b>	Kystlynghei, Kystlynghei, Kystmyr,
<b>Tilstand:</b>	Moderat-sterkt gjengrodd
<b>Verdi:</b>	A Svært viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Nemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Sterkt oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	26.09.2005
<b>Inventør(er):</b>	Audun Steinnes

### Lokalitetskarakteristikk

**Generelt:** Lokaliteten er eit middels stort område anortositt-hei med mykje bart fjell og med fukthei og myr mellom anortosittknollane. Det ligg på begge sider av grensa mellom Eigersund Og Sokndal kommunar. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Den opne havkysten stig bratt til eit nivå rundt 100 m.o.h. Den sterkt oppbrotna topografi gjer at området er vanskeleg å få oversyn over, og at beitetrykk og tilgroing varierer sterkt.

**Vegetasjon:** Området er dominert av fukthei (H3) med blåtopp, røsslyng, rome, klokkeling m.m., som nokre stader er velskjøtta med beiting, andre stader under sterk tilgroing, mest utanfor området i aust og nordaust. Det er lite myr, småvatna har bratte kantar og lite vegetasjon.

**Kulturpåverknad:** Nybrend hei med fin, ung røsslyng finst ved Birkelandsholmen. To små steinmurar (2x2m) ligg i heia aust for Birkelandsholman, dessutan er det ein del steingardar rundt i heia.

**Artsfunn:** Klokkesøte er talrik i området (EN - direkte truga på raudlista). Hårkrinslav (EN-Direkte trua) er funnen ved stien mellom Kvicksalen og Mong. Ved sjøen i Kvicksalen er nordgrense for den sterkt sørlege arten firtann, dessutan hjortetrøyst (få funn i fylket). Berggrøyrkvein fleire stader. Sør for Birkeland veks vengemose og åmemose på nordvend bergvegg.

**Omsyn og skjøtsel** Lokaliteten bør beitast minst like mykje som i dag. Klokkesøtebestandane vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

### Kulturspor

Steingardar, to eldre steinmurar (2x2m).

### Verdivurdering

Området er velarondert med ein vill havkyst utan særlege inngrep. Det er ein del tilgroing i smådalar og brattskrentar, medan andre delar er velskjøtta. Området er mindre enn fleire av dei andre anortosittområda med klokkesøtehei. To direkte trua artar saman med fleire andre interessante artar, tilseier likevel verdi A – Svært viktig.

<b>Naturtype</b>	<b>Utforming</b>	<b>Mengde(ant)</b>	<b>Arealandel(%)</b>
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig lynghei	0	70
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr lynghei	0	5
A08 Kystmyr	A0803 Jordvannsmyr	0	10

### Vegetasjonstype

	<b>Arealandel(%)</b>
H1a Røsslyng-utf	5
H3c Klokkeling-rome-bjønnskjeggs-utf	70
K3a Klokkeling-rome-utf	10

### Bruksmåter

<b>Bruksmåter</b>	<b>Dagens bruk</b>	<b>Tidligere bruk</b>
Beite	sterkt vekslande	
Brenning	nybrend-gammal lyng	

**Markegenskaper**

	<b>%-andel</b>			<b>%-andel</b>			<b>%-andel</b>	
Jordfuktighet	Fuktig	10	Vekselfuktig	40	Frisk	40	Tørr	10
Baserikhet	Fattig	80	Intermediær	20	Rik	0		
Næring	Fattig	80	Intermediær	20	Rik	0		

## Gramstad-Dalsnuten

<b>LokalitetsID:</b>	92
<b>Kartblad:</b>	
<b>UTM:</b>	LL 150 323
<b>Kommune(r):</b>	SANDNES, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtyper:</b>	Kystlynghei, Kystlynghei, Naturbeitemark, Kystmyr,
<b>Tilstand:</b>	God hevd
<b>Verdi:</b>	B Viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Klart oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	19.09.2005
<b>Inventør(er):</b>	Audun Steinnes

### Lokalitetskarakteristikk

**Generelt:** Lokaliteten omfattar Dalsnuten (323 m.o.h.), eit landemerke på Nord-Jæren, og eit slakare, lausmassedekka beitelandskap sør for denne (ca 160 m o.h.) mellom Revholstjørn og Gramstadtjørn. Området grensar i vest til eikeskog (F02 - B) og bjørkeskog i nord (FO7-B). Området ligg nær Sandnes by, omfattar 3 offentlege friluftseigedomar og er eit av dei viktigaste friluftsområda for storbyregion Nord-Jæren. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** Området er dominert av fukthei med blåtopp, bjønnskjegg, rome, pors og med kystmyrklegg, heiblåfjør, klokkeling, kornstorr, hundekvein, slåtttestorr. Det er tre fattigmyrar med torvmosar, duskull og stjernestorr. Delar av området er meir gjødselpåverka med enkveineng med kystmaure, englodnegras, smyle, småsyre og finnorskjeg. På sørssida av Dalsnuten går fuktheia opp til ca 220 m, over dette aukar røsslyng og einer markert. I Gramstadtjørn veks gul nøkkerose, og litt elvesnelle og sumpsevaks langs kanten.

**Kulturpåverknad:** Delar av området er gjødselpåverka. Enkelte større bjørker og rogner står spreidd i området, men beitedyra ser ut til å halda småplanter nede, tilgroinga er noko meir omfattande i nordaust og sørvest. Det er steingardar, geil og andre spor etter husmannsplass ved Revholstjørn der det går opparbeidd turveg/tursti til Dalsnuten.

**Artsfunn:** Mørjevokssopp, seigvokssopp og grønvokssopp.

**Omsyn og skjøtsel** Beitinga bør halda fram som nå og vurderast auka i nordaust, lauvtre bør fjernast der det er eit tilgroingsproblem. Det har tidlegare vore utbyggingsplanar for delar av område. Dei offentlege eigarane stat, kommune og fylkeskommune bør samarbeida med private eigarar om å få til avtalar som sikrar god, ugjødsla skjøtselsbeiting av heile arealet.

### Kulturspor

Det er steingardar, geil og andre spor etter husmannsplass ved Revholstjørn der det går opparbeidd turveg/tursti til Dalsnuten.

### Verdivurdering

Vurdert i landsdelssamanhang, har området lokal verdi (C). Vurdert ut frå kor lite som er att av kystlynghei i denne delen av fylket, kan området vurdeast å vera viktig (B). Området er særleg viktig for å oppleva og formidla kulturlandskap. Storbyregionen (200 000 menneske) ligg i tidlegare kystlyngheisona, og heile grønstrukturen er tidlegare kulturlandskap, men berre 4-5 lommar med tradisjonell kystlynghei finst att.

<b>Naturtype</b>	<b>Utforming</b>	<b>Arealandel(%)</b>
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig lynghei	60
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr lynghei	10
D04 Naturbeitemark	D0404 Frisk fattigeng	10
A08 Kystmyr	A0803 Jordvannsmyr	20

<b>Vegetasjonstype</b>	<b>Arealandel(%)</b>
H3a Røsslyng-blokkebær-utf	10
H3c Klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utf	30
H3e Pors-rome-blåtopp-utf	30
K3a Klokkelyng-rome-utf	20

<b>Bruksmåter</b>	<b>Dagens bruk</b>	<b>Tidligere bruk</b>
Gjødsling Beite	ein del, bør ut passee	

**Markegenskaper**

		<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>	
Jordfuktighet	Fuktig	20		Vekselfuktig	40	Frisk	30	Tørr	10
Baserikhet	Fattig	80		Intermediær	20	Rik	0		
Næring	Fattig	70		Intermediær	30	Rik	0		

**Arter**

Kystmyrklegg, Heiblåfjær

## Vedafjell

<b>LokalitetsID:</b>	93
<b>Kartblad:</b>	LL 145 263
<b>UTM:</b>	SANDNES, ROGALAND
<b>Kommune(r):</b>	Kulturlandskap
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kystlynghei, Kystlynghei, Kystmyr,
<b>Naturtyper:</b>	Svak hevd
<b>Tilstand:</b>	B Viktig
<b>Verdi:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonssone:</b>	Klart oseanisk
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	21.09.2005
<b>Undersøkt:</b>	Audun Steinnes
<b>Inventør(er):</b>	

### Lokalitetskarakteristikk

**Generelt:** Lokaliteten omfattar Vedafjell (288 m.o.h.), eit landemerke på Nord-Jæren, og eit dalsøkk vest for dette (ca 150 m o.h.), rett ved Sandnes by og store planlagte utbyggingsområde (Sandnes aust). Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Vegetasjon:** På Vedafjell dominerer røsslyng-bjønnskjegghei med klokkeling, kornstorr, skrubbær, blåbær, blokkebær, finnskjegg m.m. På nordsida er det rikeleg med mjuk kråkefot og lusegras. På slakare parti dominerer fukthei (H3) med bjønnskjegg, rome, blåtopp og heisev, med fattigmyrdrag i nordaust og i botnen av daldraget. Langs bekkedrag i nord veks grøftesoleie, dikevasshår, kjeldeurt og sevartar. Bladmose, broddmose og makkmose tyder lokalt på betre næringstilgang. Den nordaustre delen /eigedomen er velskjøtta med beiting, med og i austkanten av området. Den sørvestre delen har noko tilgroing med bjørk nedst i vesthellinga og bør beitast meir.

**Kulturpåverknad:** Stort, nedlagt masseuttak og veg til vasstank i nordvest er svært skjemmande.

**Artsfunn:** Fjellarten vanleg rabbelav på søraustsida av fjellet er uvanleg i sørvest. Viktig område for enkeltbekkasin, heipiplerke og heilo.

**Omsyn og skjøtsel** Beitinga bør halda fram som nå i nordaust, aukast vesentleg elles, vidar bør lauvoppslag ryddast. Utbygging i vest og nord bør tilpassast slik at ho ikkje bryt inn i landskapstomet.

### Tilstandsbeskrivelse

Den nordaustre delen /eigedomen er velskjøtta med beiting, med og i austkanten av området. Den sørvestre delen har noko tilgroing med bjørk nedst i vesthellinga og bør beitast meir, her ein del tilgroing med bjørk

### Inngrep

P1Obb Bygninger, industrianlegg mm. Vasstank

P1Obv Veier (inkl. skogsbilveier) Til tankanlegg

P1Ou+ Masseuttak (leire, sand, grustak og steinbrudd) dominerande, nedlagt

### Verdivurdering

Vurdert i landsdelssamanheng, har området lokal verdi (C). Vurdert ut frå kor lite som er att av kystlynghei i denne delen av fylket, kan området vurdeast å vera viktig (B). Området kan bli særleg viktig for å oppleva og formidla kulturlandskap.

<b>Naturtype</b>	<b>Utforming</b>	<b>Mengde(ant)</b>	<b>Arealandel(%)</b>
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig llyngheti	0	50
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr llyngheti	0	20
A08 Kystmyr	A0803 Jordvannsmyr	0	20

### Vegetasjonstype

	<b>Arealandel(%)</b>
H3a Røsslyng-blokkebær-utf	20
H3c Klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utf	40
K3a Klokkelyng-rome-utf	20
L2 Intermediær fastmattemyr	5

### Bruksmåter

Gjødsling

Beite

### Dagens bruk

Litt ved veg, bør stoppa  
passe/for lite

### Tidligere bruk

**Markegenskaper**

	%-andel		%-andel		%-andel	
Jordfuktighet	Fuktig	10	Vekselfuktig	30	Frisk	40
Baserikhet	Fattig	90	Intermediær	10	Rik	0
Næring	Fattig	90	Intermediær	10	Rik	0

## Orrestad

<b>LokalitetsID:</b>	94
<b>Kartblad:</b>	
<b>UTM:</b>	LK 365 915
<b>Kommune(r):</b>	EIGERSUND, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtyper:</b>	Kystlynghei, Kystlynghei,
<b>Tilstand:</b>	God hevd
<b>Verdi:</b>	B Viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Klart oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	15.09.2005
<b>Inventør(er):</b>	Audun Steinnes

### Lokalitetskarakteristikk

**Generelt:** Lokaliteten ligg på Orrestad, aust for Helleland, rett sør for E39 mot og vest for Vardåsen. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2), i hovudsak 150-200 m o.h. Området utgjer ein udyrka og lite gjødsla del av dalbotnen som er småkupert men i hovudsak lausmassedekka.

#### Vegetasjon:

Kulturpåverknad: Området er rikt på steingardar. Det er aktivt beitt av sau, enkelte teigar av storfe. Den nordlegaste delen er noko gjødslingspåverka, elles er lågareliggende delar av området godt skjøtta. Ei kraftlinje kryssar området i nordvestre del. Enkelte eldre røyr (1m i diameter) ligg dumpa i området. Dei bratteste liene og dreneringsrennene er nokså tilvaksne med bjørk, medan einer og til dels einstape kan dominera i relativt store område som for det meste er haldne utanfor grensa. Det same gjeld område med jordbruksveg langs vestsida av myrdrag i nord. Det er jordbruksveg fra øvre Hetland og opp på Vardåsen, og større plantefelt av gran på NV sida, vidare fulldyrkning og oppgjødsling frå Myrvoll og opp mot Vardåsen.

Artsfunn: Nordvende bergvegger i kystheia 150 – 250 moh har interessant mose- og lav flora med Douina ovata, cf. Sphenolobopsis pearsonii, Cynodontium jenneri, Peltigera cf.scabrosa, Bryoria cf. Bicolor(NT) og B. smithii (VU)/tenuis(VU). Aust av myrområdet ved øvre Hetland er eit dalsøkk med innslag av sauetelg og smøretelg, artar som berre finst spreidd ut mot kysten. Det er elles påfallande at at rome, pors og klokkesøte ikke vart registrert i området.

Omsyn og skjøtsel Det er avgjerande å få kontroll med bjørketilgroinga gjennom rydding og beiting av same omfang som nå eller meir. Lokaliteten bør ikkje gjødsla.

#### Kulturspor

Området er rikt på steingardar.

#### Tilstandsbeskrivelse

er aktivt beitt av sau, enkelte teigar av storfe. Den nordlegaste delen er noko gjødslingspåverka, elles er lågareliggende delar av området godt skjøtta.

#### Verdivurdering

Området utgjer eit i hovudsak lausmassedekka dalbotn-kulturlandskap det er lite att av i fylket. Store areal med fattigmyr og blokkebærhei i aktiv beitedrift, nordvende bergvegger med interessant mose- og lavflora med raudliteartar (i kategori sårbar (VU) og truleg nær trua(NT) ) gjer at området alt i alt blir vurdert som "viktig" (B). Det er dessutan brukt som turområde med flott landskap i aktiv beitebruk, fleire gjerdeklyvarar, og med fint utsiktpunkt..

<b>Naturtype</b>	<b>Utforming</b>	<b>Mengde(ant)</b>	<b>Arealandel(%)</b>
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr lynghei	0	0
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig lynghei	0	0

#### Vegetasjonstype

<b>Vegetasjonstype</b>	<b>Arealandel(%)</b>
H3a Røsslyng-blokkebær-utf	70
K3a Klokkelyng-rome-utf	20

#### Bruksmåter

<b>Bruksmåter</b>	<b>Dagens bruk</b>	<b>Tidligere bruk</b>
Beite	passe-for lite	
Gjødsling	litt i nord?	

**Markegenskaper**

		<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>	
Jordfuktighet	Fuktig	20		Vekselfuktig	35	Frisk	35
Baserikhet	Fattig	90		Intermediær	10	Rik	0
Næring	Fattig	80		Intermediær	20	Rik	0

## Bjuland

<b>LokalitetsID:</b>	95
<b>Kartblad:</b>	
<b>UTM:</b>	LK 460 935
<b>Kommune(r):</b>	LUND, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtyper:</b>	Kystlynghei, Kystmyr,
<b>Tilstand:</b>	Svak hevd
<b>Verdi:</b>	C Lokalt viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Klart oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	12.09.2005
<b>Inventør(er):</b>	Audun Steinnes

### Lokalitetskarakteristikk

**Generelt:** Området ligg mellom Bjuland og Byrkjemo, rundt- og vest for Vestre Sandvatn i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2), i hovudsak 220 – 250 m o.h.

**Vegetasjon:** Fuktheia på sørsida av Sandvotni er dominert av rome og pors, med innslag av bjønnskjegg, blåtopp, klokkeling, røsslyng, kornstorr, finnskjegg soldogg, såtemosar (*Campylopus atrovirens* og *flexuosus*) og torvemosar (som *Sphagnum compactum*, *subnitens* og *tenellum*). Trass i stort innslag av bjørk og enkelte spreide furuer er det dels godt nedbeita av storfe og sau. Stadvis finst fattigmyr dominert av duskull, stjernestorr og torvemosar, våtare parti med kvitmyrak. Området på nordsida av Vestre Sandvatn og plantefelt er dominert av bjønnskjegg-blåtopp fukthei med innslag av rome. Einstape dominerer flekkvis. I nordvest finst større areal med tørrheiar dominert av bjønnskjegg og blåtopp. Området på sørsida av Nordåni er dominert av pors- rome fukthei. Lia ned mot Midtre Sandvatnet i søraust med har tett oppslag av ung rogn. Mellom jordbruksveg og midtre Sandvatn (inngjerda beitemark utanom grensa) dominerer blåtopp og bjønnskjegg med noko innslag av engkvein, knappsev og myrtistel. Langs vegen mellom vatna finst fragment av tørr røsslynghei med mjølbær. Nord for vegen er pionerbjørkeskog med opne drag av rome fukthei og noko einer.

**Kulturpåverknad:** Av eldre kulturspor finst enkelte eldre steingardar særleg på nordsida av vestre Sandvatn. Av nyare inngrep innan avgrensinga er jordbruksveg gjennom området med kortare forgrening i sørvest. Rundt avgrensa areal er større nydyrkingsfelt i søraust, større hytte på nordsida av midtre Sandvatn, plantefelt av furu og mindre felt av lerk og gran.

**Artsfunn:** Ved bekk/steinet fukthei i NV enden av Vestre Sandvatn veks rikeleg med myrkråkefot, relativt sjeldent plante i Rogaland. *Campylopus introflexus* er funnen i fuktheia sørvest i området.

### Kulturspor

Einskilde eldre steingardar nord for Vestre Sandvatn

### Tilstandsbeskrivelse

Trass i stort innslag av bjørk og enkelte spreide furuer er det dels godt nedbeita av storfe og sau.

### Inngrep

P1Obv Veier (inkl. skogsbilveier)

### Verdivurdering

Området er dels velskjøtta, men med ein god del tilgroing enkelte stader. Sidan det er ein del inngrep og særleg trua heitypar og raudlisteartar ikkje er kjende, er verdien sett til lokalt viktig (C).

### Naturtyper

<b>Naturtype</b>	<b>Utforming</b>	<b>Mengde(ant)</b>	<b>Arealandel(%)</b>
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig lynghei	0	60
A08 Kystmyr	A0803 Jordvannsmyr	0	15

### Bruksmåter

### Dagens bruk

Beite  
sau, storfe, passe-lite?

### Tidligere bruk

### Markegenskaper

	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>
Jordfuktighet	Fuktig 15	Vekselfuktig 30	Frisk 40	Tørr 0
Baserikhet	Fattig 100	Intermediær 0	Rik 0	
Næring	Fattig 100	Intermediær 0	Rik 0	

**Arter**  
Myrkråkefot

## Obrestadheia-Aniksalsheia

<b>LokalitetsID:</b>	96
<b>Kartblad:</b>	1212 III
<b>UTM:</b>	LL 140 020
<b>Kommune(r):</b>	HÅ, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtyper:</b>	Kystlynghei, Kystlynghei, Naturbeitemark, Naturbeitemark,
Kystmyr,	
<b>Tilstand:</b>	God hevd
<b>Verdi:</b>	A Svært viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Sørboreal
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Klart oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	11.08.1984
<b>Inventør(er):</b>	Audun Steinnes

### Lokalitetskarakteristikk

Området strekker seg sørover fra Storamos i eit bølgande landskap dekka av store lausmassar. Del av Synesvarden landskapsvernområde. Store areal med tørrhei, det harde beitetrykket gjer at grasheiar med finnskjegg og bjønnskjegg dominerer over røsslyngdominert hei som helst finst i tørre skråningar. Fukthei finst mange stader som smale belte mellom tørrhei og myr dominerte av bjønnskjegg, men i søraust er det større fuktheiar dominerte av blåtopp. Rike fuktheiar med kvitbladtistel og blodtopp finst. Tildels store fattigmyrar, noko mellommyr og nokre få rikmyrdrag

### Kulturspor

Lange steingardar, inngjerdingar til nattelege for sau, spor etter torvkurd.

### Tilstandsbeskrivelse

Beitetrykket er stort sett tilstrekkeleg, nokre stader i hardaste laget. Mindre areal gjødselpåverka, gjødsling er her lov men burde vore avslutta.

### Verdivurdering

Svært viktig(A)

<b>Naturtype</b>	<b>Utforming</b>	<b>Arealandel(%)</b>
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr llynghesi	15
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig llynghesi	25
D04 Naturbeitemark	D0405 Finnskjegg-eng/sauvesvingel-eng	10
D04 Naturbeitemark	D0402 Blåtopp-eng	10
A08 Kystmyr	A0804 Blanding nedbørsmyr/jordvannsmyr	20

### Vegetasjonstype

	<b>Arealandel(%)</b>
H1 Tørr llynghesi	15
H1a Røsslyng-utf	15
H2a Fattig utf	15
H3f Bjønnskjegg-utf	15
H3g Blåtopp-utf	15
K3a Klokkelyng-rome-utf	15
L3 Intermediær mykmatte/losbunnmyr	3
M2 Middelsrik fastmattemyr	1

<b>Bruksmåter</b>	<b>Dagens bruk</b>	<b>Tidligere bruk</b>
Beite	sau og storfe, nok	
Brenning	Ikkje i det siste	Årleg, for ofte
Gjødsling	Avgrensa område	Større delar?

### Markegenskaper

	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>
Jordfuktighet	Fuktig 20	Vekselfuktig 15	Frisk 15	Tørr 50
Baserikhet	Fattig 80	Intermediær 15	Rik 5	
Næring	Fattig 75	Intermediær 20	Rik 5	

### Arter

Solblom

## Myrane

<b>LokalitetsID:</b>	97
<b>Kartblad:</b>	1212III
<b>UTM:</b>	LL 130 000
<b>Kommune(r):</b>	HÅ, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtyper:</b>	Kystmyr, Kystlynghei, Naturbeitemark,
<b>Tilstand:</b>	God hevd
<b>Verdi:</b>	A Svært viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Sørboreal
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Klart oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	11.08.1984
<b>Inventør(er):</b>	Audun Steinnes

### Lokalitetskarakteristikk

Myrrik, flatt område rundt 250 m o.h. i vestre del av Synesvarden landskapsvernområde på Elgane. Fattigmyr, dels tidlegare torvmyrar, dominerer. Gjennom området går Snøderyggen, ein esker som har vore gjødsla, og der gjødsling er lov.

### Kulturspor

Steingardar, spor etter torvskurd.

### Verdivurdering

Svært viktig. Store myrar, spesielt beitelandskap, bør beitast uggjødsla.

<b>Naturtype</b>	<b>Utforming</b>	<b>Arealandel(%)</b>
A08 Kystmyr	A0804 Blanding nedbørsmyr/jordvannsmyr	70
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig lynghei	15
D04 Naturbeitemark	D0405 Finnskjegg-eng/sauvesvingel-eng	15

<b>Vegetasjonstype</b>	<b>Arealandel(%)</b>
H2a Fattig utf	20
H3c Klokkelyng-rome-bjønnskjeggsjegg-utf	20
J2 Ombrerotf tuemyr	10
K3 Fattig fastmattemyr	20
K3a Klokkelyng-rome-utf	20

<b>Bruksmåter</b>	<b>Dagens bruk</b>	<b>Tidligere bruk</b>
Beite	sau og storfe, nok	
Torvtekst		mykje
Gjødsling	usikkert	ein del

<b>Markegenskaper</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>
Jordfuktighet	Fuktig 70	Vekselfuktig 10	Frisk 10	Tørr 10
Baserikhet	Fattig 100	Intermediær 0	Rik 0	
Næring	Fattig 70	Intermediær 20	Rik 20	

## Lammaneset-Boknahovet

<b>LokalitetsID:</b>	209
<b>Kartblad:</b>	1113 II
<b>UTM:</b>	KL 937-950, 717-732
<b>Kommune(r):</b>	BOKN, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kystlynghei
<b>Naturtyper:</b>	Intakte lavlandsmyrer, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei,
<b>Tilstand:</b>	God hevd
<b>Verdi:</b>	A Svært viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Sterkt oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	27.06.2007
<b>Inventør(er):</b>	Anders Lundberg

### Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Lammaneset er ei halvøy på den nordvestre delen av øya Vestre Bokn, mellom Breidvika i sør og Boknahovet i nord. I vest er området avgrensa av Karmsundet og i aust av dalføret sørover frå Halvardsvika. Området som blir beita er om lag 1000 mål med utmarksbeite.

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av ulike typer lynchhei, frå tørrhei (H1) til fukthei (H3). Røsslynghei (H1a) er den dominerande tørrhei-typen, men i sør- og vestvendte skråningar er også purpurlyng-utforminga (H1b) særskilt godt utvikla og dekkjer særskilt store areal til denne typen å vere. Røsslyngheia er artsfattig og det er typisk for denne typen. Purpurlyngheia er klart meir artsrik, som vanleg er, og inneholder fleire varmekjære og noko edafisk kravfulle artar, slike som fagerperikum. I fuktheiene inngår mellom anna klokkeling, heisev, storbjørnnskjegg, kornstarr, krypvier og rome. Kulturpåverknad: Sauebeite, lyngbrenning. Området blir beita av om lag 80 vinterfôra villsauer og 45 lam. I tre år gjekk også to herfordkveg på beite her, men det tok slutt for 4-5 år sida. Sauene går ute heile året. Dei får høy ein gong i veka og litt kraftfôr om vinteren, om lag tre sekker i året, altså lite. Drifta er nær økologisk og området blir ikkje gjødsla. Lyngbrenninga tok til for 10 år sidan og det er sidan brunne kvart år unntake eit år det var for vått. Artsfunn: Purpurlyng i store mengder. Inngrep: I den sentrale delen av området er det ingen tekniske inngrep. I utkanten av området i sørøst går det traktorveg frå tunet lenger vest til ein liten sauefjøs. Dette er nødvendig for rasjonell drift og ein føresetnad for skjøtsel, utvikling og vedlikehald av det biologiske mangfaldet.

### Kulturspor

Kulturspor: Se under "Kulturpåverknad" over og "Inngrep" under.

### Tilstandsbeskrivelse

Det meste av området er som nemnt dominert av ulike typer hei, pluss litt myr og ferskvatn. Delar av hei er invadert av einstape som stadvis opptrer i store mengder. Ein måte å bli kvitt denne på er å trakke på den nedre delen av stengelen så han brekk. Dette blir praktisert med hell, men problemet er at det er store mengder einstape og det er vanskelig å gjøre dette med alt. Grunneigaren har tankar om å engasjere skuleelevar til dette og dette vil truleg vere ei god løysing. I utkanten av området, heilt i nord og i aust er det noko gjengroing med oppslag av bjørk, rogn og andre treslag. Det er typisk at dette skjer i utkanten av det området som blir beita, mens dei sentrale delane ikkje har liknande oppslag. Dette indikerer at beitepresset godt kan auka noko. I bratte skråningar finst det likevel litt buskar og småtre, men ikkje i dei delane som blir beita. Sør for det området som blir beita, til dømes sørvest for Halvardsvatnet, er det tett bjørkeskog. Skillet mellom skogen og lynchelia nord for denne er skarpt og tydeleg og illustrerer korleis beitet hindrar skogen i å breie seg.

### Verdivurdering

Verdivurdering: Området får verdi A fordi det er eit stort, velutvikla, variert og intakt kystlyngheimråde som er aktivt skjøtta. Grunneigaren er entusiastisk villsaumann som skjøttar området på ein god måte og som påverkar arts mangfaldet på ein positiv måte. Drifta er idell for å ta vare på kystlynghei og brukaren fortener all mogeleg ros, oppmuntring og støtte for den flotte innsatsen for å ta vare på dette landskapet.

<b>Naturtype</b>	<b>Utforming</b>	<b>Arealandel(%)</b>
A01 Intakte lavlandsmyrer	A0101 Urørte/litopåvirkede, nemoral/boreo.	15
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr lynchhei	15
D07 Kystlynghei	D0706 Purpurlynghei	5
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig lynchhei	5

<b>Vegetasjonstype</b>	<b>Arealandel(%)</b>
H1 Tørr lynghei	20
H1a Røsslyng-utf	20
H1b Purpurlyng-utf	5
H3 Fuktig lynghei	5
H3c Klokkeling-rome-bjønnskjegg-utf	5

<b>Bruksmåter</b>	<b>Dagens bruk</b>	<b>Tidligere bruk</b>
Beite	Beite og brenning	Beite og brenning

<b>Markegenskaper</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>
Jordfuktighet	Fuktig 30	Vekselfuktig 30	Frisk 20	Tørr 20
Baserikhet	Fattig 80	Intermediær 20	Rik 0	
Næring	Fattig 80	Intermediær 20	Rik 0	

**Arter**  
Røsslyng, Purpurlyng, Klokkeling, Fagerperikum

## Hagland, nord for Ravnafloke

<b>LokalitetsID:</b>	212
<b>Kartblad:</b>	1113 I Haugesund
<b>UTM:</b>	KM 863-870, 007-015
<b>Kommune(r):</b>	HAUGESUND, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kystlynghei
<b>Naturtyper:</b>	Kystlynghei, Kystmyr,
<b>Tilstand:</b>	Ingen hevd
<b>Verdi:</b>	C Lokalt viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Sterkt oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	28.06.2007
<b>Inventør(er):</b>	Anders Lundberg

### Lokalitetskarakteristikk

Generelt: Området utgjer ei halvøy mellom Hagland i sør, over Skiftesvikfjellet til Smørsund og Trettøya i nord. I sør er området avgrensa av vegen vestover fra Hagland til Ravnafloke, med leirstad og hytteutleige. Eit typisk trekk med berggrunnen er aust-vest-gåande ryggar med smale, mellomliggende dalsøkk. På ryggane og i sidene dominerer kystlynghei, i søkka mellom opptrer små, langsmale dalmyrer. Vegetasjon: Kystlynghei er den dominante vegetasjonstypen, helst tørrhei av typen røsslyngutforming (H1a). I tillegg til røsslyng inngår artar som blåtapp, storbjørnnskjegg, klokelyng, tepperot, flekkmarihand, rome, heisev og blåknapp. Alle desse er vidt utbreidde artar som er typiske for vegetasjonen. I sørhellingane opptrer den meir tørre typen med purpurlyng-utfoming (H1b). Her inngår fagerperikum, mjølbær (store felt) og gullris. Dalmyrene er av fattigmyrtypen (K4).

### Kulturspor

Området er eit gammalt kulturlandskap og har tydeleg preg av tidlegare husdyrbeite, truleg også brenning. Lyngbeite tok visstnok slutt på 1970-talet. Ei gruppe braukar har planar om å ta opp igjen den tradisjonelle bruken med lyngbeite og brenning frå starten av 2008. Planen er å ha 70-90 vinterfora villsauer i området på heilårsbasis.

### Tilstandsbeskrivelse

Lyngen er gammal og grov, med låg beiteverdi. Brenning vil heilt klart auke beiteverdien og då området i stor grad grensar til sjø, er det liten fare for ukontrollert sprenging, særleg om vinden er austleg. I utkanten av den austlege delen av området er det eit lite plantefelt, men dette har ennå i liten grad spreidd seg i lyngheia. Inne i området er det begynnande oppslag av småvokst bjørk og noko trollhegg. Desse buskane er ennå så små at om det kjem beitedyr inn, vil dei fort forsvinne.

### Verdivurdering

Området har lokal verdi (klasse C) på grunn av liten variasjon i vegetasjonstypar og artsinnhald og fordi lyngen er gammal og grov med og viser teikn til degenerasjon (aldring). Situasjonen vil likevel lett endre seg til det betre om området på ny blir beita og stelt.

<b>Naturtype</b>	<b>Utforming</b>	<b>Mengde(ant)</b>	<b>Arealandel(%)</b>
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr lynghei	0	80
A08 Kystmyr	A0803 Jordvannsmyr	0	20

<b>Vegetasjonstype</b>	<b>Arealandel(%)</b>
H1 Tørr lynghei	30
H1a Røsslyng-utf	30
H1b Purpurlyng-utf	5
K4 Fattig mykmatte/løsbunnmyr	10

<b>Bruksmåter</b>	<b>Dagens bruk</b>	<b>Tidligere bruk</b>
Beite		Sauebeite

### Markegenskaper

	<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>	
Jordfuktighet	Fuktig	20	Vekselfuktig	30	Frisk	20
Baserikhet	Fattig	100	Intermediær	0	Rik	0
Næring	Fattig	100	Intermediær	0	Rik	0

**Arter** Røsslyng, Purpurlyng, Fagerperikum

## Tømmervågen-Torevarden

<b>LokalitetsID:</b>	213
<b>Kartblad:</b>	1113 I Haugesund
<b>UTM:</b>	KL 866-880, 964-978
<b>Kommune(r):</b>	HAUGESUND, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kystlynghei
<b>Naturtyper:</b>	Kystlynghei, Rikmyr, Strandeng og strandsump,
<b>Tilstand:</b>	God hevd
<b>Verdi:</b>	A Svært viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Sterkt oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	13.07.2006
<b>Inventør(er):</b>	Anders Lundberg

### Lokalitetskarakteristikk

Området strekkjer seg fra Tømmervågen i nord til Malmbukta i sør. Fjelltoppen Tømmerhammer ligg sentralt i området, med toppen 95 m o.h. Fjellet er ikkje høgt i absolutt mening, men så nær storhavet utanfor, gir det eit mektig inntrykk. I sør er området avgrensa av vegen mellom Fagerheim, retning Arabrot. I aust går grensa med bekken som renn inn i Førlandsvatnet frå sør. Torevarden i den austre delen av området når opp i 85 m o.h. Frå toppen av Tømmerhammar og Torevarden er det utsikt i alle himmelretningar. I vest ligg Røvær og storhavet, i sør ser me Haugesund by med byfjella i aust og Espesvær, Bømlo og Stord i nord og nordvest. Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av kystlynghei, både tørre og fuktige utformingar. Karakteristiske artar er røsslyng, klokkeling, storbjønnskjegg, smyle, bjønnkam, purpurlyng, mjølbær, duskull, stjernestarr og kornstarr. Innslaget av urter i heia er påfallande, mellom anna i nordskråninga av Torevarden. Her veks mellom anna tepperot, kvitveis, gullris, flekkmarihand og skogstjerne. Den sentrale delen av området er dominert av røsslynghei, særleg på knausane og i skråningane, med fukthei og fattigmyr i dalane og sokka. Her og der finst nokre få, små myrtjørner. Nede ved Tømmervågen finst små strandenger som er mykje oppsøkte av sauene. Det salte graset i strandengene er svært attraktive for sauene. Lyngmarka, myrene og siga er stort sett fattigvariantar, men innimellom finst rikare sig med markert innslag av næringskrevjande artar (sjå artsfunn).

### Kulturspor

Området er beita av husdyr (sau og storfe). I det tilgrensande området på sørsida av og inst i Tømmervågen finst ei stor jordfylling, den største eg har sett i heile verda. Toppen av fyllinga ligg høgt over Tømmervågen, med bratte, ustabile skrentar ned mot vågen. Her er det stor rasfare og fare for folk og fe. Dette ser ikkje betrykkande ut.

### Tilstandsbeskrivelse

Lynghøya er godt intakt og gir eit mektig inntrykk ut mot storhavet. Her og der finst litt oppslag av lågvaksen rogn. Det meste av lynghøyan på Vestlandet, i Trøndelag og Nordland ligg på strandflata, den relativt flate, litt småknudrete terrenget langs kysten, inntil 50 m o.h... Unnatak finst, slik som på dei høgaste delane av Bokn, Bømlo (Siggjo), Fitjar og Stadlandet, men størsteparten av kystlyngheiane er knytta til strandflata. Slik er det ikkje her. Store delar av landskapet her stig markert over strandflata, slik denne er utforma i tilgrensande område i sør (Karmøy) og nord (Sveio). Dette skil området frå dei fleste andre kystlyngheiane i distriktet.

### Inngrep

P1Om Deponering (dumping, utfyllinger og avfallsdeponier) Utfylling i tilgrensende område

### Verdivurdering

Velutvikla kystlynghei med bra variasjon i typar og dominert av artsfattige utformingar, men med innslag av sjeldsynte og næringskrevjande artar gjer at verneverdien er svært stor. Klasse A.

Naturtype	Utforming Arealandel(%)	Mengde(ant)
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr lynnhei	0 80
A05 Rikmyr	A0502 Middelsrik fastmattemyr	0 10
G05 Strandeng og strandsump	G0503 Hevdet med beite	0 2

<b>Vegetasjonstype</b>	<b>Arealandel(%)</b>
H1 Tørr lynghei	80
H1a Røsslyng-utf	70
H1b Purpurlyng-utf	10
H1c Røsslyng-slåttestarr-torvull-utf	5
H2 Tørr gras-urterik hei	5
H3 Fuktig lynghei	10
H3c Klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utf	5
H3h Kornstarr-utf	5
M3a Brunskjene-nebbstarr-utf	5

#### **Bruksmåter**

<b>Bruksmåter</b>	<b>Dagens bruk</b>	<b>Tidligere bruk</b>
Beite	Beite	Beite

#### **Markegenskaper**

	<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>		<b>%-andel</b>	
Jordfuktighet	Fuktig	10	Vekselfuktig	10	Frisk	10	Tørr	70
Baserikhet	Fattig	70	Intermediær	20	Rik	10		
Næring	Fattig	70	Intermediær	20	Rik	10		

#### **Arter**

Røsslyng, Engstarr, Loppestarr, Purpurlyng, Klokkelyng, Brunskjene, Myrsaulauk

## Årabrot

<b>LokalitetsID:</b>	214
<b>Kartblad:</b>	113 I Haugesund
<b>UTM:</b>	KL 866-870, 950-957
<b>Kommune(r):</b>	
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kyst og havstrand
<b>Naturtyper:</b>	Kystlynghei, Rikt strandberg, Tangvoll, Tangvoll,
<b>Tilstand:</b>	God hevd
<b>Verdi:</b>	B Viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Sterkt oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	12.07.2006
<b>Inventør(er):</b>	Anders Lundberg

### Lokalitetskarakteristikk

Berggrunnen er ein del av Karmøy ofiolitt-kompleks, av same type som på Vormedal og langs kysten via Haugesund til Årabrot. Han er bygd opp av deformert fyllitt, sterkt folda og omdanna under den kaledonske fjellkjedefoldinga, den geologiske hendinga som bygde opp Skottland (=Kaledonia) og langfjella i Noreg. Det var den gongen "Karmøy" (som blei danna på havbotn langt uti havet) kolliderte med Det baltiske skjoldet (gamle "Noreg"). Kollisjonen blei drevben av kolossale krefter i jorda sitt indre og førte til at fyllitten blei omdanne frå mjuk og lettøyseleg til hardare og ikkje så lettøyseleg. Likevel er han rik på kalk og andre mineral som plantene kan få tak i (minerala er lettøyselege) og det forklarer innslaget av kalkkrevjande planteartar.

Vegetasjon: Langs sjøen er strandberga utan høragestääende planter, men dekt av ulike lavartar. I buktene finst steinstrender med fleirårig tangvollvegetasjon, med artar som strandrug, strandkvern, strandkjeks og krushøy mole. På strandberga kan ein finne kystbergknapp, bitterbergknapp, skogkløver, blodtopp, grönstarr (store, flotte tuer), rosenrot og grov nattfiol (nasjonalt freda orkidé). Kalkindikatorar er vill-lin, loppestarr, hårstarr, blåstarr, hjartestarr. Små fragment av kystlynghei er også representert, med tydeleg innslag av purpurlyng, krekling, flekkgrisøyre (regionalt sjeldsynt) og kystgrisøyre. I små myrpyttar veks sumpsevaks, buntsevaks, småsevaks, kattehale og hesterumpe.

### Kulturspor

Tidlegare beite.

### Tilstandsbeskrivelse

Strandområda (strandberg og små viker) er i dag brukte til bading og turgåing. Tilgrensande område på innsida (i aust) har vore beitemark, men dei blir truleg ikkje lenger beita. Delar av dette er under gjengroing, med høgvaksen fukteng, m.a. med mykje mjødurt og strandrøyr. Beiteverdien i området er stor og med litt opprusting av gjerdene, vil det å gjenoppta beitet ikkje kome i konflikt med friluftslivsinteressene.

### Verdivurdering

Stor artsrikdom med innslag av fleire regionalt sjeldsynte artar gjer at området har stor regional verdi. Klasse B.

Naturtype	Utforming Arealandel(%)	Mengde(ant)
D07 Kystlynghei	D0702 Tørr gras-urterik hei	0 10
G09 Rikt strandberg	G0902 Vestlig og nordlig	0 10
G06 Tangvoll	G0602 Ett-årig meldetangvoll	0 10
G06 Tangvoll	G0603 Flerårig gras/urtetangvoll	0 10

### Vegetasjonstype

Vegetasjonstype	Arealandel(%)
O3f Sivaks-utf	5
V1 Ettårig melde-tangvoll	0
V1c Tangmelde-utf	0
V2 Flerårig gras/urte-tangvoll	0
V5 Driftinfluert grus/stein-strand	0
X1a Fattig utf	0
X1b Rik utf	0
X2a Lav-utf	0

<b>Bruksmåter</b>	<b>Dagens bruk</b>			<b>Tidligere bruk</b>		
Beite	Ingen beite i dag			Beite		
<b>Markegenskaper</b>						
Jordfuktighet	Fuktig	10	%-andel	Vekselfuktig	40	%-andel
Baserikhet	Fattig	30		Intermediær	60	Frisk
Næring	Fattig	30		Intermediær	60	Rik
						Tørr
						20

#### **Arter**

Hjertegras, Kvann, Hårstarr, Grønnstarr, Blåstarr, Loppestarr, Buntsivaks, Sumpsivaks, Småsivaks, Krekling, Purpurlyng, Hesterumpe, Flekkgrisøre, Kystgrisøre, Strandrug, Strandkjeks, Vill-lin, Grov nattfiol, Rosenrot, Krushøyemole, Bitterbergknapp, Kystbergknapp, Skogkløver, Blodtopp, Kattehale

## Sør-Stokke-Blikshavn-Mjåvatnet

<b>LokalitetsID:</b>	215
<b>Kartblad:</b>	1113 II Skudeneshavn
<b>UTM:</b>	KL 875-898, 690-735
<b>Kommune(r):</b>	KARMØY, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kystlynghei
<b>Naturtyper:</b>	Rikmyr, Rikmyr, Rikmyr, Kystmyr, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystmyr,
<b>Tilstand:</b>	God hevd
<b>Verdi:</b>	A Svært viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Sterkt oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	06.08.2007
<b>Inventør(er):</b>	Anders Lundberg

### Lokalitetskarakteristikk

Området strekkjer seg fra Melstokkevatnet i nord til Blikshavn i sør. I aust er området avgrensa av lauvskogen vest for Austre Karmøyveg og i vest av Ørnareirsvatnet, Øvre Buadalsvatnet og Stiklevatnet (Stiglene). Berggrunnen er grønnstein i nordaust og gabbro i sørvest. Grensa mellom dei to bergartsformasjonane går diagonalt gjennom området. Søre-Sålefjell ligg i området og er Karmøyas høgaste punkt, 132 m o.h. Vegetasjon: Vegetasjonen er ei veksling mellom kystlynghei og kystmyr i mange ulike utformingar.

### Kulturspor

Tidlegare beite og torvtaking, i dag framleis beite.

### Tilstandsbeskrivelse

Godt intakte heier og myrer.

### Verdivurdering

Svært stor variasjon i natur- og vegetasjonstypar og svært høgt artsmangfald med stort innslag av nasjonalt og regionalt sjeldsynte artar. Området er særstundt verdifullt i internasjonal målestokk.

<b>Naturtype</b>	<b>Utfoming Arealandel(%)</b>	<b>Mengde (ant)</b>	
		<b>Arealandel (%)</b>	<b>Mengde (ant)</b>
A05 Rikmyr	A0502 Middelsrik fastmattemyr	0	0
A05 Rikmyr	A0503 Ekstremrik fastmattemyr	0	0
A05 Rikmyr	A0504 Rik mykmatte/løsbunnmyr	0	0
A08 Kystmyr	A0803 Jordvannsmyr	0	0
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr lynghei	0	0
D07 Kystlynghei	D0702 Tørr gras-urterik hei	0	0
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig lynghei	0	0
D07 Kystlynghei	D0704 Røsslyng-bjønnkamhei	0	0
D07 Kystlynghei	D0706 Purpurlynghei	0	0
A08 Kystmyr	A0803 Jordvannsmyr	0	0

<b>Vegetasjonstype</b>	<b>Arealandel (%)</b>
H1 Tørr lynghei	0
H1a Røsslyng-utf	0
H1b Purpurlyng-utf	0
H1e Røsslyng-heigråmose-lav-utf	0
H2 Tørr gras-urterik hei	0
H2a Fattig utf	0
H2b Rikere utf	0
H2c Purpurlyng-utf	0
H3 Fuktig lynghei	0
H3b Røsslyng-purpurlyng-utf	0
H3c Klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utf	0
H3e Pors-rome-blåtopp-utf	0
H3f Bjønnskjegg-utf	0
H3g Blåtopp-utf	0
H3h Kornstarr-utf	0
H3i Pyttlav-utf	0

H4 Røsslyng-bjønnkamhei	0
K1 Skog-/krattbevokst fattigmyr	0
K1c Pors-utf	0
K2 Fattig tuemyr	0
K2a Røsslyng-dvergbjørk-utf	0
K2b Røsslyng-kysthei-utf	0
K3 Fattig fastmattemyr	0
K3a Klokkelyng-rome-utf	0
K4 Fattig mykmatte/løsbunnmyr	0
K4a Mykmatte-utf	0
K4b Løsbunn-utf	0
K4c Høystarr-utf	0
L3a Mykmatte-utf	0
L3b Løsbunn-utf	0
L4a Flaskestarr-trådstarr-utf	0
M2 Middelsrik fastmattemyr	0
M3 Ekstremrik fastmattemyr	0
M3a Brunskjene-nebbstarr-utf	0
M4 Rik mykmatte/løsbunnmyr	0
M4a Mykmatte-utf	0
M4b Løsbunn-utf	0
N3 Sig-vegetasjon	0

Bruksmåter	Dagens bruk		Tidligere bruk			
Beite			Beite			
<b>Markegenskaper</b>						
	%-andel		%-andel	%-andel	%-andel	
Jordfuktighet	Fuktig	20	Vekselfuktig	20	Frisk	30
Baserikhet	Fattig	20	Intermediær	60	Rik	20
Næring	Fattig	20	Intermediær	60	Rik	20

#### Arter

Solblom, Røsslyng, Kattefot, Purpurlyng, Klokkelyng, Dverglin, Bustsevaks

## Blikshavn-Hovdastad-Dale-Tjøstheim

<b>LokalitetsID:</b>	216
<b>Kartblad:</b>	1113 II Skudeneshavn
<b>UTM:</b>	KL 880-890, 655-690
<b>Kommune(r):</b>	KARMØY, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kystlynghei
<b>Naturtyper:</b>	Rikmyr, Kilder og kildebekker, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystmyr,
<b>Tilstand:</b>	God hevd
<b>Verdi:</b>	A Svært viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Sterkt oseansk
<b>Undersøkt:</b>	06.08.2007
<b>Inventør(er):</b>	Anders Lundberg

### Lokalitetskarakteristikk

Området er i nord avgrensa av Burmavegen, i aust av Austre Karmøyveg, i sør av innmarka på Hovdastad og i vest av grensa mellom innmark og utmark mellom Hovdastad og Tjøstheim. På Tjøstheim er området avgrensa vidare nordvestover mot den søraustre enden (bukta) av Dalsvatnet. Grensa mellom innmark og utmark mellom Hovdastad-Tjøstheim-Dalsvatnet er klar og tydeleg og eit klassisk døme på det historisk viktige og funksjonelle skillet mellom innmarks- og utmarkssystemet i det gamle vestnorske jordbruket. Mange stader er dette skillet viska ut eller forstyrra av moderne landskapskompleks som skogplantefelt, bustadfelt, vegar og industri. Her er det intakt og vel bevart slik det har vore i minst tusen år. I dag er dette ganske unikt.

Berggrunnen er dominert av gabbro, men med felt av djupbergarten serpentinit, danna djupt nede i eit magmakammer (smeltekammer nede i jordskorpa under ein vulkan) for 5-600 millionar år sia. Serpentinit er ein mjuk bergart, og her opptrer han som låge haugar som skil seg markert ut i terrenget. Vegetasjonen er skrinn og fjellet (haugane) er brunlege på farge. Serpentinitten er rik på olivin og andre mineral og dette gjer at vegetasjonen har ei spesiell samansetjing (sjå under). Ein av dei mest markerte serpentinit-haugane er Aurfjellet, mellom Dalsvatnet og Kigavatnet. I tida like etter siste istid sto havet høgare enn i dag (fordi landet var trykt ned av den tunge isen) og på denne delen av Aust-Karmøy ligg den øvre marine grensa på om lag 33 m over dagens havnivå. Under dette nivået finn ein marine avsetningene i form av blåleire. Denne er rik på mineral og salter og forklarer kvifor området inneholder mange kalkkrevjande planteartar som opptrer i store mengder. Det som i dag er små dalar og skråningar, var for 10.500 år sia (då øvre marin grense blei danna) små bukter ved det dåverande "Karmsundet". Den gongen vokste det strandplanter i desse vikene, men i dag opptrer mineral- og næringskrevjande myr- og sigplanter her. Nokre av dei er særskilt sjeldsynte (figur 11). Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av kystlynghei i ulike utformingar, i veksling med forskjellige myrtypar og sig. Variasjonen i desse vegetasjonstypene er uvanleg stor, større enn dei fleste andre stader i Noreg og Europa. Her finst alt fra nøyssame, artsfattige typar sett saman av vidt utbreidde artar med små krav til veksestaden, til rike og ekstremrike utformingar med stort innslag av ei rekke sjeldsynte artar med høge krav til veksestaden. Nokre av desse regionalt og nasjonalt sjeldsynte artane er særskilt talrike her. Lyngheiane er særskilt varierte og variasjonen skuldast veksling langs to økologiske (miljømessige) gradientar (økologiske overgangssonar): fra tørt til fuktig og fra fattig til rik. Dei tørre utformingane (H1) er arealmessig dominerande. Størst utbreiing har røsslyng-utforminga (H1a), men også purpurlyng-utforminga (H1b) dekkjer uvanleg store areal. Den rike førekomensten av purpurlyng i dette området er godt kjent mellom folk fra Karmøy. Mange tar turen for å sjå den rike lyngblomstringa her i august. Elles finst ei rekke ulike heitypar i området. Landskapet i området er småknudrete med små toppar og haugar omgitt av små søkk og dalmyrer. Høgste toppen er Geithaug, som når opp i 88 m o.h. Også myrene er særskilt varierte, fra fattige til rike utformingar. Boka Karmøyas flora (Lundberg 1998) rapporterte mange sjeldsynte planteartar fra dette området, mellom anna fleire masseførekomstar av den sjeldsynte arten brunskjene. Feltundersøkingar i 2006 og 2007 avdekket ennå fleire av desse masseførekomstane av sjeldsynte artar i dette området, og det stadfester og styrkar konklusjonen at området har særskilt høgt biologisk mangfold. Også variasjonen i habitat- og vegetasjonstypar er spesielt stor og alt i alt er mangfaldet i hei- og myrtypar større enn i andre område med kystlynghei i Europa. Vegetasjonen ved og på serpentinit-knausane er spesiell og interessant. På tørre stader dominerer røsslyng, av og til i lag med planterarter som normalt ikkje veks langt inn i landet, slike som strandkjempes, knopparve og strandsmelle. I våte sig, gjerne ved foten av haugane, kan ein finne masseførekomstar av brunskjene og andre artar som krev eller toler spesielle miljøtilhøve.

## Kulturspor

Området utgjer utmarkene til gardane Hovdastad, Tjøstheim og Blikshavn. Dei har vore utnytta som beiteareal for husdyr til alle tider. Frå gammalt av kjente bøndene plantene i lystheia og i myrene og dei visste kva verdiar og eigenskapar dei hadde. Mest verdifull var rimelegvis røsslyng, som hadde god beiteverdi både sommar og vinter. Mjølbær er vanleg på skrinn jord, nesten berre bart berg, og lokalnamnet "studaplommer" frå Dale og gardane der omkring viser er interessant. Det viser at planten var kjend mellom folk, men bære blei ikkje rekna som mat for folk, men for dyr (stutar). Steingardar og gjerde viser at området har vore og framleis blir brukt til beite for husdyr. I løpet av det siste året har delar av området vore brunne og det er positivt for det biologiske mangfaldet. Ein del brakje blei svidd av og drepen, mens røsslyng og snorre spirer fint i etterkant. Det same gjer også mange andre urter, dvergbuskar og halvgras, som kattefot, tepperot, tettegras, grønstarr, purpurlyng, fjelljamne, blåklokke, kornstarr og kystmaure. Fram til om lag 1950 blei det skore torv i myrene, men desse kulturspora er i ferd med å viskast ut.

## Tilstandsbeskrivelse

Lystheia er svært godt intakt, utan teikn til gjengroing. Det finst berre eitt lite plantefelt som grensar inntil området, på Blikshavn. Fråveret av planteskog og oppslag av buskar og tre set området i ei særstilling samanlikna med mange andre lystheimområde i Karmøy i dag.

## Verdivurdering

Området er eit stort, intakt og variert kystlynghei-landskap. Variasjonsbreidda i habitat- og vegetasjonstypar og tilhøyrande planteartar er uvanleg stort, truleg større enn noko anna tilsvarende område i Europa. Det er ingen teikn på gjengroing og tilstanden er svært god. Området har derfor svært stor verdi, utan tvil klasse A.

Naturtype	Utforming	Arealandel(%)
A05 Rikmyr	A0501 Rik skog- og krattbevokst myr	0
A06 Kilder og kildebekker	A0601 Lavlandsilde	0
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr lystheia	0
D07 Kystlynghei	D0702 Tørr gras-urterik hei	0
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig lystheia	0
D07 Kystlynghei	D0704 Røsslyng-bjønnkamhei	0
A08 Kystmyr	A0803 Jordvannsmyr	0

Vegetasjonstype	Arealandel(%)
H1 Tørr lystheia	0
H1a Røsslyng-utf	0
H1b Purpurlyng-utf	0
H1e Røsslyng-heigråmose-lav-utf	0
H2 Tørr gras-urterik hei	0
H2a Fuktig utf	0
H2b Rikere utf	0
H2c Purpurlyng-utf	0
H3 Fuktig lystheia	0
H3b Røsslyng-purpurlyng-utf	0
H3c Klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utf	0
H3e Pors-rome-blåtopp-utf	0
H3f Bjønnskjegg-utf	0
H3g Blåtopp-utf	0
H3h Kornstarr-utf	0
H4 Røsslyng-bjønnkamhei	0
K1 Skog-/krattbevokst fattigmyr	0
K1c Pors-utf	0
K2 Fuktig tuemyr	0
K2b Røsslyng-kysthei-utf	0
K3 Fuktig fastmattemyr	0
K3a Klokkelyng-rome-utf	0
K4 Fuktig mykmatte/løsbunnmyr	0
K4a Mykmatte-utf	0
K4b Løsbunn-utf	0
K4c Høystarr-utf	0
L3 Intermediær mykmatte/løsbunnmyr	0
L3a Mykmatte-utf	0
L3b Løsbunn-utf	0
L4 Høystarrmyr	0
L4a Flasketarr-trådstarr-utf	0

M2 Middelsrik fastmattemyr	0
M3 Ekstremrik fastmattemyr	0
M3a Brunskjene-nebbstarr-utf	0
M4 Rik mykmatte/løsbunnmyr	0
M4a Mykmatte-utf	0
M4b Løsbunn-utf	0
N3 Sig-vegetasjon	0

<b>Bruksmåter</b>	<b>Dagens bruk</b>	<b>Tidligere bruk</b>
Beite	Sau og storfe på lyngbeite	Husdyrbeite

<b>Markegenskaper</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>	<b>%-andel</b>
Jordfuktighet	Fuktig 10	Vekselfuktig 30	Frisk 30	Tørr 30
Baserikhet	Fattig 20	Intermediær 60	Rik 20	
Næring	Fattig 20	Intermediær 60	Rik 20	

#### **Arter**

Røsslyng, Dvergsmyle, Kattefot, Engstarr, Loppestarr, Fjelljamne, Buntsivaks, Purpurlyng, Klokkelyng, Breiull, Brunskjene, Dvergjamne

## Natterhukmyr-Ytre Holmavatn

<b>LokalitetsID:</b>	217
<b>Kartblad:</b>	1113 II
<b>UTM:</b>	KL 857-880, 673-697
<b>Kommune(r):</b>	KARMØY, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Kystlynghei, kystmyr
<b>Naturtyper:</b>	Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystlynghei, Kystmyr,
<b>Tilstand:</b>	God hevd
<b>Verdi:</b>	A Svært viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Sterkt oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	19.09.2007
<b>Inventør(er):</b>	Anders Lundberg

### Lokalitetskarakteristikk

I nord er området avgrensa av Burmavegen, i vest av grusvegen frå Burmavegen sør til Indre Holmavatnet. Grensa går derifrå langs nordsida av Indre Holmavatnet til nordenden av Humrvatnet og vidare langs nordsida av plantefeltet i den nordvestre enden av Hilleslandvatnet og frå sørrenden av dette plantefeltet nordaust til Dalsvatnet og derifrå nord til Burmavegen. Grensa mellom Dalsvatnet og Stiglene er markert med steingarden som dannar grensa mellom Tjøstheim (vest) og Dale (aust). Det grensar i aust til området Blikshavn-Hovdastad-Dale-Tjøstheim, som er omtalt over. Grensa mellom dei to går grovt sett langs eit markert bergartsskille, mellom ei sone med gabbro (aust) og ei sone med granittiske bergartar i vest. Desse høyrer til den såkalla Vest-Karmøy eruptivkompleks og er bygd opp av harde sure bergartar, i sterkt kontrast til den mjukare og meir lettøyselege bergarten gabbro som dominerer i aust. Dei to områda er begge dominerte av kystlynghei i veksling med myr, men forskjellen i berggrunnen gjer at vegetasjonen blir heilt ulik i dei to områda. Dei er derfor komplementære og utfyller kvarandre, men kan ikkje erstatte kvarandre når det gjeld å ta vare på biologisk mangfald. Jordmonet er skrinn lyngpodsol, utvikla over eit tynnt morenedekke. Vegetasjonen og det biologiske mangfaldet i området er nært knytta til eigedoms- og brukshistoria. Området utgjer ein del av utmarka til garden Tjøstheim. Dei langs eteingardane i området er viktige for å forstå den historiske arealbruken og vegetasjonen som er utvikla i etterkant av den. Steingarden mellom Tjøstheim og Dale mellom Dalsvatnet og Stiglene er alt nemnt. Frå Dalsvatnet går ein annan steingard vestover og endar i Humrvatnet. Truleg markerer denne steingarden skillet mellom dei gamle kubetene (på sørsida av steingarden) og dei gamle sauebeitene (på nordsida av steingarden). Kuneset på nordvestsida av Dalsvatnet markerer kor eit av dei gamle kubetene låg. Slike "smalagardar" var i bruk på dei fleste gardane på Karmøy og blei sette opp på 1700- og 1800-talet. Utmarkene i området var også særskilt viktige som torvmyrer og dei mange namna på myrene i området indikerer dette. På nordsida av smalagarden finn ein såleis namn som Håkådalen, Skåremyra, Stiklemyra, Natterhukmyra, Gamlamyra, Prestmyra og Kyrkjemyra. På sørsida av smalagarden finn ein Åkramyra. Vegetasjonen me finn i området er i stor grad prega av den gamle bruken. I dei gamle utmarksbeitene dominerer lynghei i ulike utformingar, i dei gamle torvmyrere finn me ei rad ulike myrtypar med tilhøyrande plante- og fugleartar, insekter osb. Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av ulike typar kystlynghei, som kler små knausar og haugar i landskapet, i veksling med små dalmyrer i sokka mellom knausane. Mens næringskrevjande og artsrike utformingar er dominante i det tilgrensande området i aust, dominerer her nøyssame og artsfattige utformingar. Desse utgjer ein viktig del av variasjonsbreidda i det vestnorske lyngheisystemet og dei er godt utvikla her. Lyngheiene er dominerte av røsslyng, men med ei rekke andre artar som pors (som forsyner jorda med nitrogen, ein viktig byggestein for alle andre planter), rome, øyrevier, blåtopp og gullris. I torvvegane veks ein del ryllsev. Myrene er dominerte av ulike artar starr, flaskestarr, slåttestarr, trådstarr og andre, og dessutan knappsev, pors, klokkeleng, myrfiol, bukkeblad og kysttjønnaks, for å nemne nokre typiske. Også myrere er godt utvikla i området.

### Kulturspor

Området har til alle tide vore sentral for den lokale økonomien og var det fram til om lag 1950. I det trelause kystlandskapet var folk avhengig av tilgang på brensel, til oppvarming og matlagning, og den viktigaste kjelda til brenne var torv i myrene. Dette området var særskilt viktig i så måte, ikkje berre for gardsbruka som eigde grunnen, men også folk folk andre stader på Karmøy som ikkje hadde eigne torvmyrer. Fleire gamle torvvegar er framleis lett synlege og intakte. Ein av dei går frå nordenden av Humrvatnet og om lag ein kilometer nordover. Ein annan går frå Burmavegen og sørvestover, med start ved ammunisjonslageret og derifrå vestover til

Sandvatnet. Torvvegane er viktige kulturminne som på ein fin måte illustrerer korleis utmarksareala her var ein nødvendig og sentral del av økonomien i lokalsamfunnet.

#### Tilstandsbeskrivelse

Området er 100 % fritt for planteskog. Ein stor del av lyngen er gammal og grovvokst og er moden for brenning. Elles er hei- og myrvegetasjonen godt intakt.

#### Verdivurdering

Kystlyngheia er stor, velutvikla og godt intakt. Fråværet av planteskog gjer at det ikkje er oppslag av unge bartre. Området er representativt for fattigutformingar av kystlynghei og kystmyr og begge hovudgruppene er særskilt godt utvikla. Området har derfor svært høg verdi, klasse A.

Naturtype	Utforming	Arealandel(%)
D07 Kystlynghei	D0701 Tørr lynghei	0
D07 Kystlynghei	D0702 Tørr gras-urterik hei	0
D07 Kystlynghei	D0703 Fuktig lynghei	0
D07 Kystlynghei	D0704 Røsslyng-bjønnkamhei	0
A08 Kystmyr	A0803 Jordvannsmyr	50

Vegetasjonstype	Arealandel(%)
H1 Tørr lynghei	0
H1a Røsslyng-utf	0
H1b Purpurlyng-utf	0
H1e Røsslyng-heigråmose-lav-utf	0
H2 Tørr gras-urterik hei	0
H2a Fattig utf	0
H2b Rikere utf	0
H2c Purpurlyng-utf	0
H3 Fuktig lynghei	0
H3b Røsslyng-purpurlyng-utf	0
H3c Klokkelyng-rome-bjønnskjegg-utf	0
H3e Pors-rome-blåtopp-utf	0
H3f Bjønnskjegg-utf	0
H3g Blåtopp-utf	0
H3h Kornstarr-utf	0
H4 Røsslyng-bjønnkamhei	0
K1 Skog-/krattbevokst fattigmyr	0
K1c Pors-utf	0
K2 Fattig tuemyr	0
K2a Røsslyng-dvergbjørk-utf	0
K2b Røsslyng-kysthei-utf	0
K3 Fattig fastmattemyr	0
K3a Klokkelyng-rome-utf	0
K4 Fattig mykmatte/løsbunnmyr	0
K4a Mykmatte-utf	0
K4b Løsbunn-utf	0
K4c Høystarr-utf	0

Bruksmåter	Dagens bruk	Tidligere bruk
Beite		Husdyrbeite

Markegenskaper	%-andel	%-andel	%-andel	%-andel
Jordfuktighet	Fuktig 30	Vekselfuktig 40	Frisk 20	Tørr 10
Baserikhet	Fattig 90	Intermediær 10	Rik 0	
Næring	Fattig 90	Intermediær 10	Rik 0	

#### Arter

Solblom, Dvergbjørk, Røsslyng, Engstarr, Purpurlyng, Klokkelyng, Breiull, Pors, Strandkjempem

## Falnes

<b>LokalitetsID:</b>	218
<b>Kartblad:</b>	1113 II Skudeneshavn
<b>UTM:</b>	KL 882-884, 621-625
<b>Kommune(r):</b>	KARMØY, ROGALAND
<b>Hovedtype landskap:</b>	Slåtteng-beite
<b>Naturtyper:</b>	Slåttemark, Tangvoll, Kilder og kildebekker,
<b>Tilstand:</b>	God hevd
<b>Verdi:</b>	B Viktig
<b>Vegetasjonssone:</b>	Boreonemoral
<b>Vegetasjonsseksjon:</b>	Sterkt oseanisk
<b>Undersøkt:</b>	06.08.2007
<b>Inventør(er):</b>	Anders Lundberg

### Lokalitetskarakteristikk

Området dekker halvøya mellom Beiningen i sør og Laksaskjer i nord. Berggrunnen er spesiell, og hører til det såkalla Skudenesholm-komplekset. Her er han bygd opp av konglomerat, opphavleg samankitta stein grus, sand og havslam avsett i eit grunthav i den geologiske perioden som blir kalla ordovicium for om lag 450 millionar år sia. Desse sedimentære bergartane dekkja i si tid heile Karmøy (eller det som seinare skulle bli Karmøy). Det meste er likevel tært bort seinare og det er berre restane på den søraustre delen av Karmøy som er igjen. Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av grasmark, i dag helst brukt til beite, men delar av dette har tidlegare vore nytta som slåtteng. I grasmarka inngår artar som gulaks, englodnegras dvergsmyle og knegras, saman med urter som jordnøtt, tettegras, rome, blodtopp (som har hovudtyngda si i Noreg i Karmøy), ryllik, kystmaure, blåklokke (lokalt talrik), tiriltunge og grasstjerneblom.

### Kulturspor

Beite, slått og steingardar.

### Tilstandsbeskrivelse

Dei siste åra har bruken vore ekstensiv og beitetrykket kan gjerne aukast noko. Ingen teikn til forbusking.

### Verdivurdering

Viktig område med variert slåttemark/beitemark og talrik førekommst av sjeldsynt artar.

<b>Naturtype</b>	<b>Utforming</b>	<b>Arealandel(%)</b>
D01 Slåttemark	D0107 Frisk/tørr, middels baserik eng	70
G06 Tangvoll	G0603 Flerårig gras/urtetangvoll	5
A06 Kilder og kildebekker	A0601 Lavlandskilde	10

### Vegetasjonstype

	<b>Arealandel(%)</b>
G14 Frisk, næringsrik gammeleng	0
G7 Frisk/tørr middels baserik eng i lavl	0
H1 Tørr lynghei	0
V2 Flerårig gras/urte-tangvoll	0
